

«Fred byrjar i heimen» – ei etnografisk undersøking
av ein kvinneorganisasjon som arbeider med fred i
Bogota, Colombia

AMALIE DALLAND SENNESET

RETTLEIAR
Hanne Haaland

Universitetet i Agder, 2019
Fakultet for samfunnsvitenskap
Institutt for global utvikling og samfunnsplanlegging

Master

Abstrakt

I ein post-konflikt situasjon som Colombia finn seg sjølv i, arbeidar SPK med ei bevestigjering i kvinner og deira potensiale for å gå inn i lokalpolitikken. Denne oppgåva går nærare inn på kva fredsarbeid betyr i alle sine forskjellige former, men og korleis arbeidet lokalt er knytt opp til ein offeridentitet. Inspirert av Dorothy Smith og institusjonell etnografi ser eg på kva som kan verka styrande i arbeidet til organisasjonen og spesielt på rolla til økonomiske støttespelarar som kan verka styrande. Ord som «empowerment» og «fredsbyggjar» som ein finn i bruk hos både SPK, men og generelt i diskursen rundt kvinner og fred vert sett på i ein lokal kontekst. Det kjønnelege aspekt i fredsarbeid vert diskutert, med eit fokus på mannens fråver i denne prosessen.

Nøkkelord: Kjønn, kvinner, menn, fredsarbeid, offer, fredsbyggjar, utvikling, NGO

Abstract

In the post-conflict situation that defines Colombia, SPK works to raise women's awareness (or works to make women conscious) of their own potential to contribute to local politics. This paper examines the meanings of peace work in all its shapes and forms, but also how this work is connected to a victim identity. Inspired by Dorothy Smith and institutional ethnography I examine what can control the work in the organization, with a particular eye on the role of financial supporters. Words as «empowerment» and «peace builder» are used both in SPK, but also in the general discourse around women and peace. The gender aspect in peace work is discussed, with a focus on the absence of men in the proses.

Key words: Gender, women, men, peace work, victim, peace builder, development, NGO

Anerkjenningar

Eg vil takke SPK for at dei inkluderte meg i arbeidet deria. Det var fantastisk å få vere med på dei aktivitetane dei hadde, og lære menneska som arbeidde der å kjenne. Fellesskapet dei har laga der følest varmt, unikt og noko ein alltid kan kome tilbake til. Det er eg takknemleg for.

Eg vil takke min rettleiar Hanne Haaland. Det var ei gåve å kunne diskutere min aktuelle problematikk med ein forskar som har erfaring med regionen, som snakker spansk og som ikkje minst synest at dette temaet kanskje er like spennande som meg. Ditt engasjement for forskning smittar, og di tru på prosjektet gjorde det til slutt mogleg for meg å levere masteroppgåva.

Eg vil takke vener som har lese korrektur, og som har vore villige til å diskutere temaet med meg ved fleire høve. Lisa Yvonne Mele, Maren Gulowsen, Karianne Gundersen, Karoline Flaate og Mathilde Helgesen har vore ivrige samtalepartnarar som eg har snakka med om alt mogleg relatert til både feltarbeid og master. Eg vil i tillegg takke Jose Lara og Amira Bustamente for hjelp med oversetting, men òg diskusjonar rundt kulturelle kodar.

Til slutt vil eg takke mor mi Annbjørg Dalland, mitt nynorskorakel, som har lese korrektur i fleire veker opp mot frist for innlevering av oppgåva.

16. desember 2019

Amalie Dalland Senneset

Innhald

1	Introduksjon.....	6
2	Teoretisk rammeverk.....	9
2.1	Ontologisk og epistemologisk utgangspunkt.....	10
2.1.1	Etablerte maktmønster	11
2.1.2	Kvinner sin ståstad.....	11
2.1.3	Arbeid, translokale relasjonar og styringsrelasjonar.....	12
2.1.4	Tekst og styringsrelasjonar	13
2.1.5	Definere omgrep.....	13
3	Kontekstualisering av konflikten i Colombia og ein gjennomgang av relevante omgrep	14
3.1	Post-konflikt, FN-resolusjon 1325 og kvinner og fred.....	16
3.2	Kvinner som offer?	18
3.2.1	Vestleg feminisme og den «andre»	19
3.2.2	Stereotypiar.....	20
3.2.3	Mannen.....	21
3.2.4	Handlingsrommet.....	23
3.2.5	Kjønn som praksis og koordinert aktivitet.....	23
3.2.6	Kjønn i utviklingsdiskurs	24
4	Metode	25
4.1	Metodisk design	25
4.2	Feltarbeid.....	26
4.2.1	Tilgang til felt og organisasjon.....	26
4.3	Problemstilling – før og etter	27
4.4	Forskaren sin ståstad og «objektiv forskning»	29
4.5	Metodar for datainnsamling.....	31
4.5.1	Deltakande observasjon.....	31
4.5.2	Feltnotat.....	32
4.5.3	Intervju.....	32
4.5.4	Transkribering	33
4.5.5	«Chinos» og språkutfordringar	33
4.5.6	Tekst.....	34
4.6	Analyse av empiri	35
4.7	Avgrensingar	35
4.8	Etiske	36
5	Empiri og analyse.....	37
5.1	Organisasjonen (SPK).....	38

5.1.1	SPK, Barnehuset og Fasol og utvikling frå tradisjonelle kurs til politikk.....	38
5.1.2	SPK si historie.....	39
5.1.3	Bydelen.....	40
5.1.4	Aktivitet på senteret	41
5.1.5	Arbeidsstruktur, rekruttering, evaluering og økonomi	41
5.2	Kurs – politisk deltaking.....	44
5.2.1	Nuqleo.....	46
5.3	Frykt.....	48
5.3.1	Utryggleiken normalisert og internalisert.....	51
5.3.2	Kontroll	51
5.3.3	Vald som ein del av fattigdom.....	52
5.4	Transformasjon	53
5.4.1	Offer	54
5.4.2	Fredsavtalen og offer.....	57
5.4.3	«Empowerment» og forståing av andre omgrep i utviklingsdiskurs	58
5.5	Healing	60
5.5.1	Sjølvspleie, kunsterleg uttrykk og fredsarbeid.....	61
5.5.2	Felleskap, men og deltaking som noko skjørt	67
5.6	Arbeidet rundt fred.....	70
5.6.1	Fredsbyggjar	70
5.6.1	1325.....	72
5.6.2	Kurs og aktivitet	73
5.7	Kjønn.....	74
5.7.1	Er menn berre machistos?	76
5.8	NGO sin påverknad	78
5.8.1	Bruk av sosiale medium	80
5.8.2	Analyse av den sosiale situasjonen i bokform.....	81
6	Oppsummerande kommentarar.....	82
7	Kjelder.....	83
8	Vedlegg	88

Akronym og forkortingar:

Agulas Negras: Paramilitær gruppe/bande

BBC mundo: Spansktalande nettavis

FARC: Fuerzas Armadas Revolucionarias de Colombia eller Colombias revolusjonære væpna styrkar

CARE: Cooperative for Assistance and Relief Everywhere

DDR: Disarmament, demobilization and reintegration

ELN: Ejercito de Liberacion Nacional eller National Liberation Army

ELP: Ejercito popular de Liberacion eller folkefrigjeringshæren

Fasol: solidariske familiar

FN-sambandet: Norsk uavhengig informasjonsorganisasjon

FN-resolusjon: ein formell tekst vedtatt av eit FN-organ

FOKUS: Forum for kvinner og utviklings spørsmål

IE: institusjonell etnografi

INGO: International Non-government Organisation

LHBTI: lesbiske, homofile, transpersonar og interkjønnpersonar

Machismo: spansk ord som beskriver stereotypiske overdrevne maskuline trekk

Marinismo: eit aspekt ved den ei stereotypisk kvinneleg kjønnsrolle

M-19: Movimiento 19 de abril eller 19 april bevegelsen

NGO: Non-Governmental Organization

Norec – Eit norsk forvaltningsorgan som legg til rette for utveksling av mennesker mellom Norge og land i Afrika, Asia og Sør-Amerika.

Norad: Direktoratet for utviklingssamarbeid

NSD: Norsk Senter for forskningsdata

Oxfam: Oxford Committee for Famine Relief

Scanteam: konsulentfirma

Semana: Colombiansk nettavis

SPK: Senter for promotering og kultur

PRIO: Peace Research Institute Oslo

UN: United Nations

UNSCR: United Nations Security Council Resolutions

UN Women: entity for Gender Equality and the Empowerment of Women

Uber: transportnettverkselskap

WhatsApp: ei chatteteneste

1 Introduksjon

«Fred byrjar i heimen», sa ein av informantane mine då eg var på besøk. Ho hadde henta meg utanfor barnehuset, og saman spaserte vi ned til det toetasjers huset hennar der ho budde åleine. Ei skikkeleg «abuela» (bestemor) som eg hadde lært å kjenne over eit par månader, som alltid tok godt tak i meg, klemde meg og sa det var kjekt å sjå meg igjen. Ho som mange andre eg møtte på feltarbeid, uttrykte bekymring for framtida til Colombia, ei framtid som forhåpentlegvis er utan konflikt.

Fredsavtalen mellom geriljagrappa FARC (Fuerzas Armadas Revolucionarias de Colombia eller på norsk Colombias revolusjonære væpna styrkar) og regjeringa i Colombia vart vedtatt i 2016. Sjølv om avtalen først vart nedstemt av folket med knapp margin, skapte dette ei forventning om at fred var mogleg. Dette var eit steg mot å kunne få leve liva sine i fred, sjølv om vegen dit enno var lang. I Bistandsaktuelt, eit norsk fagblad for utvikling på nett, kan ein følge diskusjonen rundt nettopp fredsavtalen og synspunkta til forskarane og fagpersonane som arbeider med kvinner og utvikling.

Fredsavtalen blir sett på som progressiv og unik i verda nettopp fordi han tar større omsyn til kvinner og LHBTI (lesbiske, homofile, transpersonar og interkjønnpersonar), hevdar Gro Lindstad, dagleg leiar i norske FOKUS (Forum for kvinner og utviklingsspørsmål). På den andre sida seier Henrik Wiig, samfunnsøkonom og spesialist på rural utvikling i Colombia, at såkalla «kjønnspråk» framprovoserte colombiansk nei til fredsavtale (2018). «Ordet «kvinne» og LHBTI ble strødd i teksten over 200 ganger uten at den ga noe mer til avtalens innhold» (Wiig, 2018). Debatten mellom Lindstad og Wiig kan vise litt av den problematikken som er interessant i masteroppgåva mi. Kven er det som har defineringsmakt, og korleis snakkar ein rundt kvinner og fredsarbeid? Wiig tar fredsavtalen sitt første nei som nok eit døme på kvifor aktivisme og politikktutforming er to forskjellige arenaer som burde haldast åtskilte. «Det blir feil å overlata et avgjørende sted for tekstutforming i en fredsavtale til en gruppe aktivister med snever målsetning; å være seg kvinner, urfolk eller andre interessegrupper» (Wiig, 2018). Lindstad svarer at «Wiig er kritisk til at colombianske kvinneaktivistar har hatt stor innvirkning på lovprosesser. Kvinner er beskrevet som en særinteressegruppe. Det er de ikke! Kvinner er 50 prosent av befolkninga» (2018). Det er ikkje nødvendigvis kven som har rett av desse to som er det interessante, men heller korleis diskursen rundt kvinner og fred går føre seg. Begge arbeider med Colombia og fred på kvar sin måte og har ei form for

formidlingsmakt gjennom dette. Dei to viser ulike perspektiv som er viktige å ha med seg vidare i debatten rundt kvinner og fred. Wiig arbeider med landreformer, som eg vil vise seinare er ein stor del av grunnen til at det i heile tatt er konflikt i Colombia. Lindstad arbeider i ein organisasjon som arbeider nært med og støttar økonomisk kvinneorganisasjonar i Colombia rundt tema som vald mot kvinner, seksuell og reproduktiv helse og rettar og kvinner, fred og tryggleik (u.å). Latin-Amerika vert rekna som eit kontinent der kvinner er særleg utsette for vald. Kampanjar som «Ni una menos» i Argentina set lys på kjønnslikskapkampen og vald mot kvinner, og denne kampanjen har blitt spreidd til andre land i regionen. 14 av 25 land med dei høgaste tala på «femicidier» (drap av kvinner) ligg i Latin-Amerika (UN, 2018).

Gjennom nettavisene BBC Mundo (2016) og lokale Semana (2016) som intervjuar colombianarar på begge sider av fredsavtalen, kjem det ikkje nødvendigvis fram at kjønnspektivet er grunnen til at dei stemde nei. Dette er relevant fordi det er interessant å sjå om det finst forskjellar mellom korleis ein snakkar om fred og fredsavtalen på eit diskursnivå med forskarar og korleis colombianarane sjølve snakkar om det. I dei nemnde intervjuar kjem det fram at det er frykt for å la FARC reintegrerast i samfunnet. Nokre meinte FARC kom for lett unna med krigsforbrytingar, mens andre var politisk ueinige med tidlegare president Santos som var forkjempar for avtalen (Semana, 2016). Vidare ser ein at berre 40 prosent av befolkninga faktisk stemde (BBC Mundo, 2016). Dei som stemde ja kjem frå område som har vore mest prega av krig (BBC Mundo, 2016). Dette inkluderer også hovudstaden Bogota (Semana, 2016). Innlandet og dei områda ein kan seie ikkje har opplevd krigen på nært hald, stemde nei (Semana, 2016). I følgje BBC Mundo, er alle dei har spurt einige om at dei vil ha fred, men er ueinige i korleis dei skal gå fram for å oppnå han (2016).

I eit intervju med Inger Skjelsbæk, kjønns- og fredsforskar ved vart ho spurt av Cindy Horst: Kva betyr eigentleg fred for deg? (Horst, 2018). Ho svarer at Fred vert definert som fråvær av krig, men er det ikkje meir enn det? Vidare refererer Skjelsbæk til Johan Galtung, anerkjent fredsforskar, som har sagt at vi fokuserer meir på konflikt enn vi gjer på fred. Galtung har òg sagt at ein ikkje kan få berekraftig fred ved å fokusere på konflikt. Det å kome frå krig til fred kan vere ein utfordrande prosess. Skjelsbæk seier ein bør sjå meir på korleis folk har det. For kva vil det seie å ha fred i eige liv? Ho seier vidare at krig endrar kjønnsrelasjonar og at etter krig går ein ofte tilbake til dei tidlegare rigide kjønnsrollene fordi dei representerer ei form for tryggleik. Mange kvinner kan også ende opp med å bere våpen i eit post-konflikt-samfunn. Dette gjer dei for å oppretthalde tryggleik i ein usikker situasjon. Skjelsbæk spør difor om kva

slags rom er skapt etter konflikt for forskjellige folk? Kva historiar vert dei tilbodne om kven dei er, kven dei var og kven dei burde vere i framtida? (Horst, 2018).

Nettopp dette rommet som er skapt etter konflikt, var det eg hadde til hensikt å utforske i ein lokal kvinne- og barneorganisasjon i Bogota. Organisasjonen Senter for promotering og kultur eller SPK (SPK, u.å) som eg har valt å ta utgangspunkt i masteroppgåva mi, skriv at dei arbeider med kvinner som er offer av konflikten. Dei ønskjer å drive kapasitetsbygging og gje kvinner verktøy slik at dei kan delta aktivt i arbeidet for fred. Kvinnene skal verta fredsbyggjarar. Det er også sentralt i masteroppgåva mi, og eg spør kva form tar denne reisa frå offer til fredsbyggjar? Korleis kjem kvinnene til organisasjonen, og kven er det som kategoriserer dei som offer? Kvinnene sine erfaringar med SPK er viktige, men òg korleis kursa vert bygde opp rundt dei. I tillegg vert det relevant å sjå kva som verkar styrande for arbeidet til SPK. Norske FOKUS støttar blant anna lokale grasrotbevegelsar i deira fredsarbeid i Bogota. På nettsida til organisasjonen skriv dei at «FOKUS samarbeider med organisasjoner i Colombia om å fremme kvinners krav og behov i freds- og forsoningsarbeid» (u.å). FOKUS er min inngangsport til feltarbeidet, men er ikkje mitt hovudfokus i oppgåva. Derimot er det interessant å forstå korleis dei formar arbeidet til SPK og på kva måter det kan påverke arbeidet til organisasjonen.

Her passar det inn å få fram korleis eg er inspirert av institusjonell etnografi (IE) for feltarbeidet mitt. Sosiologen Dorothy Smith har vore oppteken av at sosiologien må vere for folket og ikkje om folket. Gjennom å la meg inspirere av IE ønskjer eg å trengje bak dei omgrepa som vert brukte og verkeleg forstå kva som skjer i SPK, ein ikkje-statleg organisasjon, såkalla NGO (Non-Governmental Organization) i Bogota. Omgrep kan få eigne liv, men også tekst kan verka styrande for folk sine handlingar. Nettopp dette gjer at IE kan vere ein fin inngang til å arbeide med NGO-ar og utviklingstematikk. Det å starte i relasjonar og starte lokalt var noko eg lærte gjennom studiet mitt i sosialantropologi. IE som inngangsport gjer at ein snur og vendar på ting på ein annan måte. Omgrep som «empowerment», myndiggjering, offer kan verta brukte ukritisk på generelt grunnlag utan å eigentleg vite kva som ligg i dei. Vi er nøydde til å forstå desse omgrepa i kontekst. Smith viser til korleis tekst kan verka styrande, og det er svært relevant i utviklingsfeltet, fordi det ligg allereie eksisterande diskursar om menneskerettar, kjønn og myndiggjering som kan leggje føringar for pengebruk og handling. Eg har latt meg inspirere av feministiske tenkjarar som kritiserer bruken av kvinner som kategori fordi det fører med seg ei essensialisering og

forenkling av det som skjer i verkelege menneske sine liv. Gjennom feltarbeid ser ein på kva folk faktisk gjer. Som Dorothy Smith seier bør ein byrje i ein «problematic in eveyday life» (2005). I eit ønske om å finne ut kva som inngår i fredsarbeid, kva form det tar, vil eg sjå på kva folk gjer og korleis dei snakkar om det dei gjer i denne lokaliteten. De vil òg kunne sjå ei forenklinga i forståinga av mannen, som eg vel å setje lys på ved bruk av antropologen Matthew C. Gutmann (1996). Gjennom feltarbeidet hans frå Mexico ser vi at mannen er meir enn den stereotypiske machismo. Dette leier meg fram til problestillinga mi for denne masteroppgåva:

«Korleis arbeider ein lokal organisasjon i Bogota med kvinner og fredsarbeid i ein post-konflikt-situasjon?»

Gjennom eit etnografisk feltarbeid av SPK har eg utforska korleis kursa har vore stukturerte, kva som inngår i planlegginga av dei, men òg korleis dei har påverka individa i organisasjonen. Det har under feltarbeidet kome fram aspekt som er viktige for å gje eit heilskapleg bilete av organisasjonen. Eg vil difor stille nokre underspørsmål:

- Korleis fungerer transformasjonsprosessen?
- Kva omgrep brukar dei sjølv, versus diskursen og korleis vert dei brukt?
- Korleis vert kjønn som eit relasjonelt aspekt inkorporert?
- Kan forholdet til NGO-ar verka styrande for SPK sin praksis?

I det neste kapittelet vil eg gi ein inngang til det teoretiske rammeverket for oppgåva, med særleg hovudvekt på kva ein IE-inspirasjon gir med tanke på tilnærming, ståstad og utgangspunkt for analyse. Når det gjeld det viktige i å byggja på erfaringer frå eit kvardagsliv, vil eg i kapittel tre først kontekstualisere Colombia og deretter noko av dei akademiske diskursane omkring kvinner, konflikt og fredsarbeid. I kapittel fire skriv eg om metode, mens i kapittel fem vil eg ta føre meg analyse av empiri som eg har samla inn i Colombia.

2 Teoretisk rammeverk

Som forskar ser ein på korleis det sosiale livet vert levd. Denne rolla inneber ei form for makt i korleis og kva situasjonar ein vel å trekkje inn for å setje lys på temaet sitt. Det er kvardagsliv som står i fokus i denne oppgåva. Det er ikkje nødvendigvis for å forklare kvardagslivet til kvinner i ein bydel i Bogota. Kvardagslivet vert sett på som eit utgangspunkt,

fordi det er der vi ser kva folk faktisk gjer. Det er dette fokuset på kvardagsliv som skal gjere at ein sikrar at ein held seg verande i det empiriske. Ein bruker teori som ein guide for å forstå korleis ting er sett saman, men alltid med ei forankring i det faktiske levde liv, slik som ein gjer i antropologi. I følgje Widerberg må vi «tørre å sette alle disse teoriane, begrepene og forestillingene til side ...» (2015, s. 14). «Gjør vi ikke det, reproduserer vi bare det vi allerede vet, og bidrar derved også til å reproducere det samfunnet vi har i dag» (Widerberg, 2015, s. 14). Det kjennest nakent på eit vis, å skulle leggje til sides omgrepa. Gjennom antropologien, sjølv om ein byrjar empirisk, har eg tatt føre meg eit omgrepsapparat som kjennest trygt, i den forstand at eg kan bruke desse for å forklare den sosiale verkelegheita. Eg vel å rette blikket mitt annleis, tvinge meg sjølv til å sleppe omgrepa og heller sjå korleis dei vert brukte i diskursen rundt kvinner og fred, men også i organisasjonen som arbeider lokalt. Det påverkar altså korleis eg spør, men også kva eg ser etter. Ved å endre korleis eg ser og kva eg ser etter i situasjonar, håper eg å unngå nokre av desse problema og dilemma vedkomande kunnskapskrav, altså kva ein kan seie noko om (Widerberg, 2015, s. 14).

Masteroppgåva er som allereie nemnt gjennomført med ein inspirasjon av metodologien institusjonell etnografi (IE) til Dorothy Smith. Han blir ikkje gjennomført i si «reinaste» form, men eg har prøvd å knytte denne utforskingismetodologien opp i alle fasar av arbeidet mitt. Institusjonell etnografi er ein framgangsmåte der oppdaging for å bidra til endring står sentralt (Widerberg, 2015, s. 14). Noko av teorien er for å vise til korleis det er tenkt ontologisk og epistemologisk med Dorothy Smith. Vidare ser eg på korleis kvinner vert omtalt i internasjonale organisasjonar og korleis kvinner og utviklingsarbeid vert studert av forskarar som Andrea Cornwall (2008, 2007) og Chandra T. Mohanty (1988). I tillegg ser eg på korleis kjønn vert relevant i ein krigskontekst, som fredsforskar Wenche I. Hauge skriv om. Eg har valt å ha med litteratur rundt diskursen om kvinner og fredsarbeid. Det gjer eg ikkje nødvendigvis for å knytte dette til den empirien eg har funne, men for å vise kva diskurs den lokale organisasjonen er plassert i, korleis dei kan bidra til og verta påverka av denne diskursen.

2.1 Ontologisk og epistemologisk utgangspunkt

Det er viktig å gjere greie for ontologiske og epistemologiske utgangspunkt i forskinga. Widerberg skriv at «valg av metode betyr derimot at forskeren foretar et valg av menneskesyn (ontologi) og syn på kunnskapsproduksjon (epistemologi)» (2015, s. 14-15). Menneskesynet som er sentralt for IE, er ei forståing av at mennesket er eit grunnleggjande sosialt vesen

(Widerberg, 2012, s. 15). Vi er laga for å vere sosiale og er i stadig aktiv samhandling med omverda.

Med et slikt menneskesyn følger naturlig nok en bestemt forståelse av kunnskapsproduksjon, både av den som skjer i hverdagen, og av hvordan vi som forskere bør gå frem for å produsere kunnskap om denne hverdagen for å få kunnskap om samfunnet. (Widerberg, 2015, s. 15)

Det er akkurat i kvardagslivet der samhandling mellom menneske skjer, ein må starte.

2.1.1 Etablerte maktmønster

Dorothy Smith sitt startpunkt handlar på mange måtar om at det sosiale vert beskrive frå det styrande sitt perspektiv (Bygnes, 2011, s. 187). Ho meiner at sosiologien inneheld skjulte maktelement. Smith hevdar at ved å gjere sosiologi på ein spesiell måte gir forrang til allereie etablerte tenkjemåtar slik at desse maktmønster vert oppretthaldne (Smith, sitert i Bygnes, 2011, s. 187). Smith meiner at i «mainstream» sosiologi må menneske vike for omgrepa (Smith, 2005, s. 49), og at det i omgrepa ligg noko ein påfører empiri. I staden for å byrje teoretisk, argumenterer ho for å byrje i det sosiale, nemleg i menneska sine kvardagsliv. Vidare meiner Smith at den etablerte sosiologien tenkjer og skriv om samfunnet på ein viss måte ut frå maktrelasjonar som forskarane sjølv er ein del av (Bygnes, 2011, s. 187). Dette kan igjen seie at menn sin privilegerte posisjon avgrensar sosiologien sin måte å undersøkje kvinner sine opplevingar på (Smith i Bygnes, 2011, s. 187). Ho meiner at ved å gjere sosiologi på ein viss måte, reproducerer ein berre allereie etablerte tenkjemåtar, slik at desse maktmønster vert oppretthaldne. Smith ville difor lage ein annan måte å gjere forskning på, ein utforskingmetode som startar i kvardagslivet til menneske ein er interesserte i. Gjennom institusjonell etnografi hevdar Smith at ein kan synleggjere kreftene som formar kvardagslivet til folk (2005).

2.1.2 Kvinner sin ståstad

Smith utvikla institusjonell etnografi etter å ha vore aktiv i kvinnebevegelsar på 60- og 70-talet der ho hadde sett kva verdi dei legg i kvinner sine erfaringar (2005, s. 8). Ho er ikkje einig i at det nødvendigvis er kvinner sin ståstad som sit med heile «sanninga» og går difor imot at kvinner sine erfaringar har spesiell autoritet då det ikkje tar med forskjellar knytt til rase, klasse eller variasjonar av kjønn (Smith, 2005, s. 8). Smith såg at kvinnebevegelsen sine

antakingar om kvinner, fekk kritikk frå andre kvinner som ikkje var ein del av den kvite middelklassen ho var ein del av. Deira antakingar, deira røyndom passa nødvendigvis ikkje med andre kvinner si erfaring. Den teoretiske utfordringa med kvinner sin ståstad er den påståtte essensialiseringa av kvinner (Smith, 2005, s. 9). Essensialisering betyr i denne samanhengen at ein antar at kategorien «kvinner» har felles definerande attributtar. Sjølv om dette har vore eit problem med kategorien kvinner, treng ikkje dette nødvendigvis bety at det er gjennomgåande. Som eit politisk konsept har det koordinert ein kamp mot undertrykking av kvinner (Smith, 2005). Vidare meiner Smith at det har laga ein posisjon i det offentlege som dei tidlegare har mangla (2005, s. 9). Dette gjorde at dei som var ekskluderte av feminismen sin kvite middelklassen sine krav, fekk ei opning som gjorde at dei kunne posisjonere sine krav på ein annan måte enn dei som hadde gått føre dei.

Det som starta som ein etnografi for «sosiologi for kvinner» utvikla seg til ein «sosiologi for folk».

It does not identify a position or a category of position, gender, class, or race within society, but it does establish as a subject position for institutionally ethnography as a method of inquiry, a site for the knower that is open to anyone. (Smith, 2005, s. 10)

Dette er designa for å lage eit alternativ for ein «objectified subject of knowledge» av allereie etablerte tenkjemåtar (Smith, 2005, s. 10). Smith tok som tidlegare nemnt, inspirasjon frå arbeidet sitt gjennom kvinnebevegelsen og begynte med å studere sin eigen kvardag. Her såg ho kor annleis hennar kvardag var på jobb samanlikna med hennar liv heime, i lag med familien. Ho fann at det var forskjellar i korleis dei var situerte og korleis dei situerte henne i samfunnet (Smith, 2005, s. 12).

2.1.3 Arbeid, translokale relasjonar og styringsrelasjonar

Menneske i kvardagslivet vert forstått som «knowers» i denne samanhengen (Smith, 2005, s. 9). Dei er ekspertane på eigne liv og i den verksemda dei går inn i. Det er kva dei kan seie om denne verksemda og deira «work knowledge» som er sentralt (Smith, 2005, s. 145). For Smith vert arbeid forstått som meir enn det som skjer på arbeid. Det handlar om arbeid i ei vid form (Smith, 2005, s. 151). Det kan like gjerne vere å vente i kø, ha ein samtale eller å vere stille. Det sentrale er korleis dei utfører handlingar, men også kva dei tenkjer og føler rundt det (Smith, 2005, s. 151). Det er korleis vi kan lære av dei, om deira verksemd som er viktig. For mennesket er det ikkje alltid like lett å sjå dei translokale relasjonar ein inngår i (Smith, 2005,

s. 205). Det vert difor forskaren si oppgåve å spørje og oppdage dei translokale relasjonane for å vise koplingane mellom mikro- og makronivå. Dette gjer ein ved å teikne kart ut i frå menneska sin ståstad (Widerberg, 2015, s. 16). Desse karta kan gi eit nytt bilete av samfunnet. Alle karta er like brukbare, og det eine overgår ikkje det andre. «Det er altså her ikke tale om et relativistisk kunnskapssyn, tvert imot, hensikten er å produsere sann kunnskap i betydningen av «navigerbar» kunnskap» (Widerberg, 2015, s. 16). Grunnen til at ein fokuserer på translokale relasjonar er også for å avdekkje styringsrelasjonar.

2.1.4 Tekst og styringsrelasjonar

Sosiolog Ann Christin E. Nilsen tar for seg korleis desse styringsrelasjonane kan beskrivast som objektiviterte system for kunnskap, som er bringa fram av folk sine koordinerte handlingar, men som likevel framstår som uavhengige strukturar i tid og rom (2015, s. 35). For å finne ut kva som verkar styrande for arbeidet til menneska, kan ein sjå på korleis ein bruker tekst. Tekstar spelar ei rolle i menneske sine kvardagsliv, og ein kan seie at desse har vakse fram gjennom deira samhandling og koordinering av aktivitetar (Nilsen, 2015, s. 35). Handlingar som skjer her og no er altså koordinerte med handlingar gjort av andre tidlegare, som igjen skaper institusjonelle ordningar som verkar styrande for menneska. Utgangspunktet er relasjonelt som vil seie at det er i samspelet med andre at styring skjer (Nilsen, 2015, s. 35). I det ein les ein tekst, vert denne aktivert og ein deltar i ein allereie eksisterande samtale. Ein gir teksten meining og lagar seg ei oppfatning om kva han handlar om. Ein kan også diskutere teksten med andre for å finna ut kva han betyr og korleis dei skal bruke han. Dette kallar Smith for «tekst-lesar-konversasjon» (2005, s. 104). I IE er det ikkje teksten sjølv som er det interessante, men korleis menneska bruker han, kva meining dei gir han og om teksten har konsekvensar for menneska sine handlingar.

2.1.5 Definere omgrep

Det er ikkje slik at ein skal unngå omgrep nødvendigvis, men brekke dei opp og finne ut kor dei kjem frå, kva dei betyr for menneska som brukar dei og ikkje minst kva forskaren legg i dei. Denne synleggjeringa kan kome dei som arbeider med utvikling og dei som er mottakarar av denne utviklinga, til nytte. Tatt for gitte sanningar som til dømes kvinner som enten «offer» eller «heltar», kjem ikkje alltid dei «på golvet» til nytte (Cornwall, 2007). Føremålet er å halde merksemda på det sosiale, heller enn å la kategoriar og omgrep strukturere forståinga (Smith, 2005). Det ikkje skal representere eit universelt kvinneperspektiv, men skal

skape rom slik at det vert plass til stemmene til subjekta og deira sosiale utgangspunkt (Smith, 2005, s. 24). Enkeltindividet ser kanskje ikkje sine erfaringar som ein del av eit kollektivt heile. Difor er det forskaren si oppgåve å trekkje dei store linjene og finne samanhengane og relasjonane mellom individ og samfunn (Smith, 2005 s. 1). Det vil difor i denne oppgåva vere relevant å gå inn i omgrepa og gjere greie for kva dei inneheld, noko eg vil gjere i neste kapittel. Der startar eg aller først med ei kontekstualisering av Colombia si nyare historie for å få innsikt i kva konflikten går ut på.

3 Kontekstualisering av konflikten i Colombia og ein gjennomgang av relevante omgrep

Colombia er eit land som er prega av ein over 50 år lang borgarkrig. Dei siste åra har vore definerte av korleis ein kan skape fred i eit land med 49 464 683 innbyggjarar per 2018 (FN-Sambandet, 2019) der forskjellane er store frå konservative kystområda kystområde, til rurale strøk og til dei store byane som Medellin og hovudstaden Bogota.

For å forstå korleis ein kom fram til ein fredsavtale, vert det viktig å forstå noko av nyare historie. Drapet av den populære politikaren Jorge Eliécer Gaitán, satt sette i gang ein periode av med vald som i dag er kjent som «La violencia» (Colombas historie, u.å.). I løpet av 1900-talet kjempa konservative og liberalistar om makta (FN-sambandet, 2019). Etter eit militærkupp i 1953 byrja dei å samarbeida, og frå 1957 delte dei makta mellom seg i 20 år (FN-sambandet, 2019). I dette politiske samarbeidet vart venstresida ekskludert, som igjen påverka framveksten av geriljagrupper og paramilitære grupper som til dømes FARC (FN-sambandet, 2019). Colombia har vore eit land som historisk sett har vore prega av store sosiale forskjellar, der ein elite eigde store delar av landområda. Det er i hovudsak kampen om jordfordelinga som er grunnen til at FARC vart grunnlagt (BBC, 2016). FARC var inspirerte av den kubanske revolusjonen som føregjekk på 50-talet, der dei kravde rettar og kontroll over landområde (BBC, 2016). Dette er òg ein kamp som har stått sentralt for heile den politiske venstresida i landet.

Colombia har vært prega av fire relativt store geriljaorganisasjonar. Den største og eldste er Colombias revolusjonære stridskrefter (FARC), som har vært knyttet til det kommunistiske partiet. Den nasjonale frigjøringshæren (ELN) er fremfor alt kjent for å ha hatt den legendariske presten Camilo Torres Restrepo i sine rekker og henter

inspirasjonen sin fra den kubanske revolusjonen. En tredje organisasjon er den marxist-lenistiske folkefrigjeringshæren (ELP). Den mest kjente er imidlertid 19. april-bevegelsen (M-19) som stort sett har operert i byene. M-19 fekk stor internasjonal oppmerksomhet da en mengde utenlandske diplomater blei tatt som gisler i 1980 og ved beleiringen av justispalasset i Bogota i 1985 (Colombias historie, u.å.).

Fleire av disse gruppene har vore knytte til narkotikatrafikken, og kampen mot narkotika har vore ei viktig sak for staten. Plan Colombia eller «The War on Drugs» var eit tiltak der regjeringa skulle få åtte milliardar dollar frå USA til å stoppe narkotikaproduksjon og ruste opp det militære i landet (Colombias historie, u.å.).

I 2010 innleia regjeringa og FARC samtalar om fred. I ei statleg utgreiing kom det fram av at 220.000 menneske var blitt drepne som følgje av krigen, og 80 prosent av desse var sivile. I følgje FN-sambandet er Colombia det landet med flest internt fordrivne, etter Syria (2019). I februar 2019, då eg starta feltarbeidet mitt, var allereie ti sosiale leiarar drepne det året. Etter fredsavtalen til slutt vart signert i 2016, kan ein seie at det er blitt mindre og ikkje meir sikkert å uttale seg politisk i landet. Tala på politiske aktivistar som er drepne varierer ut frå kven ein spør. Myndighetene uttaler at det er 289 aktivistar, tenketankar meiner talet er oppe i 702, mens Colombia sin ombodsmann uttaler at 479 aktivistar er blitt drepne (Grattan, 2019a). Mange meiner at det er den konservative presidenten Ivan Duque som er ansvarleg fordi prosessen for å innføre delar av avtalen har gått for langsamt. Dette kan ha å gjere med at han gjekk til valkamp med eit mål om å endre avtalen med FARC. Han har tidlegare uttrykt at han vil reversere delar av avtalen slik at eksmedlemmar av FARC skal få strengare straffer for handlingane sine i krigen (Grattan, 2019b). Per september 2019 er det 13.018 FARC-medlemmer som er del av reintegreringsprosessen (Grattan, 2019b). Fleire av desse bur i ein av 24 reintergrasjonsleirar. Sidan fredsavtalen vart signert i 2016, er det 151 eksmedlemmar av FARC som er drepne (UN News, 2019). Fleire av desse medlemmane har begynt å miste håpet rundt fredsavtalen (Grattan, 2019b). Nokre er leie av å vente. I august 2019 i år gjekk Ivan Marquez (tidlegare leiar av FARC) ut og sa at han og nokre medlemmar av FARC ville igjen ta opp våpna fordi regjeringa ikkje har gjennomført fredsavtalen (Casey og Jakes, 2019).

I slutten av oktober i år vann Claudia Lopez, ordførarvervet i Bogota. Som første opne skeive, men òg kvinnelege ordførar, blir dette sett på som eit stort steg for kvinner i heile landet, ikkje berre i Bogota (BBC, 2019). Ordførarvervet vert for mange sett på som nesten like viktig som landet sin president. Hennar rolle kan vere med å påverke framtida for kvinner som støttar

opp om fredsarbeid. Sjølv om ein ikkje veit kva som skjer i framtida, er den radikale endringa av ordførar med å vise endringskrefter i landet som òg har ei tydelege kopling til kvinner si rolle i det politiske feltet.

3.1 Post-konflikt, FN-resolusjon 1325 og kvinner og fred

Det kan vere utfordrande å kategorisere den fasen som Colombia er i no. Post-konflikt vil kunne bli brukt i denne samanhengen for å vise til fredsavtalen, men også for å markere at det ikkje er noko berekraftig fred i Colombia enno. Det er heller ikkje å forvente at ein fredsavtale vil føre til ein automatisk fred, sjølv om denne forventinga kan liggje i ordet «fredsavtale». Utviklingsforskarane Brown, Langer og Stewart meiner at i staden for å definere føresetnadar for byrjing og slutt for ein post-konflikt, vil det vere meir føremålstenleg å sjå på det som eit post-konflikt-scenario som ikkje er bunde opp til ei spesifikk hending, men ein prosess som involverer fleire såkalla fredsmilepælar, til dømes reintegrasjon, bygging av stat og kompensasjon til offer (2011, s. 4). Brown et al. er tydelege på at sjølv om fredsavtalen er signert, kan kampen forsetje på lågt eller sporadisk nivå (2011, s. 4). Som eit døme på det sistnemnde er landet Nord-Irland, der tiltak mot fred har blitt gjennomført dei siste 15 åra (2011, s. 4). At kampen held fram på eit vis av andre aktørar, kan ein også sjå i ein colombiansk kontekst der talet på drepane sosiale leiarar og tidlegare FARC-soldatar held fram å auke etter at fredsavtalen vart underteikna i 2016 (Grattan, 2019a). Ei prosessorientert tilnærming vil seie at såkalla post-konflikt-land vert plasserte på eit kontinuum. Der kan landet bevege seg både framover og bakover mellom fred og konflikten, heller enn å plassere dei i arbitrære boksar av «å vere i konflikt» eller «i fred» (Brown et al., 2011, s. 4). Det er ein tendens i det internasjonale samfunnet å plassere land i ein kategori av post-konflikt (Brown et al., 2011, s. 7). Utviklingsforskarane argumenterer for at kvart land må bli sett på som ein unik situasjon og at det trengst å oppnå kontekstuell forståing før ein utviklar politikk eller tek politiske avgjerder (Brown et al., 2011, s. 7).

FN ser post-konflikt som ei moglegheit for sosial og økonomisk reform (FN, 2009, s. 18). Offer og ekskrigarar er ofte leie av krig og klare for å gje fred ein sjanse (FN, 2009, s. 18). I følgje FN kan fredsprosessen og ein post-fred-avtale vere ein fase der ein legg til rette for reformer som kan hjelpe statusen til kvinner og andre utsette grupper. Politikk (politiske avgjerder) kan òg vere ei moglegheit for å promotere kjønnslikskap (FN, 2009, s. 18). I dette post-konflikt-rommet beveger både lokale og internasjonale organisasjonar seg. FN-resolusjonen 1325 er den første som anerkjenner at kvinner og menn opplever krig annleis.

1325 tek spesielt opp korleis kvinner vert påverka av krig (UN women, u.å.). Resolusjonen vedkjenner kvinner si rolle i varig fred og slår fast at ein må involvere kvinner i alle fredsbyggjande tiltak. Den seier også at ein må «mainstream a gender perspective» og at kvinner skal delta på alle nivå der det vert tatt avgjerder som gjeld fred. Det vil bety at ein må ta i bruk tiltak for å støtte lokale kvinner sitt fredsinitiativ og urfolket sine prosessar for konflikthandtering (UN Women, u.å.). Denne resolusjonen har blitt ein måte for kvinneorganisasjonar som norske FOKUS og lokale organisasjonar, å legitimere arbeidet sitt. Organisasjonen eg har gjennomført feltarbeidet mitt hos, er ein av fleire lokale aktørar i Bogota som arbeider for å gjere kvinner politiske aktive.

«When women lead and participate in peace processes, peace lasts longer» (Un Women, u.å.). Vil dette seie at kvinner er fredelegare enn menn? Internasjonale organisasjonar som CARE (Cooperative for Assistance and Relief Everywhere) og Oxfam (Oxford Committee for Famine Relief) arbeider begge på kvar sin måte med kvinner som målgruppe. CARE, som i 2019 var tilknytt TV-aksjonen i Noreg, skriv at «nå er det hennes tur», og «som CARE-venn bidrar du til at kvinner kan tjene sine egne penger, bestemme over sin egen kropp og få sin stemme hørt» (u.å.). Ut frå det CARE skriv, ligg det ei antydning om at kvinner ikkje har reell makt over egne liv. Det er kanskje ikkje rart at dei skriv om kvinner på denne måten, då statistikken viser at kvinner er dei fattigaste i verda. I Oxfam sin artikkel skriv dei om «why the majority of the world's poor are women» (Oxfam, u.å.). Kjønnulikskap er den eldste forma for ulikskap i verda som nektar kvinner ei stemme, undervurderer arbeidet deira og gir kvinner ein posisjon ulik mannen sin (Oxfam, u.å.). Oxfam skriv om korleis deira feministiske påverknad står i sentrum for alt dei gjer og at dette hjelper dei å «putting women's rights at the heart of all we do into clear simple steps, ideas and actions» (Oxfam, 2019). Desse synspunkta kjem også fram i artiklar med overskrift som «When women fight, nothing can stop them» (Oxfam, u.å.).

Utviklingsforskar og antropolog, Andrea Cornwall, har sett på korleis idealiserte framstillingar om kvinner lever som mytar i «feminist fables of women's liberation from male oppression» (Cornwall, 2008, s.145). Som feminist starta ho i maktdynamikkane og med dette ei antaking om at kvinner er undertrykte av menn, og at dette måtte endrast på. I kjønnsrelasjonar vert forholdet mellom menn og kvinner sett på (2008, s. 156). Ho ønskte å finne døme på kvinneleg solidaritet, men i felt i Zambia hos Ado-Odo var det ikkje lett å plassere kvinner sine opplevingar og verkelegheita inn i dette. Ho fann at menn var «the least of their problem», som gjekk i mot denne ideen om menn som undertrykte dei (2008, s. 156).

Det var kvinner sine komplekse forhold til kvarandre som ikkje passa inn i den idealiserte forma for kvinneleg solidaritet (2008, s. 150-152). Cornwall skriv at antakinga om at viss ein berre klarer å samle kvinner, vil deira samarbeidsevner gjere at dei vil anerkjenne kollektive interesser og at dei som følgje av det, kan mobilisere som kvinner (2008, s. 145). Å berre få kvinner inn i grupper blir gjentatt gong på gong med like stor overbevising som eit utviklingsmantra (Cornwall, 2008). Ho fann at det er ein dissonans mellom ideelle framstillingar av kvinnene og deira komplekse forhold til menn, men også med kvarandre (2008, s. 147).

Rather, it is to suggest that for development to make a meaningful difference to the relations of power that are such a potent source of gender injustice, we need to recognize the other stories that might be told about women's relationship with other women and with other men. (Cornwall, 2008, s. 147)

Cornwall sa at ho tidlegare kjende seg skuldig i det feministen Chandra T. Mohanty sa om vestlege feministar sin representasjon av «den andre» (2008, s. 145). Cornwall skriv at ho ikkje forstod kva som skjedde først og tolka zambiske kvinner gjennom eit vestleg eller etnosentrisk blick (2008, s. 148). Dei som snakkar om kvinner som berre offer eller heltar, ikkje har klart å ta innover seg realiteten av kvinner sine levde erfaringar (Cornwall, 2008, s. 158). Dette er eit viktig moment å ha med seg vidare. Sjølv om omgrep og identitetar som kvinner som heltar eller offer er sanne, kan det vere utfordrande å sjå heile mennesket bak ein slik merkelapp. Ved bruk at omgrep som fredsbyggjar eller offer som SPK gjer, men òg som vert brukt i diskursen rundt kvinner og fred kan ein verta «institutionally captured» (Smith, 2005). «The researcher may not, indeed, notice having been captured by the institutional discourse until she or he read the transcript of an interview only to find that the informant's account is in intuitional terms and is descriptively empty» (Smith, 2005, s. 156). Ved å stille spørsmål ved dei omgrepa SPK brukar i arbeidet sitt, men òg dei omgrepa innanfor kvinne- og fredsdiskursen, kan ein finne ut kva som rommar desse omgrepa. Dette kan vere med å setje fokus på korleis SPK sjølve brukar desse merkelappane, men òg kva felt eg som forskar har lese meg inn i.

3.2 Kvinner som offer?

Fredsforskar Wenhce Iren Hauge tar for seg kjønndimensjonane i det som vert kalla «disarmant, demobilization and reintegration» (DDR), som er nokre av prinsippa innanfor

fredsbyggjande operasjonar (2019). Hauge tar for seg forskjellige kontekstar som er prega av konflikt og prøver å sjå forbi antakinga om at kvinner berre er offer, men òg deltakarar i krigen. Også i Colombia var ein stor del av ekskrigarane i FARC kvinner. Hauge ønskjer å gje eit meir balansert bilete av kvinner i konflikt, som delvis offer og delvis aktører med agens. (2019, s. 5). Ho skriv at sjølv om det er begynt å kome meir fokus på kvinner som aktør i konflikt, er det framleis eit fokus på kvinner som offer (2019).

Hauge skriv at kvinner blir plasserte på ein «victim-actor axis» (2019). Maskulinitet vert ikkje plassert på denne aksen, sjølv om det er stadfesta at menn og kan vere offer for seksuell vald. Ho skriv at det er mørketal rundt dette, men også fordi seksuell vald mot menn i krig vert klassifisert på andre måtar, til dømes som «tortur» (2019).

The literature has revealed that both men and women can be victims as well as actors, and the potential for post-conflict changes in gender relations depends on the internal group dynamics between genders during war and if these are allowed to play out during transition. (Hauge, 2019, s. 17)

Hauge tviler på «essentialist approaches to analyze of women in peace and conflict». Ho legg vekt på at kvinner sine identitetar er komplekse og kan ikkje verta forstått utan referanse til kontekst (Hauge, 2019, s. 11). Dette er eit utgangspunkt for meg inn mot SPK, der dei seier at kvinner skal verta fredsbyggjarar gjennom å delta på kurs.

3.2.1 Vestleg feminisme og den «andre»

Ved å sjå på tidlegare nemnde døme frå organisasjonar som CARE, Oxfam og FOKUS ser ein korleis kvinner vert representerte i desse organisasjonane. Desse støttar økonomisk det arbeidet som vert gjort med og for kvinner. Difor vil det vere relevant å sjå på korleis deira forståingar kan påverke kvinner som held på med fredsarbeid i Colombia. Det har vidare vore ein tendens til at den vestlege feminismen, i den grad den representerer den «andre» kvinna, gjer det på måtar som konsoliderer hennar underordna posisjon. Dette poenget står sentralt hos Trinh T. Minh-ha i boka «*Woman, Native, Other*» (1989), der ho påpeikar at kvinna frå den tredje verda har fått ein dobbel funksjon: ho er både den vestlege feminismens eksotiske «andre» og deira nye misjon (sitert i Jegerstedt, 2011). Mohanty argumenterer for at den tredje kvinna vert framstilt som eit «singulært monolitisk subjekt» (1998, s. 53). I feministisk forskning på den tredje verda er kvinner blitt behandla som ei ferdig konstituert gruppe med identiske interesser og ønske (Mohanty, 1988, s. 72). Mohanty er ikkje imot å bygge

strategiske, politiske identitetar (1988), men kva for ei form skal desse ta? Ein kan òg gå for langt i generalisering av kvinner. Fredsbyggjar er eit effektivt omgrep, men kva betyr det egentleg? Kva inneber ei profilering av kvinner som fredsbyggjarar? Det kan verta skapt ei ny form for essensialisme eller at ein endar opp med å finne eit utval makteslause kvinner for å bevisse at kvinner er makteslause (Jegerstvedt, 2011, s.200).

Seeing poor women as individuals who pursue entirely independent and «goal-oriented» strategies as is of the case in discourse on «empowerment» and choice in development, is to deny the complexities of their relational ties and contingencies of lived experience. (Cornwall, 2008, s. 156)

Kvinner er på same måte som menn, del av familiar eller andre som òg er med å påverke dei vala dei tar. Dette er overførbart i diskusjonen om kvinner som fredsbyggjarar hos SPK, slik eg vil kome tilbake til i empiridelen av denne oppgåva.

3.2.2 Stereotypiar

Sidan casen eg jobbar med er frå Colombia, er det særleg relevant for oppgåva å gå inn i forståingar av kjønn i Latin-Amerika, då det framleis er aksept for desse måtane å kategorisere kjønn på. Benedikte Bull skriv om kva slags stereotypiar som finst rundt kjønn i Latin-Amerika. Noko av dette kan vere råd å føra over til den colombianske konteksten. Ein av dei mest utbreidde oppfatningane er at kjønnsrollene er sentrert rundt ei mansrolle som er prega av machismo (Bull, 2015, s. 140). Machismo kan innehalde mykje forskjellig, men er assosiert med eit sterkt mannleg overhovud. Kvinnerolla vert sentrert rundt idealet jomfru Maria eller marianismo, som vil seie uthaldande, passiv og dydig. Ei anna oppfatning i følgje Bull, er at det er prega av såkalla kjønnsdelte oppgåver heime, der far arbeider utanfor huset, mens mor tar seg av heim og omsorg av born (2015, s. 140). «Det er liten tvil om at disse forestillingene har en viss rot i virkeligheten» (Bull, 2015, s. 140). Bull skriv at sjølv om dette familiemønsteret framleis er synleg, er det ikkje tvil om at det har endra seg grunna kvinner si deltaking i arbeidslivet (2015, s. 141). «Kvinnerens utdanningsnivå har økt tilsvarende, og kvinner er i større grad representert i politikk enn tidligere, selv om det er svært langt igjen til likestilling med menn» (Bull, 2012, s. 141). Ho skriv vidare at machismo lever i stor grad vidare, men variasjonen mellom kvinne- og mannsidealet er stor (2015, s. 144). «Det er betydelege forskjeller mellom ulike klasser og etniske grupper og mellom by og land. Hvite, urbane overklassekvinner har for eksempel langt mer til felles med menn i samme kategori,

enn med fattige urfolkskvinner på landsbygda» (Bull, 2015, s. 144). Det er relevant å ha med dette perspektivet til Bull. Sjølv om det har manglar i representasjonen av mannen, er slike måtar å sjå og forstå kjønn framleis aktuelle i ein kontekst som i bydelen i Bogota. Ein kjem også til å sjå at forenkla forklaringar om kvinner og menn vert brukte hos SPK.

3.2.3 Mannen

Bull sine ord bør verta forstått som ei attgjeving av ei stereotypisk forståing av kjønn og ikkje nødvendigvis som korleis menn og kvinner faktisk oppfører seg eller korleis deira kjønn spelar seg ut. Antropologen Matthew Gutmann har bidratt med å utvide biletet av den «latinamerikanske mannen» (1996). I Gutmann sitt feltarbeid i Mexico fokuserer han ikkje på kva menn seier og gjer, men kva menn seier og gjer for å vere menn (1996). Interesse hans for maskulinitet i Latin-Amerika oppsto etter at han såg ei stereotypisk og forenkla forklaring av mannen og maskulinitet brukt i forskning. Det er lett å trekkje linjer til Smith her. Dei har begge eit felles ønske om ikkje å føre med seg vidare tatt for gitte sanningar om samfunnet. Gutmann ønskjer å forstå mannen i Mexico. Hans refleksjonar har likskapar til det eg såg i Bogota, sjølv om mi forskning ikkje var sentrert rundt maskulinitet. Gutmann si etnografiske forskning set ord på kvifor forenkla bruk av kjønndidentitetar framleis er til stades. Kjønnidentitetar er produkt og manifestasjonar av ein kultur som er i bevegelse (Gutmann, 1996, s. 14). Ein av grunnane til at det skjer ei endring i forståinga av kjønn er grunna sosioøkonomiske transformasjonar som til dømes at kvinner byrjar å arbeide utanfor heimen (Gutmann, 1996, s. 24).

Gutmann meiner vidare at omgrepet machimo eller macho er brukt feil og at vi bruker det utan å vite kva som vert lagt i det (1996). Machismo er skriva om med ei antaking om at alle deira lesarar deler ein felles definisjon (Gutmann, 1996, s. 223). Generaliseringar om kvinner og menn burde bli forkasta i forskning (Gutmann, 1996, s. 4). «But the main reason to avoid such overly ambitious generalizations is that there exists no stable set of determining and essential gender qualities that can adequately capture the region as a whole» (Gutmann, 1996, s. 9). Dette vil altså seie at det finst mange forskjellige kjønnsuttrykk og at identitetar gjer berre meining i relasjon til andre identitetar. «If gender refer to the ways in which differences and similarities related to physical sexuality and understood, contested, organized and practiced through society, then we should expect to find a diversity of gendered meanings» (Gutmann, 1996, s. 11). Ei einsformig forståing av mannen som machismo og dominant, eller den underdanige kvinna kan ikkje verta brukt på generelt grunnlag. Det stemmer ikkje med

verkelegheita då kvinner og menn ikkje berre kan bli plasserte i ein kategori. «Static categories hinders more than they help» (Gutmann, 1996, s. 27). Folk passar ikkje nødvendigvis inn i kategoriane, men Gutmann finn at menn og kvinner sjølve brukar kjønnsstypar som machismo eller den underdanige kvinna i kvardagspråk. Viss det ikkje finst ein singular meksikansk mannleg identitet, men heller at det finst eit mangfald av betydingar av macho, kvifor lever då stereotypiske forståingar av mannleg identitet vidare i forskingsdiskursen og i kvardagsleg samtale og bevisstheit? (Gutmann, 1996, s. 245). Forskjellar i kjønn har alltid vore til stades. Om desse er stereotypiske, kanskje blaff frå fortida, er dei likevel med å prege rommet som menn og kvinner kan bevege seg i. «Thus, no matter how contradictory these distinctions, they constituted culturally significant differences and therefore were key element in the very process of how the men and women constructed themselves as men and as women» (Gutmann, 1996, s. 245).

Gutmann sitt arbeid gjorde det òg lett å plassere det eg høyrde og opplevde hos SPK. Sjølv om Gutmann sin case er frå Mexico er det grunn å anta at det er endringar i kjønnsrolleforsåingar også i Colombia. Det gjer det òg lettare å setje lys på noko av det eg såg, men som er vanskeleg å skildre, nemleg korleis det framleis vart lagt vekt på ei forståing av kvinna som offeret eller mannen som overgripar og den som heldt kvinna nede. Til ein viss grad stemmer også dette. Fleire kvinner hos SPK hadde opplevd forskjellige former for vald. Forsking viser at Latin-Amerika som region har eit høgt tal av kvinner som vert drepne. Det er òg mykje vald i regionen, og både menn og kvinner er offer for denne valden. Dette vil ikkje seie at den dikotomiske forståinga av mannen der kvinne er underdanig, er heile biletet. Ved å reprodusere denne forståinga, reproduserer ein eit samfunn som ikkje lenger finst. I eit lagdelt samfunn med ulike sosiale klassar finst det òg ulike forståingar av kva det vil seie å vere mann og kvinne, som er i kontinuerleg endring. Forståingar av kjønn blir framleis låst i fortolkingar som machismo-rolla. Kanskje dette er som Gutmann seier meir ei forståing av kjønn som heng igjen frå tidlegare generasjonar og ikkje nødvendigvis noko som er representativt for kjønnsroller i dag? «As social actors, men and women are presented with stages and scripts not of their own choosing» (Gutmann, 1996, s. 245). Dette vil likevel ikkje seie at all handling er bestemt, men at ein manøvrerer innanfor eit handlingsrom. Gutmann minner oss på at kultur påverkar kvinner og menn, men kvinner og menn påverkar òg kultur.

Male identities are currently undergoing radical deconstruction and reconstruction, why shouldn't the study of gender in Mexico similarly reject specious conclusions about ubiquitous machos and abnegadas (submissive women), and replace these

stereotypes with descriptions and analysis of the diversity of changing gender identities? (Gutmann, 1996, s. 251)

Slik kan ein inkludere menn som ber sine barn og menn som aldri skiftar bleier eller kvinner som kjører lastebil og som er leiarar i lokalsamfunnet (Gutmann, 1996, s. 251).

3.2.4 Handlingsrommet

«Manliness and womanliness are not original, natural or embalmed states of being; they are gender categories whose precise meanings constantly shift, transform into each other and make new entities (Gutmann, 1996, s. 21). Gutmann kalla det «preforming as men» og dei han intervjuar sa at «we are not machos, we are men». Her ser ein korleis informantane hans går imot den tradisjonelle framstillinga av mannen (machismo). Eg har valt å inkludere perspektivet til sosiologen Erving Goffman (1992), for å gi ei betre forståing av handlingsrommet Gutman legg vekt på. Det føreligg ei forventing til kjønn, men dette betyr ikkje at handlingar allereie er sette og bestemte. Noko av det interessante i Goffman er presentasjonen hans av det dramaturiske og korleis menneska kan kontrollere og skape inntrykk. Han snakkar om skodespelarar, roller og framsyningar, og skil mellom «front stage» og «back stage» (Goffman, 1992). På bakrommet kan «skodespelarane» vere seg sjølv, slå seg laus og vere meir frie enn i den strenge regien på scenen. På «front stage» eller i situasjonar der ein ikkje føler seg heilt komfortabel, er ein meir nervøs omkring det inntrykket ein formidlar. Gutmann skriv vidare at innimellom det han forstår som eldre forståingar av kjønnsrelasjonar, som informatane hans har arva frå tidlegare generasjonar, kan ein sjå korleis menn og kvinner lever liva sine (Gutmann, 1996, s. 9).

3.2.5 Kjønn som praksis og koordinert aktivitet

«If gender refer to the ways in which differences and similarities related to physical sexuality are understood, contested, organized and practiced through society, then we should expect to find a diversity of gendered meanings» (Gutmann, 1996, s. 11). Kva det vil seie å vere mann eller kvinner varierer ut frå det rommet ein kan bevege seg i. Kjønnsideidentitet er altså noko som er avhengig av samfunnet sin struktur som til dømes at ein har forventingar til korleis kjønn utspelar seg, men dette vil ikkje seie at det ikkje finst rom for variasjon. West og Zimmerman med sin tekst «Doing gender» (1987) byrjar med ei rekonseptualisering av kjønn ved å gå inn i forskjellane mellom biologisk kjønn, kjønnskategori og sosialt kjønn. Dei forstår kjønn som noko ein oppnår som ein del av kvardagsleg interaksjon.

We contend that the «doing» of gender is undertaken by woman and men whose competence as members of society is hostage to its production. Doing gender involves a complex of socially guided perceptual, interactional, and micropolitical activities that cast particular pursuits as expressions of masculine and feminine «natures». When we view gender as an accomplishment, an achieved property of situated conduct, our attention shifts from matters internal to the individual and focuses on interactional and, ultimately, institutional arenas. (West et al., 1987, s. 126)

Individ «gjer» kjønn, men det er ei situert handling som skjer saman med andre. I IE vert òg kjønn forstått som praksis, og denne praksisen er situert i lokale og translokale relasjonar (Smith, 2005). Kjønn eksisterer som ein koordinert aktivitet som skjer i relasjon med det andre gjer og har gjort. I IE ser ein kjønn som noko ein gjer i sosiale relasjonar, som noko både menn og kvinner deltar i.

3.2.6 Kjønn i utviklingsdiskurs

Kjønn er noko som har blitt tatt opp både i utviklingsdiskursen og i SPK sitt arbeid. Å ta med «kjønnspektivet» var noko eg høyrde på møte med SPK. For SPK innebar dette i hovudsak å sjå på kva sosiale relasjonar kvinner var ein del av og kva som kan vere hinder som held kvinner igjen. I «Men-streaming gender» tek utviklingsgeograf Sylvia Chant og Matthew Gutmann føre seg korleis kjønn framleis er assosiert med kvinner (2002, s. 269). Ein relasjonell tilnærming til kjønn er erstatta med eit fokus på kvinner, der ein mannleg kjønnsidentitet ligg i bakgrunnen (Chant og Gutmann, 2002, s. 270). Likevel, når ein skal skape ei endring hos kvinner og den maktbalanse som finst, vil dette tilseie at det vil også skje ei endring i menn sine liv. «A woman-only approach to gender planning is insufficient to overturn the patriarchal structures embedded in development institutions, and to redress gender imbalances at the grassroots in any fundamental way» (Chant et al., 2002, s. 270). Chant og Gutmann meiner at det finst ein motvilje for å inkludere menn. Dette fordi arbeidet med kvinner ikkje er ferdig. Sjølv om ein er klar over at ved å la vere å integrere menn i arbeidet, kan «... gender interventions can only go so far» (Chant et al., 2002, s. 271). «... habitual emphasis (by design or default) that men benefit from development in ways which women do not, gives the very misleading impression that men's power and privileges are uniform, fixed and universal» (Chant et al., 2002, s. 271). Kvinner er ikkje alltid taparane (Chant et al., 2002, s. 271).

Indeed, acting as if men are irrelevant and that men do not have gender can impose demands on women that are impossible to fulfil and/or have serious implications. If men are not incorporated into gender and development work, the implicit assumption will be that women should continue to be largely if not solely responsible for problems relating to such issues as domestic violence and contraception. (Chant et al., 2002, s. 276)

Menn må bli forstått i ein kjønnsk kontekst av relasjonar mellom menn og kvinner og blant menn sjølve (Chant og Gutmann, 2002, s. 271). Eg fekk ikkje moglegheita til å intervju mange menn, då det var svært få som faktisk var delaktige i SPK. Sjølv om eg har med ein diskusjon rundt menn, korleis dei vert snakka med og har inkludert perspektiv til dei menn som var i SPK, vil dette vere noko som kan bli tatt opp i eit seinare prosjekt. Dette perspektivet er også i Smith si ånd, og burde verta kommunisert tilbake til organisasjonen då ein skal gjere forskning som kan kome menneska ein studerer til nytte.

4 Metode

4.1 Metodisk design

Institusjonell etnografi (IE) legg vekt på oppdaging og prøver å inspirere til å setje teoriar, omgrep og førestillingane til side og byrje empirisk. Widerberg skriv at det er ein utforskingmetodologi som har til hensikt å oppdage for å bidra til samfunnsending (2015). Som nemnt i innleiinga har eg har latt meg inspirere av IE og fokuset på kva mennesket faktisk gjer. Min start inn i temaet kvinner og fred var å lese meg opp på både IE som metodologi, men òg lese om korleis NGO-ar arbeider med dette lokalt. Problemstillinga eller «the everyday problematic» som Dorothy Smith kallar det (2005), har difor endra seg etter avslutta feltarbeid. Det vert viktig å sjå IE som ein metodologi og korleis det teoretiske rammeverket heng saman med eller kan vere med å påverke empiri. Det er ein etnografisk oppgåve som fokuserer på kvalitativ data, der eg har brukt intervju, men og deltakande observasjon. Når ein bruker IE fokuserer ein på menneske sit arbeid, kva dei faktisk gjer. Dette påverka også korleis og kva eg spurte om. Det var viktig for meg å sjå spesielt på korleis informatane mine arbeidde, men òg dei orda dei brukte i eige arbeid. I den samanhengen kan det vera naturleg å først beskriva litt av historien til organisasjonen SPK (Senter for promotering og kultur) og kven dei ønskjer å inkludere.

4.2 Feltarbeid

4.2.1 Tilgang til felt og organisasjon

Eit feltarbeid og eit prosjekt slik som dette, er avhengig av tilgang. Det verka difor som essensielt for prosjektet at eg fekk tilgang til ein organisasjon før eg var i felt, altså før eg kom til Colombia. Eg tok kontakt med FOKUS, ein norsk paraplyorganisasjon for kvinner som eg visste støtta fleire forskjellige prosjekt i heile Colombia. Eg fekk tilsendt fleire dokument som skildra deira politiske påverknadsarbeid i Norge, men òg beskrivingar av prosjekta i Colombia som omhandla kvinner og fred, kvinner og seksuelle rettar og organisasjonar som arbeidde mot vald av kvinner og jenter. Eg las beskrivinga av alle organisasjonane, samtidig som eg oppsøkte informasjon om dei på internett. Eit av dokumenta eg fekk frå FOKUS var ein evalueringsrapport som var blitt gjort på deira vegne av Scanteam. Rapporten er tilgjengeleg for alle på FOKUS sine nettsider, men det var også noko FOKUS sine medarbeidarar valde å sende til meg då eg etterspurde informasjon om verksemda deira i Colombia. Rapporten til Scanteam fann at FOKUS sitt 1325-program (FN-resolusjon) hadde leia til ei auke i deltaking av kvinner som arbeidde for fred. Denne rapporten har sett på arbeidet til FOKUS og deira partnerar både i Sri Lanka og Colombia.

The FOKUS Colombia office has been a vital player in the international Non-government Organization (INGO) platform for peace and their sub-group on gender. Through their participation, FOKUS Colombia has managed to put women's participation and gender perspective in peace-building on the agenda. Further, FOKUS Colombia is very active and highly appreciated on the international donors «Mesa de Genero», where FOKUS Colombia and a few other INGOs participate with the bilateral donors (embassies) and the multilateral donors (the un agencies). FOKUS Colombia uses this space to underline the importance of women's participation in peace-building to the donors that are present in Colombia (Scanteam, 2016, s. 10).

Denne rapporten viser kva rolle FOKUS har i Colombia og korleis dei er med å påverke det kvinnelege fredsarbeidet. «Phase two of the FOKUS programme on Women, Peace and Security in Colombia and Sri Lanka aims to increase women's political participation in peace building within the framework of UNSCR 1325 and subsequent resolutions» (Scanteam, 2016, s. 5). Det viser òg kor viktig det er å legitimitere arbeidet sitt gjennom FN-resolusjonen 1325. Denne resolusjonen vert også brukt i arbeidet til SPK, noko eg vil vise seinare.

The programme is found to have impacts on a personal level, as well as on a relational level where there have been strengthening of networks and federations of different war-affected community women's groups. On the cultural level, the Programme is found to challenge the patriarchal culture both regards to consider women as equal rights holders and peace building protagonists. (Scanteam, 2016, s. 1)

Her kan ein sjå kva som vert sagt om arbeidet til FOKUS og kva dei fokuserer på i sitt arbeid. Dette var ein del av mitt utgangspunkt for masteroppgåva, noko som skapte ei forventning om kva eg kom til å finne.

Etter å ha studert SPK sine nettsider, i tillegg til at eg hadde lese rapporten og anna innhald frå FOKUS sine nettsider, verka organisasjonen SPK som arbeidde lokalt i Bogota mest interessant for meg. Det inntrykket eg sat igjen med, var at SPK blant anna arbeidde med fredsprosessen og denne reisa frå «offer til fredsbyggjar» som eg syntest var svært spennande. Framstillinga offer til fredsbyggjar var noko eg høyrde først frå FOKUS, men dette språket var også noko leiinga til SPK brukte. FOKUS i Norge sette meg i kontakt med landskontoret til Fokus Colombia, som igjen sette meg i kontakt med senterleiar Alicia. Til henne forklarte eg at eg var masterstudent og gjerne ville studere kvinner og fredsarbeid. Eg ønskte å sjå korleis SPK arbeidde lokalt med desse spørsmåla. Eg fekk ein avtale om at eg kunne koma, og i januar 2019 reiste eg til Bogota. Då dei hadde ferie januar, var det ikkje før i februar eg møtte leiinga for første gong, sjølv om vi hadde kontakt per WhatsApp før dette. Eg vart invitert til senteret for å i første omgang å bli kjent med plassen. Her fekk eg sjanse til å fortelje meir om prosjektet mitt. Prosjektet var framleis ope frå mi side fordi eg ikkje visste kva eg ville finne, men eg uttrykte at eg var interessert i å følgje arbeidet deira rundt korleis dei organiserte kursa sine. Eg uttrykte at det var spesielt deira arbeid knytt opp til kvinner og fred, men at eg var ineressert i å vere med på alle delar av arbeidet deira. Dette gjorde at dei inviterte meg med på dei fleste arrangementa knytt til organisasjonen. Eg fekk difor lov til å delta på eit kurs om politisk deltaking som starta i mars. Eg fekk i tillegg vere med på møte med det pedagogiske teamet, der dei planla alt relatert til drift. I undergruppa «Nuqleo» var eg òg fast inventar kvar onsdag.

4.3 Problemstilling – før og etter

Då eg skreiv ei foreløpig problemstilling i desember 2018, var det erfaringane kvinnene får i SPK eg ville sjå nærare på. Denne problemstillinga var basert på den informasjonen eg hadde

funne på nettet. Eg var ikkje sikker på om denne representasjonen stemde med verkelegheita, men eg var klar over at det forma forventingane mine til kva eg kom til å finne. Eg ønskte å sjå på reisa frå offer til fredsbyggjar og få innsikt i liva til deltakarane. Kvinnene er mottakarane av den typen kursverksemd SPK driv med, og det er med dette kvinnene som er det viktigaste for SPK. Arbeidet er sentrert rundt i å få til ei personleg endring i individet, men òg auke politisk deltaking blant kvinner. Eg ønskte òg å sjå på organisasjonen i heilskap og få innsikt i tekstane dei brukte, men òg korleis dei brukte dei. Dette førte meg til ei foreløpig problemstilling:

- Kva påverknad har SPK på kvinnene som kjem til dei, og korleis fungerer denne reisa frå offer til fredsbyggjar, sett frå kvinner sitt perspektiv?

Etter kvart som eg kom inn i feltarbeidet, vart det nødvendig å endre problemstillinga. Prosjektbeskrivinga inkludert ei problemstilling, er eit krav frå Universitetet i Agder (UiA). Det er òg nødvendig for å kunne søkje om lov til gjennomføring ved NSD (Norsk senter for forskingsdata). Å byrje med ei problemstilling i ei masteroppgåve kan vere ein vanleg veg å gå for ein student. Ein er kanskje interessert i eit visst problem som ein vil finne meir ut av. Ei slik ferdig problemstilling i starten av eit feltarbeid kan vere til hjelp, men det kan også verke avgrensande for forskaren. Kan det vere at du finn det du leitar etter, fordi det var dette du var opptatt av? I IE kan ein starte med «a problematic in eveyday life», altså gå inn i felt for å finne ut av kva som skjer. Problemstillinga skal ikkje vere eit problem som informantane sjølve kjem fram til, men som forskaren ser. I følge Smith skal ein òg kjenne konteksten sin og feltet sitt før ein lagar ei problemstilling (2005). For meg vart eg nok påverka av den informasjon eg fekk av norske FOKUS og det eg kunne finne på SPK sine nettsider og Facebook-side. Dette gjorde at den opprinnelege problemstillinga kjendest for smal. Den gjorde det ikkje mogleg for meg å beskrive kva som skjedde hos SPK. Kategoriane «offer» og «fredsbyggjar» vert for utydelege til å omfamne det arbeidet dei gjer på SPK, men også for menneska som deltar. Dei er ikkje nødvendigvis forklarande for SPK gjer og kva som er deltakarane si oppleving av kursa og kven dei er. Eg merka at eg i byrjinga leita veldig etter menneske som passa inn kategoriane. Eg innsåg at det ikkje var så lett å plassere kvinner inn i desse kategoriane. Dette kan vere at både «offer» og «fredsbyggjar» kan vere vanskeleg å plassere seg sjølv i. Samtidig såg eg at organisasjonen bestod av mykje meir enn kursa som FOKUS la vekt på i sine nettsider. Evalueringsrapporten som FOKUS bruker aktivt på sine nettsider, uttrykte følgjande.

SPK has worked with local and displaced women in the lower social strata area at the outskirts of Bogota for decades. SPK and the women frequenting their local community centre was vital in developing the municipal women's agenda for peace in Bogota. A prerequisite for this process has been the trauma-healing process SPK has developed to help women overcome their helplessness and redefine themselves as constructive actors for peace. Also, SPK developed an internal school where the women learnt about the peace process and participated in defining peace from a local perspective, that at the end have been shared with the negotiating parties in Havana. (Scanteam, 2016, s. 13)

Eg valde å endre problemstillinga til «Korleis arbeider ein lokal organisasjon med kvinner og fredsarbeid i ein post-konflikt-situasjon», og i tillegg ta med nokre underspørsmål. Dette gjorde eg fordi det på nokre måtar vert lettare å gå inn i organisasjonen og empirien eg har henta inn derifrå, med eit utgangspunkt i ein utforskningsmetodologi. For spørsmåla vi stiller i byrjinga, til og med før ein kjem ut i felt, kan ha ei betyding for kva ein som forskar «ser». Som nemnt over var eg svært interessert i å sjå korleis denne reisa frå «offer» til «fredsbyggjar» går føre seg. Dette er ord som framleis er aktuelle å gå inn i, men grunnen til at dei ikkje er med i sjølve problemstillinga er fordi dette kan vere med å bidra til denne einsformige framstillinga av kvinner som enten «offer» eller «heltar» (Corwall, 2008). Det vil eg nødig vere med å bidra til. Det var difor viktig for meg å halde på den reflektiv tankegangen gjennom feltarbeid, men òg når eg tok fatt på analysearbeid. For ser ein det ein vil sjå? Eg har valt å ta med og sjå vidare på desse kategoriane «offer» og «fredsbyggjar» for å sjå når dei vert brukte eller om dei ikkje blir det.

4.4 Forskaren sin ståstad og «objektiv forskning»

Min ståstad, korleis eg les situasjonar og kva eg legg vekt på, kan ein seie formar forskinga på mange måtar. Val av tema har eg tydeleg påverknadsmakt over. Min antropologiske bakgrunn pregar meg i eit slikt prosjekt, slik ein kan seie at all forskning er prega av den som skriv ho. I løpet av studiane i antropologi fekk eg ei aha-oppleving om at eg såg på saker med mine norske briller eller eit etnosentrisk blikk. Det sistnemnde tyder at ein samanliknar alt med sin eigen kultur. Sjølv om ein vert meir klar over dette blikket, kan det vere vanskeleg å leggje det heilt frå seg fordi ein ser verda ut frå eigen ståstad. I antropologien som i sosiologien, bruker ein omgrep for å teoretisere empiri. I eit IE-prosjekt prøver ein ikkje å gå vekk frå omgrepa, men å bryte dei opp, finne ut kva dei kan innehalde og fyller det med det ein meiner er passande. Eg rekna det som trygt for meg å reise til Bogota fordi det var ein plass eg kjende

godt til frå før. Språket spansk kunne eg og meinte sjølv at eg forsto meg på kulturelle kodar. Ein kan jobbe mot det etnosentriske blikket, ved å forstå samfunnet innanifrå (Hylland Eriksen, 2010, s. 18). Ved å utøve refleksivitet gjennom arbeidet, rundt si eiga rolle og kvifor ein tolkar utsegn på, er òg til hjelp i forkinga. Utopien om objektiv forking vert lagt på hylla. Ved å vere refleksiv om eiga rolle, endar ein forhåpentlegvis ikkje opp med å berre reproducere den kunnskapen som allereie finst.

Sosiolog Karin Widerberg (som har arbeidd over lengre tid med IE) tek opp litt av det eg beskriv over i «hva Moi vil si» med utgangspunkt i essayet til Toril Moi (2013). Widerberg beskriv Moi sitt «kjærelege» og «oppmerksame blikk». Det vert forklart som ein måte å sjå og å skrive. Det er ikkje eit ukritisk blikk, men ein måte for forskarar å vere aktive, moralske aktørar. Det vil seie å ha eit genuint moralsk forhold til verkelegheita og å handle ut frå dette (Widerberg, 2013, s. 172). Teksten er meint som refleksjon og for å utvikle språk med tanke på å oppdage verkelegheit (Widerberg, 2013). «Det dreier seg altså om moral (verdiar) og etikk (måten vi måler omverda på) og har politiske implikasjonar (demokrati)» (Widerberg, 2013, s. 171). «Å hevde språkets handlekraft, språkets makt til å gjøre noe med verden, med den hensikt å finne virkeligheten, er noe som snakker til oss alle, også utenfor humaniora og akademias vegger» (Widerberg, 2013, s. 172). Det er ikkje snakk om noko ny doxa skriv Widerberg, men heller ein verdi som må verta omsett til forskjellige framgangsmåtar ut frå kontekst (2013, s. 172). Det har likskapar med prosjektet til Dorothy Smith. Ho har tatt prosjektet eit steg lenger ved å utvikla ein verktøykasse for korleis ein kan oppdage verkelegheita (Widerberg, 2013, s.172). Moi har eit fokus på det kroppslege og dualismen mellom kropp og sinn i «*Hva er en kvinne*» (1998). Grunnen til at dette er viktig er fordi eg både er opptatt av korleis språk vert brukt under feltarbeidet, men også korleis eg representerer funna minr som har grobotn i verkelegheita. Eg har opplevd det som utfordrande å setje ord på nokre av dei praksisar som SPK hadde, fordi det går nettopp inn i dette forholdet mellom kropp og sinn. «At mye samfunnsvitenskaplig teori i dag «endelig» stemmer med virkeligheten, for eksempel «rational choice» er for meg et uttrykk for en samfunnsutvikling hvor kropp og natur har blitt satt til siden» (Widerberg, 2013, s. 172).

Å utvikle en samfunnsvitenskap som ikke kun representerer og reproducerer det moderne samfunnet, men som viser til en annen oppmerksomhet, ikke bare til de andre, men også til «det andre» - i kroppen og naturen – og sammenhengen dem imellom, fremstår for meg som helt sentralt i dag. (Widerberg, 2013, s. 173)

Å ha med dette vidare seg dette aspektet i oppgåva verkar viktig fordi SPK arbeider med det emosjonelle og korleis kropp og sinn heng saman.

Eg er klar over at eg i bruk av mine data kunne brukt ein annan teori og forklart det på ein annan måte. Denne tankeprosessen spring ut frå eit ønske om å framstille informantane i noko dei kan kjenne seg igjen i. Dette ønsket om å ikkje misforstå konteksten, skal ikkje forståast som å plassere organisasjonen i eit for godt lys eller på «riktig» måte slik dei sjølve gjerne vil framstå. I IE skal ein ikkje forske på folk, men saman med dei. Det skal vere noko som kjem dei til nytte (Smith, 2005). Eit ønske om å unngå feiltolking kan stamme frå at ein får eit godt forhold til informantane sine. Ein er òg til ein viss grad avhengig av eit godt forhold til informantane sine, då det er dei som gjer forskaren tilgang. «Access is not something you do once, and then you are in. It has to be negotiated all the way along to different groups» (O'Reilly, 2012, s. 89). Gjennom eit slikt arbeid vart eg kjent med menneska som arbeidde i SPK. Eg var avhengig av at dei tillet meg å vere med, men dette betydde også at eg vart kjent med menneska der. Det er viktig å tenkje over kva forhold ein får til menneska over tid. Sjølv om eg kunne vere imponert over kva dei fekk oppleva på kursa hos SPK, hindra ikkje dette meg i å tenkje kritisk omkring arbeidet deira. Fråværet av menn i organisasjonen og det relasjonelle aspektet i fredsarbeid er eit døme på noko som eg tenkjer kritisk omkring i denne oppgåva.

4.5 Metodar for datainnsamling

«Many studies in institutional ethnography begin with fieldwork and rely on observational methods, interviews and documents to establish a problematic for study» (Campbell og Gregor, 2004, s. 61). Eg har valt desse tre måtane å samle inn data på. Under følgjer ei utgreiing om deltakande observasjon, korleis eg gjennomførte det og kva som var problematisk. Eg går vidare inn på intervju mine, kva eg spurde dei om og kven dei var. Deretter viser eg korleis eg fekk hjelp til transkribering og korleis dette var til hjelp med å overkome språkbarrierar. Korleis tekst vert brukt kan òg verka styrande og er viktig innanfor IE (Smith, 2005). Eg skriv i tillegg om kvifor bøker var viktig for SPK og korleis dei skreiv på sosiale medium.

4.5.1 Deltakande observasjon

I etnografien si form valde eg å leggje stor vekt på å vere med og delta i organisasjonen sine daglege aktivitetar. Det er informantane som er ekspertane på eigne kvardagsliv (Smith,

2005). Gjennom denne metoden får ei moglegheit til å ikkje berre observere, men også delta i informatane sine aktivitetar og kvardagsliv. Det gjer meg høve til å spørje om aktivitetane undervegs, men også å få delta på kursa på lik linje med kvinnene og dei unge mennene som fekk vere med. Dette gjer at ein kan få innsyn i deltakarane sine opplevingar med kurset og kva dei gjer der. «Antropologen bør oppholde seg i felten så lenge at hennes tilstedeværelse synes nærmest naturleg for de fastboende» (Hylland Eriksen, 2010, s. 35). Det tok tid for meg å verta ein naturleg del av gruppa. Eg vart nok heller ikkje det for mange, då det var lett å sjå at eg var utanlandsk og eit hovudet høgare enn dei fleste. Dette var på den andre sida ofte til hjelp, då mange var interesserte i å snakke med meg, høyre kven eg var, kor eg kom frå og kva eg gjorde der. Det var lettare å verta ein «naturleg del» av leiinga i SPK, då eg hadde hatt meir kontakt med dei «backstage». Her fekk eg innsikt i korleis dei arbeidde og korleis dei snakka om kursa sine. Leiar Alicia la òg vekt på utdanninga mi i møte med dei andre i leiinga. Ho sa at eg gjerne måtte kome med innspel til det dei gjorde der. Eg prøvde å få fram at eg var der for å lære av dei. Dei var ekspertane, og eg hadde sjølv aldri arbeidd med kvinner og fredsarbeid. Dei plasserte meg nok på «ein høgare stol» enn eg var komfortabel med, og eg måtte leggje vekt på ved fleire høve at ikkje var den som skulle fortelje dei korleis dei skulle utføre sin praksis. Dette betyr ikkje at eg var «nøytral», men kunne stille kritiske spørsmål, som til dømes om kvifor dei ikkje inkluderte menn i verksemda si.

4.5.2 Feltnotat

Eg var med på det politiske kurset til SPK som var to dagar annakvar veke. I februar 2019 deltok eg på tre samlingar med det pedagogiske teamet. Eg var i tillegg med på den faste onsdaggruppa «Nuqleo». Ved alle desse anledningane brukte eg deltakande observasjon. Frå samlingane har eg feltnotat, som eg enten skreiv under møtet (viss det var naturleg), eller etter at eg var ferdig for dagen. Eg skreiv ned kva vi snakka om, kva vi hadde gjort og om det hadde vore nokre spesielle diskusjonar. For min eigen del skreiv eg òg ned lyd (musikk), lukt, korleis vêret var eller korleis eg følte meg den dagen. Dette skreiv eg for å hjelpe meg å hugse når eg skulle ta fatt på analysearbeidet.

4.5.3 Intervju

Intervjuobjekta vart valde for å vise ulike posisjonar i organisasjonen. Nokre er med i leiinga og har vore med i mange år. Andre kom inn som kursdeltakarar og har halde fram i oppgåver med meir ansvar og fått fleire arbeidsoppgåver. For nokre var det deira første møte med SPK.

Det var viktig å forstå både korleis ein organiserer desse kursa og korleis dei ansvarlege kom inn i organisasjonen. Det var også nødvendig å få med opplevingane til kursdeltakarane som er mottakarar av kursa. Deira opplevingar i kurset, men også deira liv utanfor kursa og kva dei opplevde at dei hadde lært. Det vart til saman gjennomført åtte semi-strukturerte intervju. Dette ville seie at eg hadde nokre opne spørsmål som handla om korleis dei kom til senteret, kva dei gjorde der, kven dei jobba med og korleis dei levde gode liv. Eg ønskte at spørsmåla skulle vere opne og vide nok til at informantane mine kunne fylle dei med det dei ønskte sjølve. Eg spurde ofte om dei kunne forklare ord dei brukte eller om dei kunne forklare arbeidet sitt i meir detalj. Dette er vanleg i institusjonell etnografi, då ein har fokus på kva folk gjer og korleis deira arbeid er knytt til andre (Smith, 2005). Det var viktig for meg å ikkje leggje ord i munnen på dei, som til dømes kva ord dei brukte om sitt eige liv, men òg om det arbeidet dei var med på hos SPK. Intervjua varte frå 40 minutt til 1 time og 30 minutt og vart gjennomført på senteret til SPK, på eit ledig kontor eller heime hos informantane.

4.5.4 Transkribering

Intervjua vart gjennomførte av meg på spansk. For å vere sikker på omsetjinga, for å forstå lokal slang, men også for å verifisere empirien, fekk eg hjelp til å transkribere alle intervju. I intervjusituasjonen vart det brukt bandopptakar, og to språkstudentar frå Bogota hjelpte meg å omsetje intervjua. Før dei fekk lydopptaket snakka vi om organisasjonen, diskuterte relevante namn og språk som kunne kome opp. Dei spurde meg òg om ord når det var noko dei ikkje forstod. Dette kunne til dømes vere namn på informantar eg kjende eller lokale namn i bydelen organisasjonen arbeidde i. Dette gjer at ein slepp det ekstra laget mellom meg og kjelda, som ein oversetjar kan innebere. Det vil framleis seie at det kan vere moglege feilkjelder, men arbeidet saman med språkstudentane, der eg kjende organisasjonen og dei kjende til lokale uttrykk er ei ekstra sikring. Viss det var saker eg var usikker på etter intervjua, spurde eg andre om det same eller gjekk tilbake til den opprinnelege kjelda. Eg vurderte å ha med omsetjar i rommet, men ville at det skulle vere eit rom der dei kunne vere seg sjølve. Sidan eg hadde deltatt i aktivitetar over ein periode på tre månader, og dei kjende til meg, vurderte eg det som lurt å ta intervjua åleine.

4.5.5 «Chinos» og språkutfordringar

Sjølv om eg har budd i fleire Latin-Amerikanske land, inkludert Colombia, kom eg likevel opp i situasjonar der ord eller lokale uttrykk var ukjende for meg. I eit møte med det

pedagogiske teamet brukte dei ordet «chinos» som direkte omsett på spansk, betyr kinesarar. På lokalt slang betyr det studentar. Dette gjorde at eg i halve møtet trudde dei diskuterte nokre kinesarar og korleis dei kunne samarbeide med dei. Det dei faktisk diskuterte var studentar og korleis dei kunne nå ut til dei i lokalsamfunnet. Eg fann ikkje ut av dette før eg faktisk spurde unde møtet kven desse kinesarane var. Då lo dei godt av meg og forklarte kva «chinos» betydde i denne konteksten. Det er viktig å vise til slike utfordringar når ein er i ein kontekst der ein snakkar eit anna språk som verken er morsmålet til vedkomande eller engelsk. Eg vel å vere transparent om dette i håp om å legitimitere forskinga mi. Sjølv om ein snakkar spansk i Colombia og mesteparten av Sør-Amerika, er det viktig å hugse at det finst forskjellar i det spanske språket imellom landa. Når ein i tillegg kjem over kvardagsslang som kan variere ikkje berre frå by til by, men frå nabolag til nabolag, er det viktig å vere klar over og ærleg på dette. Eg spurde venner (som kom frå andre delar av Colombia) om dette uttrykket. Dei sa at uttrykket «chinos» var nedlatande. Ein annan venn frå nordlege Bogota sa at dette ikkje var eit uttrykk han ville brukt. Det var eit meir lokalt uttrykk som var assosiert med dei meir fattige bydelane. Her kan ein sjå kor forskjellig uttrykk kan brukast, sjølv om ein er i same by.

4.5.6 Tekst

I IE skal ein sjå korleis tekst verkar styrande. Smith er opptatt av styringsrelasjonar, og tekst kan vere med å vise kva som er styrande for folk sitt arbeid (2005, s. 165). Dette var utfordrande i byrjinga fordi SPK ikkje har formulerte mål eller strategiar som dei arbeider etter. «The capacity to coordinate people's doings translocally depends on the ability of the text, as a material thing, to turn up in identical form wherever the reader, hearer or watcher may be in her or his bodily being» (Smith, 2005, s. 166). Tekst i denne samanhengen kan òg vere diskursiv, altså korleis ein snakker rundt tema og kva ord ein brukar (Smith, 2005). «Discourse itself is among people's doings; it is the actualities of people's lives; it organizes relations among people; and while it speaks of and from and in people's activities, it does not exhaust them (Smith, 2005, s. 25). Eg fann ikkje tydelege skriftlege strategiar, men eg fann andre måtar der tekst var ein del av arbeidet deira. I rapportskrivinga til økonomiske bidragsytarar var det viktig å skrive ned det kvinnene sa og gjorde under kursa. Dette skulle bli tatt med som «bevis» i rapportar som skulle bli sendt til den organisasjon som hadde støtta økonomisk eit spesifikt kurs, som til dømes det politiske kurset eg deltok på. I byrjinga fekk eg òg utdelt fleire små bøker som SPK har skrive. Eg prøvde lenge å finne ut korleis dei brukte dei, om det var på møte, i planlegging eller på kursa. Nokre av dei var meint for slike

utanforståande som meg, som lurte på kva SPK gjorde. Det var òg for å illustere kva SPK kunne og forstod om eigen kontekst, altså om kvinner og fred i bydelen deira. Ei bok vart brukt i aktivitetssamanheng for å lære deltakarar om healing. Produksjon av bøkene var betalt av internasjonale organisasjonar som til dømes FOKUS. Eg såg òg på SPK si Facebook-side for å sjå kva uttrykk dei brukte der og kva dei delte på si side.

4.6 Analyse av empiri

Analysearbeidet vert sett på som noko som også går føre seg under feltarbeid, altså som ein nøsteball ein løyser opp del for del. Dette gjorde at i feltarbeidet fann eg ut kven det kunne vere hensiktsmessig og snakke med etter kvart som eg lærte meir. Etter felt fokuserte eg på omgrep som SPK brukte og som verka relevante for masteroppgåva. Det vart viktig å skrive ut ei beskriving av organisasjonen i sin heilskap for å forstå kven informantane mine var, kva rolle dei hadde og korleis dei arbeidde. For å vise til kontekst rundt SPK, har eg brukt fleire døme på kvifor det inngår mykje arbeid i å halde seg trygg, korleis denne utryggleiken er normalisert, men også korleis vald og kontroll kan hengje saman. Vidare gjekk eg inn for å vise korleis omgrep som offer og fredsbyggjar var relevant eller på kva måte dei eventuelt ikkje rommar verkelegheita. Eg har eit delkapittel om healing, korleis dei bruker det i praksis og kva det betyr for forskjellige menneske i organisasjonen. Kjønn og forholdet til mannen har vore noko som kom fram i løpet av feltarbeidet. Eg prøver å diskutere mannen, machismo og kjønn som relasjonelt. Til slutt ser eg på forholdet til NGO-ar og korleis dei kan verka styrande for arbeidet til SPK.

4.7 Avgrensingar

I Colombia er det vanleg med ferie for mange organisasjonar og universitet i januar. Sjølv om eg hadde kontakt med leiar av organisasjonen, betydde dette at eg ikkje møtte dei før i februar. Kursverksemda byrja ikkje før i begynnelsen av mars, noko som gjorde at eg ikkje fekk så lang tid i felt som eg hadde tenkt. Ved meir tid kunne ein ha sett på kva verknader kursverksemda til SPK har på folk over tid. Mange av dei eg møtte var heilt nye i organisasjonen. Det tek tid å setje seg inn i ein ny organisasjon og dei omgrepa ein brukar der. Oppgåva ser ikkje på om det har ei langvarig reell påverknad på menneska. Dette set avgitt tid til masteroppgåva avgrensingar for.

Det var eit strategisk val å velje Colombia, fordi eg kjende både regionen og landet Colombia godt frå før av. Etter å ha studert spansk i både Nicaragua og Argentina og i tillegg vore på fleire feriereiser til land i Latin-Amerika innimellom i studietida, fekk eg i tillegg moglegheita til å arbeide i Bogota i 2017. Då arbeidde eg lokalt i ein internasjonal fredsorganisasjon i Bogota gjennom Norec (forvaltningsorgan som legg til rette for utveksling av menneske). Dette arbeidet var sentert rundt menneskerettar og korleis vi kunne gjere dei meir tilgjengelege for barn og unge i den internasjonale organisasjonen. Ved å bu og arbeide i eit land vert ein òg meir opptatt av kva som skjer politisk. Dette vil seie at eg følgde prosessen med fredsavtalen i tida etter at eg kom tilbake til Noreg, som igjen gjorde at eg hadde ein del bakgrunnskunnskap om spesielt korleis prosessen rundt fredsprosessen hadde utvikla seg. Bogota er i dag og var på den tida, prega av protestar. I 2017 var det taxisjåførane som blokkerte ei av Bogota sine viktigaste årer gjennom byen fordi dei var imot Uber (ei slags taxi teneste), mens det i 2019 var prega meir av studentprotestar mot økonomiske midlar som forsvann i korrupsjon.

4.8 Ethiske

Å bevege seg inn i andre sine liv ved å observere dei, intervjuer dei, analysere det dei seier og til tider tenkje kritisk omkring deira praksis kan verke uetisk for nokre (O'Reilly, 2012, s. 62). Det er difor viktig å vere klar over eiga rolle og kva den kan påføre omgivnadane. Dette var noko eg prøvde å ha i tankane når eg gjennomførte feltarbeidet. Eg visste før eg kom inn i felt at det var menneske som hadde opplevd traumatiske hendingar i liva sine, og nokre var karakteriserte som offer, utan at eg visste kva som låg i dette. Etter kvart som eg vart kjend med menneska og dei vart kjend med meg, snakka nokre av dei meir fortruleg med meg. Nærgåande oppleving av personleg traume er ikkje noko eg skal skildre i denne oppgåva, sjølv om eg som medmenneske høyrde på historiene deira. Det var viktig for meg i slike situasjonar å fortelje personen at dette ikkje var noko eg kom til å skrive om. Bauman (O'Reilly, 2012, s. 83) skriv at ein kan tenkje etiske spørsmål som «situated dilemmas». Det handlar om at ein tar opp og løyser etter kvart det som kjem opp i felt. Feltarbeidet er gjennomført i tråd med NSD (norsk senter for forskingsdata) sine retningslinjer. Det er brukt bandopptakar ved intervju av informantar. Før intervjuet fekk dei eit skjema der mal frå NSD vart brukt for å skildre prosjektet, målet med det, at deira personlege informasjon, med blant anna namn, kom til å vere anonymisert. Etter som eg følgde opp eit kurs fekk eg høve til å presentere meg sjølv og kvifor eg var med. Ein veit at dersom forskaren er lenge på ein plass,

kan vedkomande sitt oppdrag verta gløymd fordi ein vert ein naturleg del av omgivingane. Det vil difor vere nødvendig å igjen spørje om lov eller løyve til å delta. Dette kom ofte opp i lunsjpausar fordi eg fekk moglegheita til igjen å snakke om føremålet mitt med intervjuar. Som dei fleste som gjer etnografisk forskning, arbeider ein innanfor eit etisk rammeverk, som til dømes NSD. O’Rielly skriv at ein bør ta for seg og handtere dilemma, som ein del av den pågåande refleksive praksisen av etnografi (2012, s. 83). I tillegg til å anonymisere personopplysningar, har eg valt å anonymisere lokaliteten og namnet til kvinneorganisasjonen. Eg har omsett namnet til norsk (Senter for promotering og kultur, SPK) og deretter bruke forkortinga gjennomgåande for å ivareta anonymitet. Dette gjer eg fordi arbeidet som menneske i leiinga held på med, kan gjere dei meir utsette i lokalsamfunnet. Kvifor dei er utsette vil eg vise i seinare kapittel.

5 Empiri og analyse

Når eg spør «korleis ein lokal kvinneorganisasjon arbeider med kvinner og fredsarbeid» er naturleg å byrje med organisasjonen, korleis dei arbeider og kven dei er. Deretter vil eg gå gjennom ei konseptualisering av omgrep som SPK (senter for promotering og kultur), FOKUS og deltakarane brukar rundt eige arbeid. Eg vil vidare sjå på korleis frykt pregar det kvardagen og korleis arbeidet i å halde seg trygge er med å påverke deltakarar i kvardagslivet deira. Dette kan òg bli sett på som eit hinder for å få kvinner eller andre til å delta politisk i dette miljøet. Deretter vil eg sjå på kva som er målet med kursverksemda deira med nøkkelord som transformasjon, bruk av ordet offer og kvifor bruk av utviklingsord som «empowerment» er relevant her, då det er mogleg å knytte det til eit større bilete i utviklingsdiskursen. SPK sin healing-praksis, og korleis dette er inkorporert i alle delar av verksenda deira vert òg tatt opp. Eg vil fokusere her på kor knytta healing er til offeridentiteten. Innanfor healing vil eg òg nemne det kroppslege fordi dette er noko som både er viktig for SPK, men som òg kan vere utfordrande å setje ord på. Deretter vil eg sjå på fellesskapet og kva kurs og møte innhald for deltakarane. Eg vil vise korleis SPK og Nuquelo arbeider forskjellig, sjølv om dei ligg under same organisasjon og styre. I Nuqleo ser ein deltaking som noko meir sårbart, og sjølvhjelpaspektet gjennom healing kjem meir fram. Ei forståing av mannen i SPK er viktig å få fram fordi «mannen» ikkje vert inkludert i fredsarbeidet. Med Gutmann (1996) som går forbi ei forenkling av mannen og Goffmann (1992) i det performative, vil eg vise kva som skjer med mannen. Deretter fokuserer eg meir på korleis kursa vert planlagt, kva som vert lagt til grunn for eit slikt kurs og innsyn i «backstage» av organisasjonen. Her ser ein kor viktig

det har vore å innlemme FN-resolusjonen 1325 i arbeidet deira. Eg vil argumentere for at viktigheita av dette har vore påverka av samarbeidet deira med internasjonale kvinneorganisasjonar som FOKUS. Eg vil til slutt sjå meir på samarbeidet og rolla til internasjonale organisasjonar som FOKUS. Det vil i tillegg vere relevant å sjå korleis sosiale medium vert brukt og korleis emneknaggar som «kvinner som lager fred» vert brukt i arbeidet deira.

5.1 Organisasjonen (SPK)

Senteret for promotering og kultur (SPK) er primært eit senter for kvinner, sjølv om dei òg arbeider med barn og ungdom. Her driv dei ein intern skule med kursverksemd for kvinner. Dei har utvikla kurs som skal hjelpe offer av krigen til å handtere sine trauma. Senteret vart oppretta i 1978 og har arbeidd lokalt sidan då. Senteret og aktivitetane deira, er sentrert i ein «barrio popular» eller ein fattig bydel som ligg i utkanten av Bogota (Clarita, personleg kommunikasjon, 12. februar 2019). Nabolaget er prega av kriminalitet og med dette òg vald. Tilsette i organisasjonen seier at det er lokale kvinner som er deira hovudfokus, sjølv om kven deltakarane skal vere og korleis dei skal verta rekrutterte er stadig ein intern diskusjon. Det er ein organisasjon som skal gje kvinner verktøy slik at dei kan ta del i den lokale og nasjonale politikken og vere med på å forme eige samfunn, men og Colombia si framtid. SPK arbeider også med born og unge. Dei har ikkje fått noko særleg plass i oppgåva mi, då eg primært følgde aktivitetar knytt til kursverksemda deira for kvinner. Ein del av arbeidet mitt har vore å forstå oppbygginga av SPK, deira historie, kven som støttar dei økonomisk og kven som arbeider der. Dette er ein del av min empiri som eg vil presentere i oppgåva.

5.1.1 SPK, Barnehuset og Fasol og utvikling frå tradisjonelle kurs til politikk

SPK er lokalisert i den austlege delen av Bogota og består av tre bygningar. Primærhuset, er ein fleksibel stad som rommer eit bydelsbibliotek, kursverksemda deira og dei fleste interne møte. Det er også her dei tilsette i SPK har kontora sine. Det andre huset er ein barnehage. Dei satsar spesielt på å skape ein trygg arena for barn i det som elles er ein bydel prega av stor fattigdom. Barnehagen er eit tilbod til kvinner i bydelen og ikkje berre for kvinner som deltar på kursa til SPK. Det tredje huset heiter «Fasol» som er ei forkorting for solidariske familiar. Det er eit hus som tidlegare har hatt mykje aktivitet, med til dømes matlagingskurs og sykurs. Etter eit skifte vekk frå det Clarita (leiar for Fasol og Nuqleo) kalla «tradisjonelle kvinnekurs», vart det meir fokus på å få kvinner politisk aktive, som aktive samfunnsborgarar

i egne lokalsamfunn (Personleg kommunikasjon, 18. februar 2019). Dette vil seie at Fasol ikkje har like mykje praktisk aktivitet som tidlegare. Dette var ein av problemstillingane dei arbeidde med når eg var der å gjennomførte feltarbeidet. Vekentleg gjennomfører dei ei samling med rundt 20 lokale kvinner. Fleire av desse har vore med i mange tiår. Dei er òg bevisste på miljøet rundt dei, og på takterrassen har dei starta eit grønsakhageprosjekt. I hagen dyrkar dei gulrøtter, salat, jordbær og urter som kvinnene deler mellom seg. Det inngår ein del arbeid i å ta vare på hagen. Arbeidet deler dei mellom seg på samlingane eller når det trengst. Fleire av kvinnene har òg blitt motiverte til å ha egne kjøkkenhager heime. I ein samtale med Clarita forklarar ho at grunnen til skiftet vekk frå meir tradisjonelle kvinnekurs, var fordi organisasjonen sine leiarar ikkje lenger ville reprodusere tidlegare kjønnsroller der kvinner sin plass var på kjøkkenet. Dei ville gå vekk i frå kurs som lærte kvinner å sy og heller få kvinner til å ta del i det politiske livet. Denne utviklinga er interessant fordi det forklarar at dei er i diskusjon med seg sjølve om korleis dei kan vere til nytte i lokalsamfunnet. Samtalen under illustrerer noko av dette.

José: Nokre gonger spør dei, kven er SPK? Okey, og vi skjønnte at vi måtte byrje å lage eit register av kva vi har gjort.

Meg: Meiner du av historien dykkar?

José: Ja, vår historie, her har vi ein kjellar der vi har lagra all informasjon om karneval, om dei workshops vi har hatt, det vi har gjort har vore veldig fornuftig, fordi no har vi det der. Og når nokon kjem å spør «kven er SPK», så har vi det.

José viser at SPK hadde eit behov for å vise kven dei var for menneska i bydelen og dei menneske som dei prøvde å nå med kursa sine. På den andre sida var det òg eit behov i møte med økonomiske bidragsytarar, slik at dei skulle forstå kva SPK hadde gjort, kven dei var, men òg kva påverknad dei hadde på lokalsamfunnet.

5.1.2 SPK si historie

SPK sitt mål er å konstruere ein open og solidarisk plass slik at kvinner, unge og barn kan skape nye relasjonar (Promocion y solidaridad Javeriana, u.å.). Val av namnet på organisasjonen var for å vise at dei ønskte ei endring i samfunnet og deira arbeid mot denne endringa. Det var òg for å vise til Jesus og at han ønskte det beste for mennesket (José, personleg kommunikasjon, 18. mai 2019). Namnet hadde meir relevans før, men det er vidareført fordi det viser til at dei ønskjer ei endring. På nettsida deira erklærer dei at dei ønskjer at kvinner blir bevisste på eigen verdi og er aktive i å styrkje alternative sosiale,

kulturelle og politiske liv. Sjølv om SPK karakteriserer seg som religiøst nøytralt og bruker heller ord som spirituelle, har organisasjonen si byrjing i katolismen. Fleire av leiarane kom inn i organisasjonen fordi dei var engasjerte i kyrkjearbeid. På 70-talet kom dei fram til at det var viktig å distansere seg frå kyrkja og deira arbeid, slik at dei kunne verke og arbeide meir uavhengig. Mila seier at dette var eit strategisk val fordi det gjorde at dei kunne ta for seg kvinnesaker som det ikkje gjekk an å snakke om i kyrkja på same måte (personleg kommunikasjon, 12. april 2019). Nokre av sakene SPK fokuserte på var ikkje compatible med arbeidet til kyrkja, som til dømes kvinner sin rett til å bestemme over eigen kropp (Mila, personleg kommunikasjon, 12. april 2019). Det har i tillegg vore viktig for dei å ikkje vere assosierte med ein religion eller ei kyrkje, då dei har lyst til å handle uavhengig av dei, og på den måten kunne inkludere fleire.

5.1.3 Bydelen

Bydelen ligg på austsida av Bogota og har over ein million innbyggjarar (Clarita, personleg kommunikasjon, 18. februar 2019). Det er ein av Bogota sine mest befolka bydelar. Grunnen til at mange flytta dit på 70-talet var fordi tomtene var svært billige. Nokre fortalte at det ikkje alltid var nødvendig å betale for dei, men dette har eg ikkje hatt moglegheita til å verifisere (Clarita, personleg kommunikasjon, 12. februar 2019). Det var difor ein plass mange flytta tidleg til for å kunne bygge sitt eige hus. Dette er framleis ein fattig bydel som huser mange av dei internt fordrivne som kjem til Bogota. SPK arbeider i nærleiken av ein av byens største grønsaksmarknader. Området rundt marknaden er kjent for at det er mykje søppel i gatene. Det er også her huset til Fasol ligg. Rett ved sida av ligg det ein park med eit lite vatn eller ein «humedal». Lenge var det ikkje mogleg å nyte den då det var fullt med søppel. Etter fleire år med oppreinsking, men òg ved at kommunen kom inn og tok over ansvaret for den daglege drifta av parken, er den no som ein sjeldan grøn oase i ein by som elles er ganske grå. Det byrjande arbeidet med å ta vare på grøntområdet var òg noko kvinnene i Fasol var med på. Både gjennom bevisstgjerjing av menneska som budde rundt og i bydelen, var kvinnene med på å få fram kvifor det var viktig å ta vare på området (Clarita, personleg kommunikasjon, 2. april 2019). Sjølv om eg kunne inkludert fleire kontekstualiserande døme her, har eg valt desse fordi det viser til kva miljø SPK arbeider i. Det viser òg kva som gjorde at menneske flytta dit i utgangspunktet (billege tomter) og kven som flytter dit no. Dette er aktuelt når ein ser på korleis SPK arbeider fordi befolkninga er deira potensielle mottakarar av kursa.

5.1.4 Aktivitet på senteret

SPK er eit senter for kvinner, sjølv om dei òg arbeider med barn og ungdom. På senteret gjer dei mykje av det planlegginga, har interne møte og kontora sine. Det er også eit slags kulturhus, der dei har hatt alt frå dansekurs til målingskurs. Dei faste hendingane som føregjekk på huset då eg var der, t var blant anna eit sosialt mediekurs. Dette handla om nyhendebilete, men også korleis ein kunne skilje mellom verkelege og falske nyhende (Mila, personleg kommunikasjon, 13. februar. 2019). Det andre kurset heitte politisk deltaking for populære (les fattige) og varierte kvinner for beslutningspåverknad og styring (Participacion politica de las mujeres populares y diversas para la incidencia y la gobernanza). Det tredje kurset dei har finn stad utanfor Bogota. Dette er eit kurs for offer av konflikten. Clarita skildrar det som eit positivt tiltak der ein kan ta tak i individuell smerte og dele med andre som har hatt liknande opplevingar (personleg kommunikasjon, 3. mai 2019). Dei lagar ein dokumentar til slutt som viser litt av det dei har gjennomgått, men og slik at deltakarane kan få føle på å skape noko positivt ut av smerte. Dette kurset fekk ikkje eg høve til å delta på, då eg først fekk høyre om det på slutten av opphaldet mitt. Det kan vere fordi dei gløymde å inkludere meg eller fordi det var eit såpass personleg kurs, som det kunne vere vanskeleg å ha utanforståande som meg med på.

I 2018 gjennomførte dei eit kurs som handla om fredsavtalen. Her gjekk dei inn og såg kva avtalen sa spesifikt, kva som skulle skje vidare med den og korleis den påverka kursdeltakarane (Alicia, personleg kommunikasjon, 13. februar 2019). Etter at eg reiste frå Bogota, har eg følgd SPK på sosiale medium, og fått tilsendt informasjon om aktivitetane deira på WhatsApp (ei chatteteneste) . Ein av aktivitetane var noko dei kalla eit distriktsmøte for kvinnelege fredsbyggjarar der dei følgjer opp om punkta i fredsavtalen vert gjennomførte. Organisasjonen har altså gradvis endra rolle og funksjon og følgjer fredsavtalen sin prosess. I starten handla det om korleis dei skulle nå fredsavtalen, seinare til kva den punktvis handla om, og no om korleis kvinnene kan vere med å følgje opp at myndigheitene held sin del av avtalen.

5.1.5 Arbeidsstruktur, rekruttering, evaluering og økonomi

For å få innsikt i kven og korleis dei planlegg kursa sine vil eg starte med å presentere dei tilsette. Øvste leiar og koordinator for SPK er Alicia. Ho har ansvaret for huset, for prosjekta og siste ansvar for å sende inn evalueringsforma til dei økonomiske støttespelarane. Under

Alicia sit fleire team. Nokre team er ho aktiv i og ansvarleg for framgangen, medan andre deltar ho ikkje direkte i. Det pedagogiske teamet er dei som planlegg, legg innhald i og gjennomfører alle kursa. Dei som sit her er professorar i sosiologi, antropologi og statsvitskap. Av desse er det to av dei som tar aktivt del i kursleiinga og gjennomføringa av kursa. Det er i tillegg med ein advokat som skal hjelpe kvinner med saker som til dømes vald i familierelasjonar, men som også skal hjelpe senteret i korleis dei skal handtere alvorlege saker. «Fredsbyggjar» eller det å skape fred vert ikkje berre knytt til landets konflikt, men og «lokalt i heimane til folk. Advokaten er også aktiv i samtalar rundt utforming av kursa. Dei har også med seg to yngre jenter. Den eine jenta er student som har praksis på senteret og arbeider mest med kommunikasjon og sosiale medium. Den andre arbeider med ungdommane som enten deltar på kursa eller som berre brukar huset som ein møteplass. José, Mila og Clarita er og med i det pedagogiske teamet. Dei er med på den praktiske gjennomføringa både før og under kurs. Dei tre sistnemnde har også ansvar for meditasjonen og det dei kallar ein healingsprosess som dei bruker konsekvent i alle kursa. Dette inneber bruk av meditasjon og forskjellige øvingar som skal varme opp kroppen.

Rekruttering er ein av dei viktigaste og mest sentrale oppgåvene SPK har kvart semester til nye kurs. Alma er den som har hovudansvaret for å rekruttere kvinner til kursa. Ho går frå dør til dør, enten åleine eller saman med Clarita, Linda og andre damer frå Nuqleo. På det politiske kurset var målet å få 80 kvinner fordelt på to grupper som skulle møtast kvar si helg. Rekrutteringsarbeidet inkluderer og dei andre i det pedagogiske teamet. Det er viktig for dei at det ikkje er same deltakarar, men at dei klarar å rekruttere både fleire nye kvinner og unge til kursa sine. Det har vore ein intern diskusjon om kven dei skal rekruttere og korleis ein skal rekruttere dei. Først er det viktig å få fram at det verkar som om det er ein forskjell i deltakarane som deltar i Nuqleo hos Fasol og dei som er deltakarar på det politiske kurset på senteret. På samlingar med Nuqleo har brukar dei ein «mjukare» inngang til kompliserte tema som politikk og kva som skjer rundt fredsprosessen.

Clarita forklarar at dei gjerne brukar matlagingskurs som ein unnskulding for å motivere kvinnene til å kome, men at det ikkje er matlaginga i seg sjølv som er målet (personleg kommunikasjon, 14. mars 2019). Målet er å få kvinnene i tale, få frå i gang ein diskusjon om lokale og nasjonale problem og hendingar. Når vi snakkar om arbeidet hennar (Clarita), fortel ho at det er vanskeleg å få tak i nye deltakarar. Det er viktig for SPK å vise til at dei heile tida utdannar nye. For sjølv om kanskje dei som arbeider hos SPK anerkjenner at det er ein langsam prosess å utdanne kvinner som politiske aktive, ligg det eit press på dei i å utdanne

fleire. Det er ikkje nødvendigvis noko negativt at SPK vil utdanne nye. Dei trur på programmet sitt og ønskjer å inkludere så mange som mogleg. Trass i dette er rekrutteringsarbeidet ei utfordring for SPK. Dei uttrykte at det ikkje er lett å skaffe nye deltakarar og at det kan vere vanskeleg å motivere kvinner til å delta som ikkje er kjende med SPK. Alma sa at det må vere unike deltakarar og ikkje berre dei same tar mange kurs om gongen, sjølv om dette også skjer (personleg kommunikasjon, 14. mars 2019). Dette kan verta sett på som ein styringsrelasjon frå overordna hald, dei som sit på den økonomiske makta, nemleg NGO-ane. Gjennom nøye evaluering som igjen vert sendt til NGO-ane som har finansiert programmet, kan SPK vise til visse resultat der rekruttering er eit viktig aspekt.

Clarita la vekt på at organisasjonen skulle ha eit fokus på lokale kvinner (personleg kommunikasjon, 14. mars 2019). For henne skulle SPK vere for kvinner som kom frå bydelen, som gjerne ikkje hadde moglegheita til å fullføre utdanning. Dette var ikkje alle einige i og det kunne ein og sjå i kven som var deltakarane i det politiske kurset. Der var det både kvinner som var tilknytta universitet, nokre som hadde høge utdanningar, andre som kom langvegsfrå i tillegg til desse «lokale kvinnene». I ein anna samale då eg spurde Alma om dei brukte sosiale medie som Facebook for å rekruttere, så ho at ho skulle ønskje ho kunne bruke det meir (personleg kommunikasjon, 14. mars 2019). Alicia (leiar) likte nemleg ikkje å bruke facebook. Ho meinte at det kunne kome folk som tok for mykje plass, som kunne trække på andre sine tær (personleg kommunikasjon, 22. mars 2019). Desse var kalle «dei som reiste rundt og tok mange kurs». Det er altså nokre kvinner som ikkje var «riktige», som kanskje kunne trække på andre sine tær. Dette viser at det er nokre kvinner som i SPK si meining ikkje passer inn i denne gruppa som fredsbyggjarar. Det er interessant fordi det slår sprekker i idéen om det kvinnelege kollektivet, fordi det er visst nokre kvinner som ikkje passar inn på kursa hos SPK.

SPK er økonomisk avhengig av internasjonale støttespelarar som Oxfam eller FOKUS og myndigheiter som Baskerland i Spania. Dette var nokre av organisasjonane eg fekk høyre om under feltarbeidet. Når pengar kjem inn i biletet, vil det følgje med nokre krav til å vise korleis dei vert brukt. For SPK sin del handler dette om to ting. Det første er at det er krav om å vise korleis dei brukar midlane. For det andre vert det gjort krav om å samle inn «bevis», vitnesbyrd og observasjonar frå kursa. Evalueringsarbeidet og spesielt det SPK må sende inn til desse aktørane, vert skildra som det mest strevsame arbeidet (Clarita, personleg kommunikasjon, 15. april 2019). Fleire av dei som arbeider på huset har ei rolle i

innsamlingsprosessen. Det kvinnene har uttalt på kursa, vert til dømes brukt som bevis og må sendast inn til den organisasjonen kurset er finansiert av (José, personleg kommunikasjon, 15. april 2019). Slike vitnesbyrd blir brukt for å vise kva påverknad kursa har på kvinnene og kva dei lærer. Til og med deltakarane får eit ansvar i denne innsamlingsprosessen. På ein av dei første kursdagane vart det lagt vekt på at dei måtte hugse kvittering til bussreisene sine slik at dei kunne få igjen pengar. Dette var også for at SPK skulle kunne vise til kor dei brukte pengane. Kravet om å vise kor pengane vert brukt, er altså noko som vedkjem alle som er ein del av SPK. Evalueringa vert sett på som bevis for om kurset har vore ein suksess eller ikkje. I ein slik rapport som SPK sender, kan det vere utfordrande å skrive om dei tinga som ikkje fungerte så godt eller kor aktive kvinnene faktisk vart etter endt kurs. På grunn av SPK si økonomiske interesse, vil det gagne dei å fokusere på kursa sine positive sider, heller enn å sjå på dei aspekta som ein kunne ha arbeidd vidare med. Slik SPK sin situasjon no er lagt opp, er dei avhengige av midlar utanfrå. Dei får støtte frå internasjonale organisasjonar som kan ha lokale kontor i Colombia, men som i hovudsak har sine sete utanomlands. SPK sitt arbeid lir når dei ikkje får gjennom prosjekt hos internasjonale NGO (non-government organization) (José, personleg kommunikasjon, 15. april 2019). Dette er med andre ord ein translokal relasjon med stying utanfrå (Smith, 2005). Slik nodagens forhold er lagt opp, er SPK avhengig av økonomiske midler utanfrå og då gjerne utanfor Colombia.

5.2 Kurs – politisk deltaking

SPK arbeider med «educción popular» som er ei form for praktisk folkeopplysing (Mila, personleg kommunikasjon, 20. mars 2019). Dette omgrepet har eg høyrte vert brukt om kursverksemda deira, som de får høyre meir om i neste avsnitt, men òg om Nuqleo-gruppa. «Educcion popular» handlar om å lære praktisk. Det handlar om å knytta kunnskap og informasjon til daglegdagse praksisar. SPK prøver å relatere kunnskap til kvinnene sine lokale liv og problem.

«Diplomados» som eg vel å kalle kurs som SPK organiserer, står for ei slags sertifisering. Kurset som eg deltok på, vart avslutta i ein seremoni der ein fekk utdelt kursbevis. Dette skal stå på lik linje som eit kurs ein kan ta på universitet. Det er lagt opp med gjennomføring av prosjekt, førelesingar og presentasjonar. Kursa hos SPK er gratis. Dette er ganske unikt i eit land der eit semester ved eit av dei dyraste universita som «Los Andes» kan koste 55.000 kroner (Gonzalez, 2017). Rektor på Andes uttalt at kvalitetsutdanning er dyrt i heile verda, ikkje berre i Colombia (Gonzalez, 2017). Det som er forskjellen er at mange bogotantarar

lever på ei minimumsløn på 2198,79 kroner i månaden (DLA piper, 2019). Det er også mørketal rundt dei som arbeider i den uformelle sektoren, som faktisk og tener mindre enn dette. I Colombia arbeider 46,9 prosent av befolkninga i den uformelle sektoren, som vil seie at dei ikkje har tryggleik i minimumslønna (DANE, 2019). Dette gjer at utdanning i Bogota er tilgjengeleg for dei som har råd til dette. Med ei månadsløn som er omlag ein fjerdedel av det eit semester koster, vil dette i praksis bety at mange i bydelen sentrert ligg i, ikkje har moglegheit til å utdanne seg vidare. Dette vart bekrefta av mange av deltakarane eg snakka med. Fleire av kursdeltakarane er kvinner som hadde lyst til å gå vidare til universitet, men som ikkje hadde råd til dette. SPK sitt politiske kurs gir kvinnene eit faktisk bevis på at dei har gjennomført eit universitetskurs. Det gjer dei kunnskap, som til frå eit vanleg universitetskurs, har dei i tillegg fokus på mennesket og deira personlege utfordringar. På kurs vel kurshaldarane å sjå på kva hinder som kan vere i vegen for kvinner å delta politisk. Dei ser både på intern frykt for å delta, som handlar om tankar som «Er eg god nok?» eller «Kan eg nok for å delta?». På den andre sida ser dei på kva hinder samfunnet er ansvarleg for, som til dømes forventinga om at kvinner framleis er dei som må gjere mest arbeid i heimen. Nokre av kvinnene eg snakka med på eit av kursa eg var deltakar på, sa at kursa var ei unik moglegheit for å lære meir om tema som dei var engasjerte i. Dette var ei gruppe studentar som vart rekrutterte gjennom universiteta deira. Andre kvinner vart rekrutterte gjennom venner som hadde vore på kurs tidlegare og gjekk saman med dei, medan nokre var enten oppmoda av familien sin til å delta eller hadde vore gjennom eit samlivsbrot som gjorde at dei ville utforske nye arenaer. Dette var nokre av grunnane til kvinnene ville delta. Eg antar at det finst fleire personlege grunner til å delta som eg ikkje har lykkast å fange opp.

Alle, inkludert meg sjølv, måtte skrive oss på ei liste kvar gong vi møtte opp på kursdag. Her skreiv vi fullt namn, e-post, telefonnummer og lokal ID. Dette var sendt med evalueringane til organisasjonen som hadde støtte det spesifikke kurset for å verifisere talet på deltakarar. Det var òg for å kunne vise kor mange dei trong å kjøpe lunsj til. Lunsj er noko dei tilbydde gratis til alle deltakarar då dei held på frå klokka 9 til 16 fredag og laurdag annankvar dag. Dette var eit insentiv SPK brukte for å få kvinnene til å delta. Magdalena, ei av kvinnene som kom inn som kursdeltakar, som også er deltakar på Nuqleo (som eg tar for meg i neste avsnitt) er den som er ansvarleg for lunsjen. Ho starta ei cateringbedrift ved sida av det arbeidet ho gjer for SPK. Magdalena fortel meg at det var leiar Alicia som motiverte ho til å starte denne bedrifta (personleg kommunikasjon, 2. april 2019). Arbeidet som inngår i å lage lunsj er lønna, men

det arbeidet ho gjer med kursdeltakarar er ofte frivillig og ulønna. Magdalena seier sjølv at det ikkje gjer noko og at ho likar å verte inkludert i arbeidet som SPK gjer.

5.2.1 Nuqleo

Nuqleo tydar «kjerne» og var eit lågterskeltilbod der forskjellige kvinner frå bydelen møttest ein gong i veka. Nuqleo vert gjennomført på huset Fasol som er ein del av organisasjonen SPK. Nuqleo vert skildra som eit rom kvinnene kan bruke på det dei vil. Clarita som er leiar, planlegg ofte eit tema frå gong til gong ut frå enten det ho meiner sjølv det er behov for eller kva kvinnene sjølve uttrykkjer at dei treng. Det skal vere eit trygt rom, der ein kan vekse, diskutere og samlast i tryggleik. Biletet om ei indre kjerne der ein kan dele uroa si er beskrivande for det som føregår der. Ein av dei første gongane eg kom til Fasol, følgde Alma meg. Området som bygninga ligg vert beskrive som mindre trygt (Alma, personleg kommunikasjon 20. februar 2019). Det var difor viktig med lokal kunnskap når ein skulle velje tryggaste ruta dit. Dette gjeld for fleire stader i Bogota, og ein går gjerne og ser seg over skuldera mens ein beveger seg gjennom gatene. Sjølv om eg forklarte at eg kjenner Bogota frå tidlegare, vilel dei helst ikkje at eg skulle gå åleine den første gongen. Eg fekk høyre at sjølv om eg kjenner Bogota, så kjente eg ikkje denne bydelen. Dette viser kor farleg dei meiner deira eigne omgivnader. Det viser og kor avhengige dei er av å kunna «lese» omgivnadene sine.

Eg har tidlegare høyrte historien om oppstarten til Nuqleos. Clarita fortel at på 80- 90-talet var det mange små grupper i forskjellige delar av bydelen. Dei føregjekk heime hos ein av deltakarane etter tur og orden. Her diskuterte dei aktuelle nyhende, kva dei kunne gjere for å utvikle seg vidare og korleis ein skulle bli behandla i av andre familiemedlemmet (Clarita, personleg kommunikasjon, 2019). Magdalena fortalte at det ikkje var mange som visste kva psykisk vald var (personleg kommunikasjon, 16. april 2019). På Nuqleo lærte dei at dette var på linje med det å verta fysisk slått. Tidlegare var det mange av desse gruppene, og dei vaks fram ved at fleire og fleire kvinner kom på møta og vidare vart oppfordra til å starte eigne grupper i sine nabolag. Etter kvart er det blitt færre av dei, og no er det berre ei gruppe igjen. Dei er ikkje sikre på kvifor det er blitt slik, men Clarita meiner det er fordi det ikkje er så mange som er heime på dagtid lenger. Det er eit større press på å få inn nok inntekt slik at mor òg må jobbe og er difor ikkje heimeverande på dagtid. Dette er nok eit døme på kjønnsroller som er i endring (Gutmann, 1996). Fleire internt fordrevne har tidlegare blitt rekrutterte inn i desse gruppene. Sjølv om det framleis er menneske som er internt fordrevne i bydelen, har det

blitt vanskelegare å kome i kontakt med dei. Eg får ikkje noko god forklaring på kvifor det er slik. Clarita og den gjenverande Nuqleo-gruppa held no på med eit arbeid med korleis dei skal rekruttere fleire kvinner til bydelen. Det er eit ønske om at dei skal verta like store og relevante som dei var på 80 og 90-talet. Dei må kanskje då endre opningstider og ha aktivitetar meir på kveldstid for å rekruttere kvinner som er i arbeid.

Første gong eg skulle delta på gruppemøte hos Nuqleo, var det ingen som kom til oppsett tid. Dette er noko ein blir vane med då få aktivitetar som eg har delteke i, startar presis. Tretti minutt etter oppstart byrja folk å kome. Alle fekk eit kyss og ein god klem, og vi venta til alle har fått sett seg og sagt sine «Como esta», korleis går det? og «Como te ha ido» korleis har det gått med deg sidan sist? Vi sat i sirkel, og kvar og ein av oss fekk presentere seg. Eg fortalde om prosjektet mitt, som innebar at eg skulle vere på huset å delta på møta framover for å sjå kva dei gjorde. Eg sa at det er dei som er ekspertar i eigne liv og at det er dette eg ønskte å lære meir om. Dei lo nervøst når eg nemnde ordet ekspert, og dei spurde meir om kvifor eg kom akkurat til bydelen deira. «Det er ikkje ofte folk vil kome hit», sa ei. Om dette betyr «sånne som meg», altså utlendingar, eller heller rike colombianarar er eg usikker på, men det kan seie noko om kva dei sjølve syntest om eigen bydel og korleis han vert sett på utanfrå. Dei ser på heimstaden sin som ein stad som kan vere farleg, der ein må vere lokalkjent for å kunna manøvrere seg trygt gjennom den. Det var uansett viktig for meg å få fram føremålet mitt med oppgåva.

Clarita tok etter kvart ordet og byrja å snakke om korleis dei skal rekruttere fleire til denne gruppa. Ho sa «vi er ei god gruppe, men det er viktig at vi ikkje blir ein gjeng med bestemødre» (personleg kommunikasjon, 13. mars 2019). Dei har registrert ein tydeleg nedgang i kven som deltek på desse samlingane, og dei ønskte å samle fleire kvinner. Dei blir først einige om kva dag dei skal gå rundt for å prøve å rekruttere fleire kvinner. Med seg skal dei ha ein brosjyre som fortel om arbeidet deira og kva ein kan vere med på som ny. Det blir foreslått at dei skal ha ein «mercado», ein marknad. Her skal alle ta med seg ein ting, gjerne ei matvare, som dei så skulle lodde ut. Clarita meinte det var lettare å få kvinner med på noko slikt, for deretter å invitere dei vidare enten til Nuqleos eller til dei meir organiserte kursa SPK hadde. Clarita snakka om ei gruppe kvinner som ikkje lar seg freiste av dei vanlege kursa som SPK tilbyr. Dess kvinnene føler at dei ikkje høyrer heime der, at materialet vert for vanskeleg eller at dei ikkje har interesse for eit kurs som handlar om politikk (Clarita, personleg kommunikasjon, 13. mars 2019). Nuqleo verkar difor som eit alternativ for desse kvinnene. Målet deira som organisasjon, er å til slutt få dei med på SPK sine kurs. Clarita

uttrykte at det er fleire som føler at dei ikkje har noko å kome med på desse kursa. Likevel meinte Clarita at gjennom Nuqleo kan ein skape eit engasjement og byrje i det små med saker som påverkar kvinnene direkte som til dømes fredsavtalen.

I ein av samtalane eg hadde med Clarita, kom vi inn på akkurat dette med kva dei held på med på huset. Eg var opptatt av å spørje om dei faktiske aktivitetane dei har for å få ei oversikt. Clarita ville heller fokusere på kva ein kunne få til med å arrangere eit matlagingskurs. Ho ville vise kva matlaging kan mogleggjere, nemleg samtale og diskusjon (personleg kommunikasjon, 2. april. 2019). Målet var å få kvinnene innanfor dørene for å kome nærare dei og lære dei å kjenne. Her ser ein korleis dei må «pakke inn» politiske temaer. I etterkant av ein av desse samlingane der vi skulle lære oss å lage «arepa de huveos», sa Clarita at «vi fekk snakka om fred og framgangen med fredsavtalen i kongressen» (personleg kommunikasjon 10. april 2019). Matlaginga var nærast ei unnskuldning for å få kvinnene med. Ut i frå desse avsnitta ser ein at det er vanskeleg for SPK å rekruttere kvinner. På ein måte kan ein seie at dei sel eit produkt som nokre av kvinnene i utgangspunktet ikkje har lyst på. Det går enormt mykje arbeid inn i å ikkje berre overbevise dei om å kome, men så passe på at informasjonsflyten skjer sakte nok til at kvinnene ikkje faller av. Det at det kan bli «for politisk» for nokre av kvinnene er interessant i at det verker som om dei meine at det er relevant for liva deira (Clarita, personleg kommunikasjon, 2. april 2019). Kanskje kvinnene føler at det ikkje er noko dei eigentleg kan gjere noko med eller er deira potensielle deltaking prega av frykt?

5.3 Frykt

Lokaliteten organisasjonen held til i vert karakterisert som ein «barrio popular» eller ein fattig bydel med sosiale problem. Informantane mine fortalde om ein kvardag med ein bande med tilknytning til paramilitære grupper som kontrollerte denne delen av byen. På ein tur rundt i området, spurte eg ein av medarbeidarane i SPK om kvifor dei meiner det er utrygt her. Han fortalde at området er kontrollert av paramilitære grupper (personleg kommunikasjon, 20. februar 2019). Eg spurte vidare om han veit kven som er assosierte til desse gruppene, og han fortalde at dei fleste har ei aning om kven det kan vere, men at dei ikkje kan vite det sikkert. Eg fekk ein følelse av at eg ikkje skal spørje meir om dette teamet, at eg skulle la det ligge. Det er kanskje ikkje dette dei vil vise den norske feltarbeidaren? Det er uansett ikkje eventuell paramilitære grupper som er tema i masteroppgåva mi, sjølv om det i høgste grad har ein reell påverknad på livet til dei som bur der. Eg vel likevel å ta med nokre situasjonar som kan vise

det arbeidet den enkelte må gjere for å å halde seg sjølv trygg, kva som skjer når ein kjem i ubehagelege og farlege situasjonar og korleis menneska rundt ein reagerer. Kanskje det òg er frykt som gjer at kvinnene er redde for å delta i reine politiske prosjekt, og at det difor er viktig å pakke budskapet inn i konkrete hendingar som matlaging?

Utdrag frå mine feltnotat:

Eg kjem frå bussen. Eg veit at klokka viser rett før klokka halv ni (eg sjekka på bussen før eg plasserte mobilen i buksa under genseren). Det har eg lært ved å sjå på andre på bussen, men også ved direkte oppmoding frå senterleiaren Alicia om at eg aldri må vise telefonen min på gata. Dette fortalte ho til meg etter at ho hørde eg skulle bruke Google Maps til å kome meg fram. Eg går nedover, og er nøgd fordi eg har klart å kome meg fram. Når eg er omlag 100 meter unna, ser eg sjefen for senteret, Alicia, gå mot ein annan person som ventar utanfor. Eg går med raske steg mot dei, mens eg smiler stort. Det kjennest fint å kunne klare seg sjølv, spesielt sidan dei fleste som arbeider på senteret føler at dei må ta vare på meg. Då eg nærmar meg, ser eg at personen er ei jente som gret. Eg seier god morgon og spør korleis det går, noko som er fast rutine her. Ein skal alltid svare ein «Bien» som på norsk er «Ja, det går bra». Senterleiaren fortel at jenta vart rana for få minutt sidan av ein mann på motorsykkel. Ho hadde snakka med faren sin på telefonen, og mannen på motorsykkel hadde køyrt forbi og snappa til seg telefonen hennar. Jenta gret og svara at det går fint, men at det er svært irriterande. Som min første reaksjon, legg eg ei hand på skuldra hennar og beskriv mi medkjensle med henne. Eg seier at det er svært irriterande og at det sikkert må ha vore skremmande for henne. Senterleiaren har ein heilt annan reaksjon. Ho byrjar å snakke om at ein aldri kan ta telefonen sin ut på gata her i denne delen av Bogota og at ho sjølv aldri svarer telefonen på gata. Ho seier det ikkje i ein streng tone, men meir som ein rutine, som om dette var noko alle burde vite. Ho bur sjølv omlag fem kvartal vekke frå senteret og har budd der i mange år. Eg seier ikkje så mykje meir, men høyrer etter kva Alicia fortel vidare.

«Dar papaya» betyr å gje papaya på spansk. Dette vert brukt for å forklare kva ein ikkje skal gjere når ein er i bybilette. Enten gåande på gata, sitjande på kafé eller ute på byn skal ein ikkje gjere seg sjølv til eit offer. Dette betyr både at ein ikkje skal gjere seg sjølv eller sine verdisaker lett tilgjengeleg for tjuvar. For ein utlending som meg vil dette seie: vite kva område ein kan gå i, aldri ha med bankkort og alltid halde hendene på veska. Ein føler ein må

halde auga med dei rundt ein, og vurdere konstant (bevisst eller ubevisst) faren ved å gå der ein går. Som utlending kan berre din utsjånad vere å gje papaya. Dette påverka korleis eg kledde meg når eg tok offentleg transport ut til organisasjonen og korleis eg bevegde meg i det området. Eg gjekk aldri med skjørt eller kjole, eg tok håret vekk frå ansiktet, brukte ikkje sminke og eg kunne ofte få eit hardt uttrykk i ansiktet. Eg hadde alltid sjekka kartet viss eg skulle gå nokon plass slik at eg verka sikker på kor eg skulle. Eg stakk meg ut, men sette i verk eigne tiltak for å kome meg så trygt som mogleg gjennom kvardagen. «Dar papaya» kan bli brukt moraliserande i «men du ga jo papaya» eller meint som beskyttande «ikkje gje papaya, ta vare på deg sjølv».

Reaksjonen til Alicia kan seie mykje om korleis samfunnet rundt dei vert opplevd. Det kan også seie noko om kor ein trur skulda ligg, når ein finn seg sjølv i ein situasjon der ein vert rana. I staden for å vise medkjensle, vert det igjen innført reglar og normer som verkar sjølvklare for mange av innbyggjarane. I augneblikket vi står utanfor senteret tenkjer eg at det ho seier stemmer. Dette viser at eg sjølv har tatt til meg desse normene for oppførsel i byrommet. Det er i ettertid at eg har reagert på kva ho sa. At skuld vart plassert hos ho som mista telefonen sin (offeret) og ikkje han som faktisk tok telefonen (gjerningsmannen). Dette kan kome ut i frå at dei har blitt så vane med denne utryggleiken i samfunnet rundt dei, men og korleis ein skal beskytte seg sjølv.

Eit anna døme for å vise korleis enkeltmenneske prøver å halde seg trygg er Andrea. Ho er ein 22 år gammal fulltidsstudent, fulltidstilsett og ein av kursdeltakarane. Ho sov på det meste tre timar om natta. Dette fordi ho byrja arbeidsdagen klokka to om natta på ein lokal matmarknad. Her kom bøndene tidleg inn med varene sine som skulle bli selde vidare. Kvar morgon måtte ho gå frå huset sitt og bort til busstoppet for å ta bussen vidare til jobb. Dette var noko ho vegra seg for, for som ho sa sjølv, ein kunne ikkje vite kven ein møtte på (personleg kommunikasjon, 2. mai 2019). Difor fekk ho mora si til å sjå etter ho i vindauget. Det var viktig for ho å ha denne tryggleiken i at nokon såg at ho kom seg trygt på bussen, fordi viss det skulle skje noko med henne, kunne mora slå alarm.

I slutten av opphaldet mitt saman med SPK, fekk eg ei WhatsApp-melding frå ein av informantane mine om at ein av kvinnene som hadde tilknytning til SPK var blitt truga av den lokale kriminelle gruppa, «Aguilas negras» eller svarte ørner på norsk. Dei hadde laga flygeblad der dei nemnde ein aktivist og andre kvinner som deltok i fredsarbeidet. SPK hadde gjort ei vurdering om at dei måtte dele dette med alle som hadde tilknytning til SPK inkludert

meg. Dette grunna ein slik trussel truar ikkje berre dei som er direkte involverte i arbeidet på senteret, men også deira samarbeidspartnarar, deltakarar og dei som er innom huset i forskjellige høve.

5.3.1 Utryggleiken normalisert og internalisert

Situasjonane som er fortalde, er tekne med ikkje berre for å vise ein kontekstuell bakgrunn, men òg for å vise kva som kan hindre deltaking i SPK sine kurs. Utryggleiken er likevel blitt normalisert i lokaliteten. Denne utryggleiken går òg igjen på nasjonalt nivå der fleire sosiale leiarar har blitt drepne etter fredsavtalen. Med aktivisten som mottok trugslar kan ein sjå kva slags konsekvensar politisk deltaking kan føre med seg. «Aguilas negras», ein paramilitær organisasjon peika målretta ut ei kvinne. Det er hennar namn som vert nemnt, men SPK tar det som eit signal på at dei trugar alle som driv aktivitetar rundt kvinner og politikk. Sjølv i situasjonar i kvardagen, slik som er det er for Andrea å kome seg på jobb, inngår det ein heil del «arbeid» i Smith sine ord, om å halde seg trygg (2005). Andrea tenkjer over korleis ho skal gå til bussen, korleis ho skal sjå rundt, kva ho skal ha på seg. Før ho går er ho sikker på å få mor si til å sjå etter seg i vindauget. Dette er arbeid som inngår i å halde seg sjølv trygg. Ein kan seie at fleire av dei eg hadde kontakt med hadde internalisert denne usikkerheita. Måten å bevege seg i byen på gjaldt både menn og kvinner, sjølv om det vart snakka meir om korleis kvinner skulle halde seg trygge.

5.3.2 Kontroll

Etter å ha tatt for meg korleis ein kjenner på frykt utanfor heimane sine, er det også eit poeng å skrive om det som skjedde heime hos folk. Heimane til nokre av kvinnene tilknytta til SPK var prega av frykt. Nokre fortalde meg historiar om ektemenn som ikkje ville at dei skulle gå ut av huset eller som bestemte korleis dei skulle kle seg, kva dei kunne kjøpe og korleis dei skulle oppføre seg. Dette var ikkje historiar som eg sjølv spurde etter, fordi det ikkje er dette eg forskar på, men og fordi eg var bevist på at det kunne skade kvinnene ved å gjenleve sine eigne traumer. Det er likevel eit poeng å fortelje om at i nokre hushald var prega av kontroll og i nokre tilfelle prega av frykt. Det var altså noko som ikkje berre føregjekk på gatene. Andrea forklarte kva som skjedde viss ho tok på seg eit skjørt og gjorde seg klar til å gå ut. Faren kommenterte «Du skal vel ikkje gå ut slik?». Andrea lurte på kva han meinte med dette. «Kva om noko skjer med deg? Du er jo ikkje ei jente som går slik kledd» (personleg kommunikasjon, 26. april 2019). Faren ville helst ikkje at ho skulle gå kledd slik fordi det

kunne gje eit feil inntrykk. Andrea var uening i faren si oppleving av situasjonen. Ho brukte det som døme for å forklare forskjellen mellom generasjonar, men òg korleis det vert forventa at kvinner lever liva sine i denne lokaliteten. Historiane er forskjellige, men kan likevel gje eit inntrykk av korleis nokre kvinner har det i heimane sine og moglege gjenerasjonskonflikter.

Eit av spørsmåla eg spurde informantane mine om var korleis dei meinte ein kunne leve eit godt liv. Dei fleste nemnde økonomi som ein viktig del av det. På mange måtar er fridommen det ligg i å leve «eit godt liv» berre tilgjengeleg viss ein har pengar nok. Andrea er eit godt døme når ein ser kor langt ein må strekke seg for å kunne studere. Ved å sove tre timar og jobbe om natta, fekk ho råd til å betale for universitetet samtidig som ho bidrog økonomisk i heimen med søskena sine. Fleire uttrykte òg eit ønske om å ha kunne halde fram med å studere. Clarita sa, «vi hadde det mest nødvendige (les: mat og husly), men det var ikkje noko igjen til utdanning». Pengar og økonomi kunne òg verta brukt som ein måte å kontrollere sin partner. Alma hadde ein mann som gjorde ho avhengig av han. Ektemannen hennar bestemte kva ho kunne eller ikkje kunne bruke pengar på. Ein slik heimesituasjonen kan vere med å påverke deltaking på SPK sine kurs.

5.3.3 Vald som ein del av fattigdom

Overfor har eg gått igjennom fleire døme som er relatert til vald eller kontroll i ei eller anna form. Det er ikkje lett og kanskje ikkje heller mogleg å seie kva som er vald som følgje av langvarig konflikt (post-konflikt) og kva som er vald som følgje av fattigdom. Det vert uansett viktig å ta med aspektet om vald som ein del av fattigdom, då det er allereie etablert at bydelen som SPK arbeider, er prega av fattigdom. Dette er for å opne opp for at vald kan vere ein konsekvens av fattigdom og ikkje berre langvarig konflikt. Fattige definerer fattigdom ut frå meir enn berre låg inntekt (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 115). Gjennom intervju gjort i Colombia og Guatemala fann utviklingsforskarane at vald og fattigdom er nært knytte saman der «family problems, social exulcion and material disadvantage» var alle faktorar nemnt som kunne skape et valdeleg miljø (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 123). Personleg tryggleik, kriminalitet og vald vart tatt opp som problem som bekymra dei meir enn fattigdom (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 119). Der menneska var misnøgde med eigen situasjon som til dømes om dei var utan arbeid, var ofte vald neste steg (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 123). Vald blir i denne samanhengen ein styringsrelasjon (Smith, 2005). Eit anna tema som dei meinte ikkje har fått nok merksemd er intrafamiliar vald, der ein av informatane sa at vald startar i heimen (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 120). Vald i heimen var òg eit aspekt som

SPK arbeidde med (Clarita, personleg kommunikasjon, 12. april 2019). Intrafamiliar vald var òg sett på som ein av dei opprinnelege årsakene av alle typar vald og utryggleik (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 120). Fattigdom var i liten grad snakka om som eit problem. Dette er truleg fordi informantane var blitt vane med å leve i fattigdom slik at det ikkje var eit problem som var relevant å nemne (Mcilwaine og Moser, 2003, s. 121). Som dei sa, fattigdom var sjeldan årsak til død, då folk alltid kunne finne mat. Usikkerheit, vald eller vald i nære relasjonar kan alle vere med på å gjere det vanskelegare for folk å delta i fredsarbeidet og å verta aktiv i ein organisasjon som SPK. Det har difor vore viktig å ta med desse apsekta før vi går inn målet med kursversemda til SPK, nemleg transformasjonsprosessen.

5.4 Transformasjon

Når eg spurde kva dei gjer på SPK, fekk eg ofte høyre at det var «un espacio formativo». Eg gjekk lenge å grubla på kva dette eigentleg tydde i praksis og korleis det såg ut i fysisk form. Kva vil det eigentleg seie at det skal vere eit rom som verkar formande? Skjelsbæk skriv at det er viktig å setje fokus på dei plassar som verte skapte for folk etter krig og i ein post-konflikt-situasjon. For José tydde ein skapande plass, ein plass der dei lærer deg å tenkje på ein annan måte» (personleg kommunikasjon, april 2019). Han uttrykte at det var denne staden (han meiner menneska), som fekk han til å ta vidare utdanning innanfor eit kunstnarleg uttrykk.

Meg: Kva er det? Kva gjer ein i ein plass for former (espacio formativo)?

José: For meg er det ein plass der du kan kome og møte andre og få kunnskap. Viss det er ein transformasjon, så endrer vi oss saman. På ein slik plass får vi kunnskap som òg har lokal kontekst med. Ein karakteristisk for vår formasjonsplass er konteksten. Vi snakker om økologi, politikk, det sosiale, kulturelle, artistiske. Vi snakkar om det spirituelle. Vi er menneske som er intergrete. Vi har relasjonar med andre, og for meg er det ein formasjonsplass. Korleis vi er, korleis vi er med andre, korleis vi skriv, korleis vi les, våre handlingar i og utanfor huset. Universitetet er òg ein formande plass, men det er ikkje alle som får vere med, fordi ein må betale. Og her betaler dei ikkje for dette. Det er viktig å halde slike plassar opne fordi det er som å seie til folk og til samfunnet at det finst ein annan måte å gjere ting på.

I det arbeidet SPK tar for seg ligg det eit ønske om transformasjon, ei endring som skal gå føre seg innvendig i menneske. Ved å gå inn i seg sjølv og sin eigen utryggleik skal dette gjere det lettare å tru på at ein kan vere viktig i samfunnet. Ein kan lære komplekst materiale i

form av offentlege politikk og å forstå prosessen rundt fred. For SPK startar dette i den lokale politikken. Kvinner skal ut å bidra i lokalsamfunnet, og etter kvart skal nokre ut i landet for å skape endring. I nasjonal kontekst handlar dette om å vere med å representere SPK i lokale og nasjonale forum. Magdalena og Alma snakkar begge om moglegheita dei fekk til å delta å nasjonale samlingar der dei bidro med sine synspunkt. Dei la vekt på at deira kunnskap som kvinner, som situert i sin lokalitet og korleis dei har følt krigen, vart sett på som relevant i slike forum. Dei opplever å bety noko i desse settingane og at deira lokalkunnskap vert sett på som viktig. Gjennom det politiske kurset fekk vi innsikt i korleis SPK meinte at ein må ta vekk skilje mellom det «el privado» (heimen si sfære) og få dette ut i «el publico» (offentlegheita sine auge eller politiske forum). Berre på denne måten kan ein gjere noko med dei problema som er innanfor huset sine fire veggar. SPK vil at kvinnene skal bruke deira lokale kunnskap til å verta politiske agentar på eit vis. Det kan skildrast som ei form for transformasjon på individnivå. Fleire som vert politisk engasjerte fører òg til at SPK sitt fellesskap veks. I dette ser ein kor nært mennesket, det politiske og fredsarbeidet er knytte saman.

Kva tyder denne transformasjonen for mottakarane av kursa hos SPK, og kva form tar han? Informantane mine fortalde om forskjellige aspekt som hadde endra seg i livet deira etter at dei hadde vore i lengre eller kortare tid hos SPK. Men er fredsprosessen avhengig av at det skjer ei endring i kvinner? Dette er iallfall det både SPK legg vekt på, men òg økonomiske bidragsytarar som FOKUS: «A comprehensive peace depends on active and effective women's participation in the colombian peace process and on transformative change of the role of the women in a post-conflict phase» (Scanteam, 2016, s. 28).

5.4.1 Offer

For å forstå denne transformasjonen må ein byrje på den eine sida av denne prosessen. At SPK arbeider med offer, var noko eg var klar over før eg kom inn i feltarbeidet. Gjennom e-postsamtale med FOKUS, den informasjon eg fann på SPK sine sosiale medium og nettsida og gjennom evalueringa gjort for FOKUS, kom det fram ei tydeleg satsing på offer av konflikten. «SPK has worked with internally displaced war-victim women. The programme has changed the women's perception of themselves from victims to peace advocates» (Scanteam, 2016, s. 25). I byrjinga av feltarbeidet mitt hadde eg likevel problem med å finne desse offera. Eg innsåg eg at eg hadde vore for opptatt av å «finne offera». Eg fann dei heller ikkje i si «reinaste» form, og eg fekk ikkje det eg hadde lese om før opphaldet, heilt til å

stemme med alt det som møtte meg i organisasjonen. Dette gjorde det utfordrende for meg å svare på problemstillinga mi som handla om korleis reisa frå offer til fredsbyggjar fungerte.

Det finst fleire aktuelle årsaker til at eg ikkje fann offera i byrjinga. For det første kan det vere vanskeleg å kalle seg «eit offer» og ta innover seg denne statusen. Dette nok òg fordi menneska ikkje berre er offer. Det er ikkje heile deira identitet. Etter ei tid i felt kom historiar til menneska fram der nokre av dei er offer for intrafamiliar vald, nokre er internt fordrivne, mens andre ser korleis økonomi har blitt brukt for å kontrollere dei. Det at det tok tid før eg fekk høyre desse historiane, viser at det kan ta tid og at ein treng ei form for fortrulegheit for å dele slike historiar. Dette var då tillit eg ikkje hadde opparbeida meg i starten, då eg var ein utanforståande. Offeridentiteten var likvel ikkje noko som tok stor plass hos enkeltindividet i det arbeidet dei gjorde hos SPK eller dei kursa dei deltok i. Det var heller ikkje noko som ofte kom opp i samtale med deltakarane.

I evalueringa frå Scanteam vert SPK sitt arbeid skildra slik:

SPK has promoted women's civic engagement and development, emphasizing the strengthening of local governance and gender equality as its foundations. This is NGO working for almost 40 years in the township, one of the most deprived areas in Bogota due to the armed conflict, housing thousands of internally displaced persons. SPK has succeeded in strengthening the identity of grassroots women working as peace-builders, healing those victims affected by displacement, intra familiar or sexual violence in a safe space, supporting them in the process of renouncing their identity as victims to become more assertive in their role of women creating a culture of peace and with their own voice (Scanteam, 2016, s. 18).

Her ser ein at offeromgrepet er vidt. Det vert laga eit bilete av at kvinner skal gå frå offer til fredsbyggjarar. Det er ikkje mi rolle i denne oppgåva å meine om dei er offer eller om kvinnene passer inn i kategorien «offer». Det er kvinnene sitt eige val å ta offeridentiteten innover seg. På den andre side, er det nok heller ikkje eit val, fordi dei handlingar som er blitt påført eit menneske er ikkje offeret sin feil. Dette ligg i ordet si betydning. Det er likevel SPK som viser dei dette offeromgrepet og kva det rommar. Dette vil ikkje tilseie at SPK sine tilsette kategoriserer kvinner som offer, men dei viser på kva måtar kvinner kan vere offer. Under kursdagane gjekk vi inn på korleis kvinner kan vere offer for fysisk, psykisk og økonomisk vald. Ei av kvinnene, sa at ho skjønnte etter denne kursdagen at vald mot kvinner er

meir enn fysisk vald. Ho refererte òg til egne erfaringar med sin heimesituasjon som viste til at ho kjende seg igjen når dei snakka om psykisk vald. Ho var ikkje klar over at dette var likestilt med fysisk vald. Det er altså ikkje slik at SPK reduserer kvinner til offer. SPK prøver å gjere lokale kvinner bevisste på kva som ligg i offeromgrepet, korleis ein kan jobbe med sine egne traume og vere ein aktiv bidragsytar i lokalsamfunnet.

Det ligg ei antydning i arbeidet til SPK om at alle kvinner er offer. Dette kan vere fordi leiinga og folka som arbeider der har hatt kontakt med mange kvinner som har opplevd vald i ei eller anna form. SPK brukar ordet «offer» i ein vid betyding. Det kan tenkjast at når ein snakkar om offer i Colombia, er det snakk om offer for krigen, men SPK inkluderer alle kvinner som har vore offer for ein av dei allereie nemnde situasjonane. Som nemnt tidlegare ser ein at deltakarane bur i ein bydel prega av vald og utryggleik. Dei har òg opplevd ein borgarkrig i større eller mindre grad, enten ved å sjølv måtte flykte, følgje med på konflikten i nyhende eller ha familiemedlemmer som er drepne. Vil dette då seie at alle colombianarar kan verta sett på som offer i ei eller anna form? Sjølv om dei ikkje har krav på kompensasjon, er det kanskje dette som ligg i «the country has to heal»? Clarita var tydeleg på kven ein skulle skulde på då ho snakka om korleis dei snakka om offer i SPK. «Det er ikkje slik at stakkars deg, det er synd i deg at du er eit offer. Dette er eit politisk problem» (Clarita, personleg kommunikasjon, april 2019). Det var viktig for SPK at denne offeridentiteten vert knytt opp som eit politisk problem og ikkje noko som er feil med menneska som har opplevd traume. Berre då kan kvinnene sjølve, men òg organisasjonen faktisk gjere noko med problemet. Ved å snakke offera si sak, gir dette SPK ei form for makt. Colombia, men og internasjonale organisasjonar arbeider med korleis landet kan bevege seg vidare frå krig. Ved å kjenne problema til offera, samtidig som SPK kan tilby dei kurs for korleis dei kan handtere sitt personlege traume, tilbyr SPK både kvinnene, men og myndigheiter på mange måter ei løysing. Dette ligg det ei form for makt i, fordi SPK blir spesialistar.

I utviklingsdiskursen går ein på mange måter i mot å kalle kvinner for offer. Kvinner skal ikkje verta reduserte til offer, fordi dette kan skape eit stereotypisk bilete av kvinner. I FOKUS sine kommunikasjonsdokument står det «kvinner skal presenteres som aktører og rettighetsbærere mer enn offere» (FOKUS; 2017, s, 5). Det kan vere utfordrande å balansere dette prinsippet i ein kontekst der mange kan og skal verta kategoriserte som offer slik som i Colombia.

5.4.2 Fredsavtalen og offer

Etter langvarig konflikt som i Colombia har «offer» ei økonomisk tyding. Dette fordi internt fordrivne i Colombia har rett på økonomisk kompensasjon. I fredsavtalen kjem det òg fram at offer av seksuell vald har rett på ei form for rettferd (Alto comisionado para la paz, 2016, s.4). Det at det ikkje skal bli gitt amnesti for seksuelle overgrep gjort av FARC, blir òg sett som eit viktig steg for å få rettferd for offer av konflikten. I fredsavtalen mellom FARC og Colombia si regjering, finn ein seks punkt som inngår i å få ein berekraftig fred (Alto comisionado para la paz, 2016, s.4). Avtalen består av fem forskjellige tema. Det første punktet handlar om retten til land til dei menneske som er internt fordrivne på grunn av konflikten. Punkt 2 handlar om politisk deltaking. Som allereie nemnt vert avtalen sett på som ein radikal avtale grunna kjønnsaspektet (Lindstad, 2018). I dette ligg det vekt på at LGBTHI og kvinner skal få høgare representasjon i politikken. Dette går hand i hand med SPK sitt arbeid. Punkt 3 står for ein slutt på konflikten. Sjølv om fredsavtalen er signert tilseier ikkje dette automatisk fred. Punkt 4 handlar om at ein skal finne ei løysing på problemet med narkotikatrafikken. Punkt 5 slår fast erstatning til offer av konflikten. Det siste punktet tar for seg korleis avtalen skal verta tatt i bruk og korleis ein skal kunne verifisere at den faktisk vert gjennomført (Alto comisionado para la paz, 2016, s. 5-34). Fredsavtalen er med å validere det arbeid SPK gjer med offer. SPK si kursverksemd utvikla seg frå kurs som handla om korleis dei kunne vere med å få til ein fredsavtale, til å vere ein organisasjon som følgjer opp dei krava som ligg til grunn i fredsavtalen. SPK har hatt kurs der dei går inn i kvart punkt av avtalen slik at deltakarane får innsikt i korleis den påverkar Colombia, dei sjølve og lokaliteten deira. Deltakarane lærer kva dei kan forvente av regjeringa si gjennom avtalen, men òg korleis ein kan halde regjeringa ansvarleg. Her kan ein sjå korleis SPK sitt arbeid er i flyt med utviklinga rundt fredsavtalen.

Utanom økonomisk oppreising som offera av konflikten kan vente seg, ligg det òg ei makt i å vere offer av krigen. I ein diskusjon på det norske arrangementet, «Saman for fred i Colombia» (som samla alle organisasjonar i Noreg som arbeider med for fred i Colombia), vart det sagt at «la comison de la verdad» er ein unik institusjon i verda. Sannhetskomiteen er knytt til arbeidet med å heale landet etter langvarig krig. Offer av krigen skal få sagt kva dei opplevde under konflikten. Dette fordi ein tru at når offera av krigen vert inkluderte, vil dette ikkje berre bidra til healingarbeidet, men også for å oppnå ein meir berekraftig og varig fred. Sjølv om ordet offer kan ha negative konnotasjonar, kan ein seie at i det colombianske tilfellet

har også ordet makt. Dette er ikkje i tråd med det som er antakinga rundt offerdiskursen globalt, men stemmer opp mot det arbeidet som SPK gjer med det dei kallar «offer». Det som skjedde med dei er nemleg ikkje offeret eller mennesket sitt problem, men politikarane sitt. Det kan difor kome organisasjonen til gode å byggje vidare på denne politiske identiteten. Sjølv om politiske forenklingar kan verke reduserande, kan offeromgrepet verta brukt i å byggje politiske identitetar (Mohanty, 1988).

5.4.3 «Empowerment» og forståing av andre omgrep i utviklingsdiskurs

Ovanfor har de sett korleis SPK ønskjer at kvinnene skal gå gjennom ei form for transformasjon. Dette kan inkludere ei bevisstgjerung der ein lærer meir om politisk arbeid og korleis ein som lokal kvinne kan vere nyttig i eigen bydel. Denne transformasjonen vert knytt til ord som «empodermaiento» (empowerment) og «autocuidado» (sjølvhjelp). «Empowerment» er eit omgrep som vert brukt i mange ulike settingar innanfor utviklingsverda, men òg i andre felt i samfunnsvitenskapen og i den medisinske verda. Ordet kan verke tvetydig, og ein kan seie at dei ikkje finst noko tydeleg konsensus om kva konseptet tydar. Grunna oppgåva sitt norske språk vart det også viktig å sjå kva omsetjingar vi har knytta til «empowerment». «Power» kjend som styrke eller makt, og em- tyder opprinneleg (inn) i (Språkrådet, u.å.) . Det handlar om å styrke og å sette kraft og mot i – med sjølvhjelp eller hjelp til sjølvhjelp. Styrking kunne i prinsippet vore nok, men Språkrådet tilrår det meir spesifikke ordet «myndiggjering» (u.å.). Myndiggjering er ikkje eit ord som eg synest er passar heilt, men viss ein tillegg ordet kvalitetar om at det er ein bevisstgjeringsprosess som skjer i individet, kan det verke beskrivande for det arbeidet SPK gjer. For samfunnsøkonom Naila Kabeer vert «empowerment» forstått som «women's empowerment is about the process by which those who have been denied the ability to make strategic life choices acquire such an ability» (1999, s. 1).

Utviklingsforskar Andrea Cornwall trekkjer fram korleis same omgrep sirkulerer i forskjellige settingar og bransjar og vert sett på som såkalla «buzzwords» (2007). «Empowerment» kan bli brukt i reklame for å snakke til kundane og motivere dei til å gjere eit kjøp. Det kan blir brukt som i «spiritual empowerment» på kristne nettstader, eller av feminister når dei snakker om kvinner sine rettar (Cornwall, 2007).

Buzzwords get their «buzz» from being in-words, words that define whats in vogue. In the lexicon of development, there are buzzwords that dip in and out of fashion, some

countinue to ride the wave of development for decades, others appearing briefly only to become submerged for years until they are salvaged and put to new use. (Cornwall, 2007, s. 472)

Buzzwords er ikkje berre med på å skape forvirring rundt betydning. Det kan mangle ein ordentleg definisjon, mens det samtidig skal verke tydeleg kva ordet skal bringe med seg (Cornwall, 2007, s. 474). Gjennom imponerende utviklingsord kjem ein inn på tatt for gitte sannheiter om utvikling, men ein får lita forståing for kva som faktisk blir gjort (Cornwall, 2007, s.471). Cornwall meiner utviklingsspråk er ein hybrid og ikkje heilt likt språket til samfunnsforskning eller levande engelsk. «Vocabulary is restricted, banal and depersonalised» (Cornwall, 2007, s. 474). Dette kan ein òg sjå i bruk rundt orda «empowerment» òg fredsbyggjar, for kva inneheld eigentleg desse orda og kva betyr dei for folk som lever liva sine i bydelen i Bogota? Det interessante er om språket og orda som vert brukte i diskurs, i rapportar som vert sende til utviklingsorganisasjonar, stemmer med det som faktisk skjer. Smith kaller dette ei tekstleg vending, der ein òg fokuserer på diskurs (2005).

SPK legg dei vekt på ei innvendig endring hos personane på kursa sine. «Empowerment» kan vere eit godt omgrep å bruke for å tenkje rundt kva SPK ønskjer at desse kvinnene skal gå igjennom. Det er nølande eg byrjar å bruke myndiggjering for det det kan representere. For kvinnene det er tale om, er mange eldre, dei er mødrer, bestemødrer, nokre med og utan utdanning og nokre som nettopp har begynt på universitetet. Dei er forskjellige menneske, som har levd lange og korte liv, og myndiggjering impliserer at dei ikkje er vaksne på ein måte, at nokon må vise dei korleis dei skal leve «rette» livet. Dette går igjen i mi vergring mot å bruke «empowerment», då dette tidlegare har vore brukt for å vise korleis vi i vesten skal «empower» kvinner i sør. Ved å «empower» kvinner, seier vi på ein måte at dei liva dei har levd til no ikkje har vore «gode nok» på eit vis. «Development's buzzwords gain their purchase and power through their vague and euphemistic qualities, their capacity to embrace a multitude of possible meanings and their normative resonance» (Cornwall, 2007, s. 472). Difor er det lett å bruke slike ord, sjølv om det ikkje finst ein konsensus for kva dei eigentleg betyr. «For those involved in development practice, reflection on words and their meaning may seem irrelevant to the real business of getting things done» (Cornwall, 2007, s. 471). Development's buzzwords are not only passwords to funding and influence; and they are more than the mere specialist jargon that is characteristic of any profession» (Cornwall, 2007, s. 471). Gjennom imponerende utviklingsord kjem ein inn på tatt for gitte sannheiter om utvikling, men ein får lita forståing for kva som faktisk blir gjort (Cornwall, 2007, s.471). Eg

håper likevel på at gjennomgangen av myndiggjering som er gjort tidlegare i oppgåva og «fredsbyggjar» som kjem seinare, at dette kan vere med å kaste lys på korleis orda vert brukte lokalt og at det viser kva som faktiske vert gjort.

Den diskursen som føregår rundt det som faktisk skjer, altså diskursen rundt kvinner og fred, kan vere med på å påverke kva som faktisk skjer. Det kan òg vere eit språk som kursdeltakarane sjølv ikkje kjenner seg igjen i. Alma, langvarig frivillig, men òg tilsett ved SPK fortel korleis det var å kome inn i organisasjonen, men òg korleis det var å vere med i lokale forum der ein diskuterte saker som handla om henne (les: kvinner i bydelen). «Det var eit teknisk språk som eg følte at eg ikkje meistra» (Alma, personleg kommunikasjon, 29. februar 2019). Før ho kom inn i dette miljøet, var ho slett ikkje interessert i politikk, men ho uttrykte at ho byrja å sjå på TV annleis etter som ho lærte meir. Spesielt dette med å følgje med på nyhende og klare å setje seg inn i diskusjonen, var noko ho trekte fram som viktig og ei endring for henne (Alma, persoleg kommunikasjon, 21. februar 2019). Alma sa at ho følte dei snakka over hovudet på henne. Alma fortalte at ei av leiarane i SPK, som no er pensjonert, sa at «ho ikkje trong å snakke ved å bruke andre sitt språk» (personleg kommunikasjon 29. februar 2019). Leiaren sa vidare at Alma måtte bruke det språket ho sjølv hadde for å fortelje om sin eigen situasjon (Alma, personleg kommunikasjon, 29. februar 2019). Det kan vere mogleg å trekkje linjer til den globale diskursen med dette. Passar orda om dei vi bruker om dei som inngår og som til slutt er mottakarar av det arbeidet som vert gjort rundt kvinner, fred og utvikling? Dette kan sjåast i samanheng med Smith sitt uttrykk som «institutional captured». Alma uttrykte ein følelse av å ikkje meistre. I neste avsnitt skal eg sjå på korleis SPK arbeidet med det emosjonelle ved menneske.

5.5 Healing

Tidlegare har ein høyrte frå Smith at «the embodied knower begins in her experience» (2005. s. 24). Som de snart vil sjå er ein av dei sentrale oppgåvene til SPK å knyte saman kropp og sinn. SPK har eigne traumebehandingar for kvinner som er offer for vald i familien, men som òg er offer for konflikten. Under følgjer ei beskriving av korleis Smith ser på forholdet mellom kropp og sinn og som er aktuelt for å forklare healingpraksisen til SPK.

In a sense it reverses the traditional relationship between mind and body wherein mind may examine, explore and reflect on what is of the body. Body isn't something to be looked at or even theorized. It is rather the site of consciousness, mind, thought,

subjectivity, and agency as particular people's local doings. By pulling mind back into body, phenomena of mind and discourse – ideology, beliefs, conceptism theory, ideas and so on – are recognized as themselves the doings of actual people (Smith, 2005, s. 25)

I kursverksemda deira starta kurshaldarane kvar dag med enten meditasjonsøvingar eller oppvarming øvingar som skulle hjelpe dei med å plassere merksemda si. Dei brukte lyd og eiga stemme, og dei varme opp hendene, armane og føttene ved å massere dei. Deretter kunne dei gå rundt i rommet mens dei først såg ned, dersetter møtte blikket til nabopersonen og til slutt klemde dei andre i rommet. Det varierte kva dei gjorde frå gong til gong, men målet var å verte meir til stades i rommet og klar til å gå inn i krevjande tema. Det er òg ein måte å bli sett på og sjå andre (José, personleg kommunikasjon, 13. april 2019).

5.5.1 Sjølvpleie, kunstnerleg uttrykk og fredsarbeid

Sjølvpleie eller det som ein på engelsk kallar «selfcare», er ein svært viktig del av SPK sitt arbeid. Det er eit fast innslag i møte og er inkludert i planar og mål. Sjølvpleie er eit vidt omgrep som har forskjellige betydingar i forskjellige settingar. I sjølvpleie hos SPK vert det inkludert meditasjon og øvingar for å bli kjent med eigen kropp. Dette vart brukt som ei oppvarming før kurset, og spesielt for å kunne fokusere. Mila snakka også om «sanacion» eller er ein healingprosess (personleg kommunikasjon, 2. april 2019). Ho seier at «kvinner har smerte både i kroppen og i hovudet». Som tidlegare beskrive brukar SPK omgrepet «offer» vidt. Det kan vera kvinner som har opplevd krigen på nært hald eller som har måtte flykte frå krig. I tillegg kan det vera kvinner som har opplevd fysisk eller psykisk vald i nære relasjonar eller som har levd i eit nabolag prega av frykt. Mila skildra sjølv korleis healingprosessen har hjulpet henne. Då ho var yngre vart to av hennar familiemedlemmer drepne av FARC. Denne smerta og sorga ho følte for drapet på familiemedlemmer, var vanskeleg å bere. Ho følte ho måtte gjere noko aktivt med denne smerta og difor vart ho delaktig i SPK. Ved hjelp av teknikkar knytt opp til sjølvpleie, kan ein gjere denne smerta om til noko godt, meiner Mila. Det har vore ei større satsing på healingarbeidet dei siste ti åra i organisasjonen. Eg prøvde å nøste opp i kor denne måten å tenkje på kom frå. Mila forklarte at det var ei frå Holland som først introduserte dei for denne praksisen, men det var fordi dei såg at kvinnene hadde behov for meir enn berre det politiske kurset. Etter dette møtet har dei sjølve leita opp meir materiale rundt healingpraksisar, og nokre har òg utdanna seg innanfor dette feltet. Med økonomisk støtte av FOKUS har SPK laga ei bok som heiter «Sjølvhjelp: refleksjonar og verktøy»

(2014). Denne boka tek føre seg tema som den politiske kroppen, korleis alt går igjennom kroppen og at ingenting fungerer utan den. Boka tek også opp korleis sjølvpleie kan vere ein veg til healing (SPK, 2014).

Under dette ligg òg prinsippet om å «følgje kvinner» eller «acompanar mujeres». Dette var noko eg fekk høyre ofte når informantane mine beskreib arbeidet sitt. Eg lurte lenge på kva dette eigentleg innebar, sidan eg fekk høyre det frå fleire, men eg fekk etter kvart lære at dette var noko som hadde samanheng med healingarbeidet. For nokon som til dømes Clarita, tyder å følgje, som å følgje opp, altså å reise for å møte kvinner som hadde behov for det. Ho karakteriserte det som at dei trong ein «descarga emocional» eller å kvitte seg med vanskelege følelsar, som ei form for psykisk støtte. Når eg spurte kva ho faktisk gjorde der, svarte ho at dette kunne variere ut frå kva kvinna trong på dette tidspunktet, men at det kunne vere til dømes ein massasje eller at ho lytta til dei (personleg kommunikasjon, 2. april 2019). For Alma innebar det noko anna. Ho var den som følgde kvinnene til dømes offentlege instansar for at dei skulle få hjelp. Alma si oppgåve innanfor dette var meir som lokal vegvisar der kvinner kunne få sett på si sak som offer av borgarkrigen eller som var i eit valdeleg forhold.

«Sanacion», «autocuidado» og det kroppslege er med å beskrive det SPK og deira tilsette arbeider med innanfor ei form for healing. Det har vore ei utfordring å skulle skildre denne delen av SPK sitt arbeid. For SPK handler myndiggjering om ein politisk bevissthet knytt til det kroppslege. Vitenskapen har ein tendens å oversjå det sansande mennesket (Widerberg, 2013). I mykje utviklingsarbeid er lagt klare mål for kva informasjon som må med, men ikkje korleis kropp og sinn er knytt saman. Dette gjer og at når eg leiter etter eit språk i utviklingsdiskursen for å vise til arbeidet SPK gjer med sinn og kropp kjem eg tomhendt ut. Healingpraksisen vert viktig fordi den gjer eit verktøy i korleis kvinnene kan klare å ta innover seg stoffet, men og sjå korleis det påverker liva deira. Den traumebehandling eller healingpraksis som SPK bruker er noko som har utvikla seg både før og etter post-konfliktrommet.

Dei orda og det språket eg har for å beskrive forholdet mellom sinn og kropp ikkje har vore tilgjengeleg for meg. Når eg har prøvd har det verka banalt, som noko ikkje eksisterande som eg ikkje heilt klarer å setje fingeren på. Utviklingsspråket har mangler for å forklare denne typen aktivitet som eg ser hos SPK. Moi snakker om korleis kvinner er situasjonar og er plasserte i ein historisk kontekst (1998). Ho skriv òg at ein må leggje frå seg skiljet mellom

det kropp og sinn (1998). Eg vil difor byrje med Mila (tilsett) sine ord, for å vise kvifor SPK byrja med det.

Mila: For 15 år sidan byrja vi det politiske arbeidet med kvinner. Vi såg då at det var nokre ting ikkje fungerte slik vi hadde sett for oss. Etter kurs mista kvinnene litt av den styrken dei hadde fått. Vi prøvde å få dei til å snakke i lokale politiske forum, slik at dei kunne få fram lokale problem for kvinner. Men når dei var i dette forumet fekk kvinnene panikk, dei snakka ikkje, og dei gløynde kva dei skulle seie. Dette gjorde at vi måtte sjå nærmare på kva som ikkje fungerte, og vi innsåg at vi ikkje hadde tatt innover oss den emosjonelle delen av kvinnene. Det vil seie den delen av kvinner som har opplevd vald i nærmiljøet, til og med i familien sin. Vi såg og at fleire kvinner ikkje hadde gjort ferdig vidaregåande. Det har vore viktig for oss å få folk til å fortsette å studere, å forme seg sjølve. Dette førte til at vi gjorde ein kampanje for å motivere fleire kvinner til å studere. For å hjelpe dei med dette, prøvde vi å følgje opp at dei gjorde ferdig studia sine.

Meg: Som ei slags mentorordning?

Mila: Ja, akkurat slik. Når vi byrja å gjere dette såg vi at kvinnene var veldig sårbare. Difor byrja vi å gjere små handlingar med dei. Det første vi gjorde var å lære oss å gje massasje, slik at kvinnene kunne slappe av. Herfrå tok vi kurs på den nasjonale universitetet for å lære meir, vi samarbeidde med andre organisasjonar for å lære om healing for menneske som har opplevd konflikt. Vi lærte heilt basiske ting, som å lage til ein plass der kvinnene kunne få sove. Fordi i sine eigne hus fekk dei ikkje sove. Der var det alltid noko å gjere. Vi hadde øvingar med å ta tilbake si eiga stemme, øvingar med emosjonell healing. Vi gjorde dette med kvinnene, og vi såg at vi klarte å myndiggjere kvinnene på eit vis. Vi gav dei verktøy slik at dei kunne stå framfor ei viktig forsamling, korleis dei kunne kvitte seg med frykta for å tale, korleis dei kunne stå framfor ein aggressor, som i nokre tilfelle kunne vere deira eigen ektemann, utan den frykta dei tidlegare hadde følt på. Vi kalla dette «sanacion» (healing), men når vi byrja å arbeide med andre organisasjonar kalla vi det «autocuidado» (sjølvhjelp). Dette fordi vi ville ha fokus på at det var kvinnene som levde i desse situasjonane, dei forstod seg best på eigen situasjon, og vi er her for å gje verktøy slik at dei kan handtere desse situasjonane slik at dei får eit betre utfall. Vi såg at kvinner som hadde opplevd liknande situasjonar, hadde like sjukdommar. Sjølvtsagt, fordi det emosjonelle og det kroppselege er bunde saman. Vi gjorde så politiske kurs bunde saman med dette sjølvhjelp-aspektet. Vi er lærarar som bruke psykososiale verktøy som skal hjelpe

lokale kvinner. Vi er ikkje terapeutar. Først arbeida vi med kvinner som var offer av konflikten, vidare samarbeida vi med andre organisasjonar som følgde sosiale prosessar som igjen gjorde at vi byrja å «acompanar mujeres» (å følgje kvinner). Vi hadde personlege møte med individuelle kvinner, men vi fann ut at vi ville prioritere den kollektive følgjeprosessen. Difor gav vi dei verktøy for korleis dei kunne gå imot frykta sin, kva dei skulle gjere når ein er i ein pressa situasjon som gjer at ein kan gå inn i ei form for sjokk.

Vidare fokusere Mila på at det politiske er noko kroppsleg, noko som flyt gjennom kroppen. Her kan ein og sjå likskapar til Smith sitt prosjekt om at ikkje berre må ha fokus på sinnet, men og kroppslege handlingar (2005). Mila visar og kvifor det er viktig å ta det i bruk i alle delar av SPK si verksemd.

Mila: Vi ville ikkje tilby konsultasjonar, vi var ein organisasjon som heldt på med folkeopplysing. Difor fokuserte vi òg på verktøy som kunne påverke kritisk tenking. Vi fokuserte på at det som skjedde med kroppen er veldig politisk. Det spegla det som skjedde i lokalsamfunnet. Vi arbeider med energi og alt det som inneheld energi har ein sterk korresponanse med det politiske. Vi arbeider med ei bevisstgjerjing rundt bekkenet til dømes, å tenkje ein sirkulasjon med magen og å løyse opp kroppen. Kvinner vert sjuke, og vi veit ikkje kvifor vi vert sjuke. Kvinner har komen til denne jorda som lidande, dei er vane med å lide. Difor sa vi (SPK) at vi trong verktøy som formar, som gjer oss meir bevisste på den makta vi sjølve har for å møte livet utan å kollapse, utan å verta sjuke. Dette er «autoduidado» (sjølvhjelp).

Meg: Eg har ikkje høyrte om at det vert gjort på denne måten, men det verkar som om det er noko nytt? Noko kanskje ikkje andre organisasjonar fokuserer på?

Mila: Det kan vere. Vi arbeider med eit element som vi kaller rituell femininitet. Dette er også knytt saman med det spirituelle som vi snakka om i starten. Vi starta med ei reinsing av sinnet, ei reinsing av kroppen. Desse øvingane er med å hjelpe dei som skal gjennomføre desse prosessane og for å passe på at dei er i form til å klare det på ein god måte, sant? For oss er desse øvingane viktige. Fordi politikken går igjennom kroppen, og vi har sagt at vi ikkje klarer å leve liva våre så fragmentert. Vi kan ikkje berre seie at til dømes i dag gjer vi ein session frå 3-4 for å føle oss bra, nei, det må vere integrert i alt arbeidet vårt. Til dømes når vi arbeider med offentlege politikk, for å snakke om dette, må vi ha med det kroppslege og det mentale, slik at det vi gjer i kursa er effektive, sant? Det er dette sjølvhjelp eller eigenomsorg handlar om.

Meg: Det politiske flyt gjennom kroppen?

Mila: Ja

Meg: Det kan jo bety mykje forskjellig. Kva legg du i det?

Mila: Ja, sjølvsagt, høyr her fordi når ein gjer seg sjølv bevisst på eigen kropp, er det mykje forskjellig som ein kan gjere annleis. Eg møter deltakarar som har levd i svært vanskelege situasjonar, og det har gått år, og dei har ikkje klart å gjere noko med desse vondtene dei har. Så dei går 15-20 år med den same smerta, fordi ingen har snakka med dei om det. Dei går lenge med det, og så får plutselig denne dama kreft. Det er klart at desse sjukdomane har ein samanheng med magen, som igjen har alt å gjere med det emosjonelle, og det er emosjonelle er det vanskeleg å arbeide med. Vi har skjønt gjennom mange års erfaring at det er vanskeleg å få til det politiske, utføre politikk viss dette ikkje går gjennom kroppen og ein ikkje er bevisst på at det går igjennom kroppen. Ein kan kanskje tenkje at det berre blir i hovudet, men det går igjennom beina, magen, brystet, det går igjennom mange delar. Så korleis klare å bevare denne bevisstheita, og der kroppen er sjølv verktøyet. Kroppen gir deg moglegheit til å sjølvregulere. Vi (alle kvinner) må gjere det vi gjer med ei bevisstheit, då kan vi òg ta med denne bevisstheita i politikken.

Mila får fram kor viktig dei synest at dette aspektet er i deira formande politiske arbeid av kvinner. Relasjonen mellom kropp og sinn utvikla seg som følgje av ei nødvendighet. Dei såg at dei politiske kursa deira ikkje var nok til å få kvinner politiske aktive. Kvinnene mista stemmene sine. Mila legg vekt på det personlege, det emosjonelle ved mennesket og kor viktig det er å ta dette aspektet med viss ein skal klare å gjere kvinner om til politiske agentar eller fredsbyggjarar for den saks skuld. Myndiggjering kan med dette verta forstått som ei reise i seg sjølv, altså det å vedkjenne at kropp og sinn har ein samanheng. Det er ikkje så instrumentalt som ein tidvis kan forstå omgrepet «empowerment», som kan handle om å få seg jobb for å få eit økonomisk handlerom. SPK prøver å få med heile menneske. Denne forma for healing eller det å knytte det kroppselege i aktivitetane deira er og noko José og er opptatt av.

José: Eg studerte ikkje for å lære meg meditasjon, men for å forstå ein kroppseleg uttrykking og alt det den kroppselege uttrykkinga kan gje meg.

Meg: Kva kalla du det? Kroppsleg? Kva var det?

José: Eit kroppsleg uttrykk. Eg gjer teater, eg brukar mi kunsteriske utdanning. Eg har hatt fleire spirituelle opplevingar, som gjer at eg blir bevisst på engergiar i menneske,

eller kor fint det kan vere å føle på indre fred. Vi (hos SPK) gjer øvingar som gjer meg bevisst på å puste og kor viktig dette er før alt anna. Dette har hjelpt meg i livet mitt, og eg har forelska meg i denne måten å gjere det på. Og når eg utfører denne meditasjonen eller dette kroppselege uttrykket føler eg meg meir til stades. For at både kvinner og menn skal finne kvarandre, det vil seia plassere oss sjølv i ein historie, fordi av og til gløymer vi vår historie. Det er som om vi ikkje er interesserte. Men når vi husker at vi er menneske og at vi er betre menneske no, slik at vi behandlar andre menneske, som kanskje har større problem enn oss, som igjen gjer at vi snur oss til det vi har lært. Og difor er vi til for å dele kunnskap.

«Nuestro memoria es nuestro poder» («Vårt minne er vår makt»), sa ein av dei tilsette under ein kursdag. Ho la vidare vekt på at det er viktig å ikkje gløyme kva dei har gått gjennom, slik at landet ikkje gjer same feila igjen. Freden er skjør i Colombia. Nokre FARC-medlemmer har allereie uttrykt si misnøye over at staten ikkje har halde sin del avtalen. Eit 20-tals FARC-kjemparar, med ein leiar i front som var med på forhandlingane i Havanna, har gått ut i media i Colombia og sagt at dei på ny vil ta opp våpen. Ein del av healingpraksisen er nettopp «construcion de memoria» eller det å hugse kva som har skjedd. Kurset dei hadde med offera innheldt dette. Arbeidet med å minnst er eit uttrykk som ikkje berre vert brukt hos SPK, men òg nasjonalt. Det å anerkjenne den valden offera har opplevd, å minnst krigen og kome fram til sanninga, er ein viktig del av det kollektive fredsarbeidet. SPK har integrert dette som ein del av arbeidet sitt. Dei tilsette ved SPK snakkar om å gjere om den faktiske smerta dei har om til noko fint, noko handterbart. Det var meininga at dei skulle lage ei kunstutstilling i plast av det som kom fram ved kurset. Sjølv om eg ikkje fekk moglegheita til å delta på dette kurset, er det likevel interessant å sjå korleis dei snakkar om det, kva dei skal gjere der og kvifor det er viktig. Det er òg med å vise korleis dei blander ei form for healing og kultur, som noko kroppsleg.

José: Vi held på å planleggje eit møte med kvinner som har vore offer av valden. Vi har prøvd å gjere ein rekonstruksjon av hukommelsen. Ikkje at dei faktisk går igjennom steg for steg det dei har opplevd, men heller ein anerkjenning av at det har skjedd og at ein framleis kan ha håp. At vi fortsetter å gå, og ikkje blir verande bak, og føler på skuld, men heller tenkjer på at familien din får ei framtid. Dine barn får eit verdig liv. Det er vår utfordring å få dette historiske augneblikket og at minna skal bli registert og ta form i ei plastikk-utstilling og ein performance. Og dei seier at eg er artisten her, så difor gav dei meg denne oppgåva (personleg kommunikasjon, 2. april 2019).

Meg: Kor skal de gjere det?

José: Arbeidet med desse kvinnene er meir sensitivt, meir sensorisk, difor skal vi vere på ein gard utanfor Bogota. Dei beste forholda ville vore stillheit, slik at det går an å ha eit nærare forhold til naturen og gjere øvinga med pust og meditasjon, og sjølvhjelp, og desse øvinga med minnet. Vel, alt dette går hand i hand.

José: Det er deira minne, og vi trur at viss ein gjer ei slags eksorsistøving, at ein tar desse minna ut, vil dette vere ei bør mindre for kvinnene å bere.

Gjennom 31 år har SPK organisert eit karneval med kunst, dans og drama i bydelen for innbyggjarane. Her når dei ut til eit større publikum enn kursdeltakarane deira. Sjølv om karnevalet finn stad mange månader etter at eg har reist frå Bogota, er det framleis mange på huset som snakkar om det, diskuterer fjorårets og ikkje minst kva dei skal gjere dette året. Gjennom nokre dokument eg har fått tilgang i av Jose på whatsapp, beskriv dei det som «ein plass for livet, for den folkelege resistansen og for kultur». Årets karneval skal setje lys på det dei kallar ei humanitær krise. I dokumentet skriv dei at fleire sosiale leiarar er drepne sidan 2016. Det er også mange ekskrigarar frå FARC som er drepne dei siste åra. SPK meiner difor at staten ikkje har gjort det dei lova, nemleg å støtte opp under dei FARC-kjemparane som ønskte å leggje ned våpna. Karnevalet er deira måte å få fram sin forferdelse rundt det som skjer i landet deira. Nemleg gjennom kultur og ikkje-valdeleg protest fungerer karnevalet som ein bevestigingsgrep rundt konflikten og konsekvensane av at regjeringa ikkje held løfta sine. Karnevalet er SPK sin plass for å passe på at punkta i fredavtalen vert gjennomført. Dei inkorporerer det kunstelege som eit politisk verktøy for å promotere fred.

5.5.2 Fellesskap, men og deltaking som noko skjørt

SPK har til no fortalt om eit kollektiv der ein tar for seg både trauma og det politiske arbeidet. For å illustrere litt av det fellesskapet som eg vart invitert inn i, vel eg å skildre starten på ein kursdag for tilsette ved barnehuset.

Eg er usikker på kva som skal skje på møtet. Alt dei har fortalt meg er at dei skal ha ein analyse av Colombia sin kontekst og kva som skjer i nyhendebiletet. Eg kjem inn i eit stort rom med murveggar og flisgolv, der damene allereie har begynt å samla seg. Det står stolar i ein sirkel, og eg pratar med nokre av damene eg har møtt tidlegare. Det heile startar ved at Mila les eit dikt. Ein del av det lyder slik: «Vi er ein kropp som er ein del av ein stor kropp» (Mila, personleg kommunikasjon, februar 2019). «Ein sjø

av små flammer. Kvar og ein av oss har ein flamme på innsida av oss, men korleis klarer vi å aktivere denne flammen på innsida av oss?» Ho fokuserer her på individet og det spesielle med individet, men òg at vi alle er like på eit vis. At saman er vi eit hav av flamar, sterkare. Leiinga har klypt ut små flamar til alle som er til stades. Vi får i oppgåve å fargelegge flammen og tenkje på eit ord som uttrykkjer kva vi ønskjer for dette året. Ein etter ein kjem dei ut frå sirkelen, legg ned flammen sin og seier ordet sitt. Dei ligg i ein sirkel rundt eit faktisk lys. Kanskje for å vise fysisk kor mange flamar dei er og at det er styrke i fleirtal. Dei er viktige som individ, i forskjellige fargar. Nokon er forsiktige blå og rosa, andre raude, oransje og synlege. Dei er alle like viktige i prosessen. Deretter syng dei ein song og held hender. Ikkje alle song i byrjinga, men heilt i slutten deltok alle. Det var tydelegvis ein song dei kjende.

Dette er ein av dei første gongane eg møter damer som er tilknytta til SPK, utanom dei i leiinga. Eg merker at eg får tårer i auga. Det kjennest fint å bli inkludert, og ein merkar at dei tar vare på meg. Det er viktig for dei at eg vert inkludert, då dei kjem bort til meg, helsar og småpratar. Denne inkluderinga ser ein òg i gruppa etter kvart som folk kjem til. Dei vert møtt med smil og klem. Det verker som alle har sin plass. I samtale med José fortel han kven SPK skal vere til for.

José: Denne plassen? Den har vore for alle gutar og jenter, for kvinner, for mennene som er før meg og for dei som enno ikkje er fødde. For dei som treng ein plass å verta høyrd, ein plass der dei kan vere kva dei vil, bli kva dei vil. Det skal òg vere ein plass der det skal vere mogleg å seie det du vil, utan å bli angripen. Det er for dei som treng å snakke, dei som treng å bli høyrt, som treng å puste. Det å kunne føle seg velkommen, og i få sleppe unna rutinen, kanskje for å transformere rutinen. Eg trur at denne plassen er for desse menneska.

Slik beskriv José det fellesskapet dei har hos SPK. Det er òg eit fellesskap som eg opplevde som fint å vere ein del av. Det er likevel ikkje sikkert det er eit fellesskap som er ope for alle. Eg vil vidare ta med korleis forskjellige former for deltaking vert sett på.

Som nemnd tidlegare ligg det ein forskjell i korleis SPK arbeider med si kursverksemd og korleis Nuqleo-gruppa i Fasol fungerer. Eg vil med dette vise korleis deltaking kan vere sårbart for Nuqleo-gruppa. Nuqleo-gruppa som ligg under Fasol har ikkje ei fast

kursverksemd med prosjekt og innleveringar som ein har i det politiske kurset hos SPK. Nuqleo er eit lågterskeltilbod som er (ofte, men ikkje berre) for kvinner som er heime på førmiddagen, altså som ikkje er i arbeid. Når eg var der låg gjennomsnittsalderen på deltakarane på 55 år, og mange av dei var bestemødre. Dei har ikkje fast aktivitetar planlagt, men dei planlegg ut i frå kva dei sjølve ønskjer eller kva Clarita (leiar) har planlagt for dei. Dette kan inkludere matlaging, halde orden med grønnsakene i terrassehagen eller reise på utflukter. Nuqleo er ei gruppe som fokuserer på samtale, diskusjon rundt kvardagslege tema, politiske tema som påverker kvardagen til kvinnene og at det skal vere eit rom dei kan slappe av på.

Linda: Når eg kom til SPK, var det ei lita stund etter at ektemannen min hadde døydd. Ei venninne hadde invitert meg med fleire gonger og ein tysdag vart eg med. Då vart eg møtt av nokre damer som stod og lo, og eg tenkte at her vil eg ikkje vere, og vennina mi spurde meg kvifor ikkje? Og eg fortalte ho kva som hadde skjedd, at eg trudde dei hadde gjort narr av meg, men ho sa at det ikkje stemde, at dei berre hadde spørkar imellom seg, og at det ikkje var noko å bry seg med, så difor vart eg med neste tysdag (personleg kommunikasjon, 2. mai 2019).

Linda har vore med sidan byrjinga av 2000-talet på aktivitetar hos både Fasol og SPK. Utdraget frå intervjuet eg hadde med henne viser kor skjør deltakinga hennar var. Ei misforståing med nokre damer ho ikkje kjende eller hadde snakka med, var nok til å få ho til å tenkje at Nuqleo-gruppa ikkje var ein plass for ho. Viss ikkje venninna hennar hadde overtalt henne, ville ho ikkje ha halde fram. Andrea er eit anna døme som viser korleis ho sjølv meiner at ho ikkje klarar å delta fullt ut på kursa til SPK.

Eg sit med Andrea på eit av kontora før vi skal starte kurset. Vi har begge kome tidleg for at vi skal ha tid til å gjennomføre intervjuet vi har planlagt, før resten av gjengen kjem. Vi byrjar å snakke om kurset, og ho meiner sjølv at ho har ein «participacion poco activa, mas pasiva» eller ei deltaking som er mindre aktiv og meir passiv. Eg tenkjer for meg sjølv at dette kjem sikkert ut i frå ein diskusjon dei hadde på ein tidlegare kursdag om deltaking og korleis dei sjølve pleidde å oppføre seg i slike settingar. Etter at ho har sagt dette, skyt eg inn med at eg hadde høyrd ho både snakke og diskutere i den store gruppa. Ho meiner likevel ho burde blir meir delaktig. «Dei andre jentene snakkar meir enn meg», seier ho (personleg kommunikasjon, 3. mai 2019).

5.6 Arbeidet rundt fred

Vidare følger diskusjon og innsyn i korleis dei arbeidar med fred og kva dette arbeidet inneberer. Eg deltok på interne møte med SPK der dei tilsette planla kursa. Dette er eit utdrag frå eit av desse møta.

Det pedagogiske teamet byrja dei med å gå inn i det dei kallar fredspedagogikk. «I dette ligg det deltaking og transformasjon», sa Angelita (professor i antropologi som er med på å planlegge og gjennomføre det poliske kurset). For SPK verkar det politiske aspektet sentralt i pedagogikken rundt fred. Mens dei diskuterte kom det fram at det er «viktig å fortsette å støtte prosessen». Med denne prosessen meinte dei prosessen etter at fredsavtalen vart signert og det arbeidet som inngår i å passe på at punkta i den vert gjennomførte. Dei slår fast at det er dårleg utdanning blant dei fattige og at det er sentralt å halda fram arbeidet med kvinner, men og med born i forskjellige aldrar. I Angelita sin definisjon av fredspedagogikk legg ein vekt på ei form for transformasjon og deltaking. Mila skaut inn «det er viktig at vi gjer dette no, i denne tida, for fredsbygging er noko som skjer på innsida av menneska» (personleg kommunikasjon, 2. februar 2019). Difor må dei halde fram å arbeide med dette. «Vi må aldri gå tilbake der vi var».

I løpet av dette møtet ser ein kor ulikt innhald dei legg i ordet fredsarbeid. For nokre vil eit fredsarbeid handle om eit politisk arbeid. For Mila er det meir eit fokus på å reparere, om å ta føre seg den smerta som krigen bringa med seg. Det verkar frå dette interessant å gå inn i omgrep som vert brukt rundt arbeidet i SPK og då det spesielle fokus på kvinner som fredsbyggjarar. Det er flotte ord, men korleis ser dette fredsarbeidet ut i si fysiske form? Det er gode omgrep å bruke til diskusjon, då både leiarane i organisasjonen, det politiske klimaet i Colombia og internasjonale aktørar som FOKUS, brukar desse orda. Det er også som Dorothy Smith seier at ein skal gå inn i omgrep og finne ut kva dei inneheld (2005).

5.6.1 Fredsbyggjar

I byrjinga av denne oppgåva kunne ein sjå korleis SPK vart beskrive gjennom økonomiske bidragsytarar, men òg av dei sjølve gjennom sine sosiale medium at dei fokuserte på reisa frå offer til fredsbyggjar. Fredsbyggjar er eit veldig flott og stort ord, men det kan vere vanskeleg å vite kva det rommar. Det er eit ord som ein ofte høyrer frå institusjonar som støttar fredsarbeidet i Colombia som til dømes FOKUS eller utanriksdepartementet i Norge som var

aktive i prosessen til fredsavtalen, men òg leiarar i SPK. Dei som ikkje brukar dette ordet, er deltakarane på kursa. Det kan vere at dei er fredsbyggjarar, men at det ikkje er slik dei skildrar seg sjølve. For kva inneber det i å kunne kalle seg ein fredsbyggjar og kva fysisk form tar det? Det har ikkje vore eit lett arbeid å kome i djupna på dette. Mila skildrar nedenfor ein aktuell grunn til at deltakarane ikkje vil involvere seg i det politiske fredsarbeidet.

Mila: Eg har følgd ei gruppe unge kvinner lenge her. Vi har arbeidd med mykje forskjellig, men ein av dei tinga som er tydeleg for meg at det ligg ei spenning mellom unge og politikken. Flerie av dei kan seie «eg vil ikkje ha noko å gjere med politikken», «det intresserer meg ikkje» og «eg er apolitisk». Dette får meg til å le. Eg fortel dei at det dei seier no er politisk. Dette nektar dei for. Eg fortset å le, mens eg seier til dei at alt det dei gjer er politisk. Handlingane våre er politiske. Vala våre er politisk (personleg kommunikasjon, 14. april 2019).

I samtale med Andrea (som i følgje SPK skal vere ein av desse fredsbyggjarane) fortalte ho meg at sjølv om ho var stille i undervisinga byrja ho å diskutere med familien sin når ho kom heim. Ho var open om at ho ikkje vil gjere dei same feila som mor si.

Kva er desse, spør eg? «Mor lot far bestemme alt. Ho hadde ikkje sine egne pengar og var altfor avhengig av han» (Andrea, personleg kommunikasjon, april 2019). I diskusjon med Andrea er mora einig med henne at det er viktig at ho ikkje blir som henne. Vidare snakkar vi om kurset. Ein av dagane tok dei opp omgrepet «public policies» og korleis det kunne ha betydning for dei. Dette er ein vanleg angrepsmåte for SPK når dei skal ta fatt på nytt stoff. Ved å gå inn i omgrep, bryte dei opp og sjå kva dei inneheld gjer ein det meir tilgjengeleg for kvinnene. Dette gjer igjen at dei forstår debatten som til dømes føregår på tv-skjermen eller i avisene og at dei ser si eiga rolle i situasjonen. Andrea gjekk heim til mor si og snakka om det dei hadde lært den dagen. Ho fortalte meg at mor til Andrea hadde tatt samtalen vidare til naboen. Dette kan vere som eit døme på korleis det kan føregå ei bevisstgjerung ikkje berre hos dei som er kursdeltakarar, men også i heimane deira.

For Linda (ei som arbeidar som frivillig) er fredsarbeid noko ho gjer i eige nabolag. «Fred byrjar i heimen», sa Linda (personleg kommunikasjon, april 2019). Dette kom opp i ein samtale vi hadde då vi snakka om livet og arbeidet hennar. Ho fortalte om ein konflikt ho hadde prøvd å melde i mellom to naboar. Her ser ein kor lokalt fredsarbeidet kan vere. Det er

eit arbeid som ikkje er knytt til store ord som fredsbyggjar eller offer. For Linda handla det om å kunne leve fredleg saman med naboane sine. Det er interessant å sjå på desse små tinga og kva dei kan ha å seie for enkeltindividet. Som Andrea sa «ein må byrje i det små, fordi det å endre berre ein person sitt liv er komplisert». Har vi gløymd denne langsame endringsprosessen? Forventar ein for mykje av eit prosjekt? Det er på mange måtar på mikronivå ein kjenner at ein har reell endringsmakt, fordi ein får sjå resultatata på nær hand. I beskrivingane ovanfor ser ein kva som kan vere nokre grunnar til at deltakarane sjølve ikkje brukar ordet fredsbyggjar for å beskrive seg sjølv. Ein kan likevel sjå i døme med Andrea at kursa har ein påverknad og at diskusjonen på kurs gjerne flyttar inn i heimane til folk.

5.6.1 1325

Fredsarbeid kan altså vere noko lite som foregår i heimane til folk. Nedenfor følgjer eit utdrag frå eit planleggingmøte med SPK der dei tek opp FN-resolusjon 1325.

Det pedagogiske teamet hadde tre møte før dei starta opp kursa, og eg deltok på alle tre. På desse møta tok dei opp evaluering av tidlegare kurs, kva som er årets mål, og korleis dei skal kunne jobbe med desse. Eg forstod kva dei snakka om fordi eg hadde lese meg opp på litt innanfor kvinner og fred i forkant av feltarbeidet. Eg var forsinka til dette møtet. Her skulle dei fordele arbeidsoppgåver, følgje opp mål for kursa og bestemme seg for korleis ein skal kunne evaluere dei. I det eg unnskyldande set meg ned, litt andpusten fordi eg sprang siste stykket, roar eg meg, mens dei held fram å diskutere korleis dei skal bruke 1325 i arbeidet sitt. Etter å ha summa meg litt, tenkjer eg at det er akkurat som å kome inn i ei boble, ei boble av kvinner og fred. Vi sit rundt eit bord, der det er mogleg å sjå kvarandre. Dei har nett servert kaffi. Alicia opnar møtet med å spørje «Korleis skal vi realisere 1325 i vårt arbeid?». Angelica fortset med «Vi fasiliteter prosesser med kvinner som fredsagentar». Vidare snakkar dei om forskjellen mellom urban og rural planar for 1325.

På dette møtet snakka dei altså om 1325. For ein som kjem utanfrå kan ein lure på kva dette gjeld, men for dei som arbeider med kvinner og fred er dette noko som «alle veit» kva gjeld. For ikkje å sjølv verta «institutionally captured», refererer 1325 til ein FN-resolusjonen om kvinner, fred og sikkerheit, som tek opp spesielt korleis kvinner vert påverka av krig (UN women, u.å.). Den vedkjenner kvinner si rolle i varig fred og slår fast at ein må involvere kvinner i alle fredsbyggjande tiltak. Den seier også at ein må «mainstream a gender perspective» og at kvinner skal delta på alle nivå der det vert tatt avgjerder når det gjeld fred.

Ein må ta i bruk tiltak for å støtte lokale kvinner sitt fredsinitiativ og urbefolkninga sine prosessar for konflikthandtering (UN Women, u.å.). Her ser ein korleis SPK knytt sitt lokale arbeid til 1325. Ein kan seie at 1325 verkar styrande for SPK i den form at dei skal få sine program til å passe inn i denne resolusjonen. Fordi det med å realisere 1325 i sine program, set nokre krav til korleis dei skal kunne utføre dei, kva som blir viktig for dei sjølve i kursa og med dette påverkar det innhaldet til deltakarane. SPK fortsett arbeidet med å unngå nye konflikter og å skape fred.

5.6.2 Kurs og aktivitet

Første aktivitetsdag for senteret og dei som er tilknytte SPK fokuserer leiinga på å snakke om kva som skjer i Colombia, korleis ein brukar sosiale medium riktig, men òg kva som må gjerast vidare for å bevege seg mot fred. Det er eit mobiliseringsarbeid der ein skal gå frå passiv til aktiv deltakande. Det er fokus på SPK si form for healing og sjølvhjelp, men òg på korleis ein snakkar om fred eller som ein får sjå i denne samanhengen, korleis ein unngår å snakke om fred. Under følgjer feltnotatet frå mitt første møte med SPK, saman med tilsette som arbeidde i barnehuset. Dei hadde ein samlingsdag på Barnehuset.

Etter innleiinga med flammeaktiviteten, som eg har tidlegare nemnd, heldt møtet fram med ein analyse av det dei omtalte som konteksten eller sagt litt enklare, ein samtale om kva som skjer i landet no. Ein prest som deltok på møtet, snakka om håp og kva dei kunne gjere med dagens situasjon. Han sa «Viss det er mørkt, må vi lage meir lys» (personleg kommunikasjon, 13. februar 2019). «Vi kan bli deprimerte, men de må prøve å sjå annleis på det». Vidare vert migrasjon omsnakka. «Dette er signal som vi må ta på alvor. Dette er eit symptom på at situasjonen i Venezuela er alvorleg».

Presten går vidare inn i studentaksjonane i Bogota og resten av landet. Han seier at denne bestemtheita om å få til endring kan vi lære av dei. «Vi må verte meir kritiske, opne auga og mobilisere oss som studentane» (personleg kommunikasjon, 13. februar 2019). Det er viktig for SPK at ikkje berre dei som går på kursa deira er bevisste om situasjonen i landet, men òg deira tilsette. På denne måten når SPK fleire med deira mål om å få fleire aktive i politikken.

Under møtet var det nokre som byrja å snakke om korruperte politikarar, at dei stal pengar eller ikkje gjorde noko for å betre transportmoglegheitene i hovudstaden. Ei sa «Kva kan vi gjere når politikarane er korruperte?» Samtalen gjekk mest ut på å klage på

situasjonen, det verka håplaut å gjere noko med det. Alicia fokuserte på kva dei faktisk kunne gjere som enkeltindivid, men òg som gruppe. Idéen om at korrupsjon var lik håplausheit fekk ikkje leve vidare i rommet. Alicia prøvde å trekke linjer mellom det presten hadde fokuserte på, med den lokale konteksten dei tilsette lever liva sine i. «Kvifor er all fokuset på Venezuela? Kvifor snakkar vi ikkje om det som skjer i vårt eige land?» Fleire tok notatar no. Sola var begynt å gå ned, og gjennom vindaugget hørde ein ein av dei kjende «reggaeton»-songane i landet. Alicia greidde vidare ut om kva dei som enkeltindivid kan gjere. «For det første kan ein prøve å kontakte lokalpolitikarar. Med dei kan vi snakke om rettane våre og bekymringane våre». Vidare fortalde ho om kva ho såg i den lokale konteksten. «Sjølv om vi no har ein fredsavtale, fortset krigen. Det er usikkerheit og utryggleik og Venezuela vert brukt som eit døme for å skape frykt av nokre politikarar. Når det gjeld kvinner sine rettar, er det ei underutvikling». Ho meinte at det har vore for lite fokus på dette. Vidare er òg mange sosiale leiarar blitt drepne dette året. «Vi må ut i gatene og seie at vi ikkje aksepterer dette» (Alicia, personleg kommunikasjon, 13. februar 2019).

Alicia sier at gjennom sosiale medium, som Facebook, men òg chattetenesta WhatsApp vert det spreidd informasjon om politikarane, men og «nyhende». «Det som er usikker er kor sant det som blir spreidd faktisk er» (Alicia, personleg kommunikasjon, 13. februar 2019). Ho seier ho ofte ser saker som skal bygge opp under hat eller frykt, og at ein difor må vurdere kritisk det ein får tilsendt. Det er også viktig i deira yrke å passe på barna når det gjeld sosiale medium. «For viss ungdom får sin info gjennom WhatsApp kva kjem dei då til å stemme?» seier ho (personleg kommunikasjon, 13. februar 2019). Det er viktig å stemme på dei som gjer noko med dette. Alicia nemner ikkje namn på politikarar eller parti. Det har vore viktig for SPK ikkje å vere assosiert med eit faktisk politisk parti for å kunne vere tilgjengelege og opne for alle. Ho avsluttar med: «Korleis er det vi gjer politikk?» og «korleis er vi kritiske?». Det er viktig at vi spør oss sjølve desse spørsmåla. «Vi formar nemleg barn og kvinner», seier ho. Kor er mennene, spør eg inni meg.

5.7 Kjønn

IE vart utvikla av Dorothy Smith etter at ho sjølv hadde følgd kvinnekampen og bevegelsen (2005). I følgje Smith tar IE opp kvinner sin ståstad, ikkje som noko gitt eller finalisert form

for kunnskap, men som noko situert i erfaring der ein som forskar kan gjere oppdagingar. Kjønn vert forstått som praksis og noko ein utfører i sosiale relasjonar. Kvinner og menn deltar i desse sosiale relasjonane (West et al. 1978).

Å integrere eit kjønnspersektiv var noko eg fekk høyre i møte med SPK. Då eg spurde kva dette innebar, meinte dei at det var å sjå dei relasjonane kvinnene er ein del av og korleis det kan påverke dei. Det er ikkje uvanleg at «kjønn» i nokre samanhengar er det same som «kvinne» (Chant et al., 2002). SPK har til ein viss grad kjønnsdelte kurs. Eg seier «til ein viss grad» fordi dei inkluderer mannlege ungdommar i kursa sine. SPK har eit fokus på korleis kvinner kan bli politisk aktive, med lite eller ingen fokus på korleis dei skal inkludere menn. I undervisninga i kurset om politisk deltaking kom det fram at kvinner kan på nokre måtar verta sett på som underdanige menn og at difor må kvinner arbeide hardare enn menn. Læraren teiknar ein mann og ei kvinne med forskjellige klossar som skal vise kva menn har som gjer at dei får eit fortrinn. Alma fortalte at kvinner måtte kome seg fordi barrierar i samfunnet. Dei lærte på det politiske kurset korleis kvinner vart oppfatta i lokalsamfunnet deira. Ofte då som «la hermana de» søstera til eller «la suegra de» svigermor til. Dette forklarte dei innebar at mennene i hushaldet hadde ei form for eigarskap over dei, ei form for makt. Det er interessant å ha med dette, ikkje fordi eg skal byrje ein diskusjon om kva for ei form for feminisme som er riktig, men korleis deira forståing av verda påverkar kursa og kursdeltakarane.

I det pedagogiske møtet vert det sagt at ein må ha med eit kjønn når dei diskuterer kurset. Korleis påverkar denne kjønnsdiskursen arbeidet deira og verkar styrande? Det blir i denne samanhengen interessant å gå inn i kva førestillingar om kjønn som finst, korleis maskulinitet er knytt til machismo omgrepet, men òg SPK si forståing av kjønn, kjønnsrelasjonar og korleis menn og kvinner samhandlar i desse.

Bull vart brukt innleiingsvis for å vise til stereotypiske idéar om menn og kvinner i Latin-Amerika (2015). Vidare vart Gutmann brukt for å utvide det maskuline og machismo-omgrepet (1996). Bull er relevant her fordi idéen om machismo er sterk i deira lokalitet. Det er eit fokus på kvinner som marianismo eller som passive aktørar (Bull, 2015). I det aktivitetane eg deltok i var det ingen fokus på mannen si rolle, enn noko anna enn den som kunne halde kvinnene tilbake. Kan ein seie at SPK innfører eit kjønnsperspektiv, når det er eit overfokus på kvinner sin situasjon?

5.7.1 Er menn berre machistos?

Gutmann sitt feltarbeid om kva det vil seie å vere mann i Mexico skapte reaksjonar då det tok opp nettopp desse førestillingane om machismo (1996). Han viste gjennom sitt antropologiske verk at menn i Latin-Amerika er mykje meir enn det machismo omgrepet rommer. «Kor er mennene» er noko eg har spurt både meg sjølv om, men og menneska som arbeider i SPK. Mens eg gjekk rundt i nabolaget med Alma ein gong i februar spurte eg om ho om akkurat dette. Vi har prøvd å inkludere dei tidlegare, men dei kjem ikkje, seier ho. Korleis har de prøvd å inkludere dei, spør eg. «Vi har prøvd å invitere dei til kurs, men dei ville ikkje kome». Ho verkar litt snurt, som at ho er litt irritert for at eg spør om dette. Kanskje det er fordi det er eit sensitivt tema fordi dei veit at dei burde gjere meir om det, kanskje fordi ho syns det er unødvendig av feltarbeidaren å fokusere på noko som er utanfor deira fokusområde? Mennene er òg ein del av løysinga til fred, og det at dei vert ekskluderte frå det arbeidet kvinneorganisasjonar gjer kan gjere at ein ikkje kjem så langt med arbeidet ein kunne tenke seg. Endring kan ikkje føregå i vakuum og at den endringa som skjer med kvinnene, vil ha ein mindre påverknad på systemet eller lokalsamfunnet fordi ein ikkje arbeider med begge kjønn samtidig (Skjelsbæk, sitert i Horst, 2018).

Both international peace stakeholders as well as several partners emphasized the importance of also working with men and mixed organizations to gain a wide acceptance for gender sensitive approaches in the implementation of the peace accords. Collaboration with men also seems important to create a local culture for peace and succeed in enhanced protection schemes. (Scantema, 2016, s. 73)

I samtale med José snakkar vi om kva ungdom får sjå på sosiale medium. Han nemner spesielt memes («morosame» bilete på sosiale medium) som kan verke nedlatande mot kvinner. José uttrykkjer at han føler at det er få rollemodellar for dei unge gutane som kjem til SPK. Han føler veldig på dette ansvaret om å vere nokon Ed (ein ungdom på senteret) kan sjå opp til.

José: Du har vel sett at vi berre er tre menn som arbeider her.

Meg: Ja, det har eg. Korleis er det for deg? Spesielt i møtet med det pedagogiske teamet vert det veldig synleg at du er einaste mann?

José: Ja, det stemmer.

Meg: Og eg har lagt merke til at du ikkje seier så mykje på desse møta. Kvifor det?

José: Ja, vel, når eg er med dei, så lyttar eg ofte. Fordi det kan vere ting eg ikkje er oppdatert på, sant? Men når dei kjem på møta og dei har mykje ny informasjon, då lyttar eg. Akkurat no er eg med på å transkribere nokre intervju med kvinner som verkar veldig interessant og då kan eg gå igjennom dette og tenkje «Ah!, dette er eg enig i, eller ueinig i». Eg ønskjer ikkje å overbelaste dei med spørsmål, men eg spør når eg lurar. Og denne måten å tenkje på, hjelper meg å vere meir til nytte. Eg lærer der og bruker det enten berre som informasjon, eller eg bruker det i praksis. Som til dømes når det kjem til oppgåva med å styrkje kvinner, gi dei ny kunnskap, motivere dei til å studere, eller motivere dei til å slå ned på strukturar heime. Eg er den einaste mannen på møtet, men eg tar den som ein oppmuntring til å lære og samarbeide meir rundt arbeidet som vert gjort frå dette rommet. Og akkurat no held vi på med eit kurs med kvinner, og det vil seie at viss nokon av dei andre ikkje kan kome, kan eg «steppe in» for dei fordi eg no kjenner til temaet.

Det er interessant når vi er inne på kvifor det er få menn med i SPK eller kvifor han er einaste mannen i rommet, korleis han klarer å snu det tilbake til arbeidet rundt kvinner. I eit av møta med det pedagogiske teamet tok eg opp dette om dei og ville inkludere menn i det politiske kurset eller andre kurs. Mens dei såg på kvarandre, på meg og til slutt på Alicia, sa antropologen i gruppa at «ja det var dei». Raskt etter kom spesifikasjonen frå Alicia «ja, for unge menn». I seinare samtalar med leiinga har dei fortalt meg at det er lettare å arbeide med unge menn. Dei har ikkje same status som vaksne menn, og dei hemmar ikkje kvinnene i rommet til å seie kva dei meiner. Sjølv om det arbeider menn i organisasjonen, såg eg ikkje noko reellt ønske om å inkludere menn. SPK meiner at det er viktig å styrke kvinner. Dei er òg ein kvinneorganisasjon, og det er ikkje uvanleg at dei har eit fokus på kvinner, men det kunne ha hjulpet arbeidet deira viss SPK inkluderte menn.

Vidare føler eit døme som kan vise kvifor ikkje fleire menn deltar. Under ei av dei første møta dei skulle diskutere planane for barnehuset var alle dei tre mennene samla og deltakande.

Det var første og siste gong eg såg dei alle med på ein aktivitet, sjølv om dei sjølv sagt kan ha deltatt ved høve der eg ikkje var med. Dei tre mennene har forskjellige funksjonar, som kan forklare kvifor dei ikkje deltar oftare saman. Ved slutten av samlinga skulle heile gruppa på femti personar halde hender og syng. José og mannen til Alicia heldt ikkje hender sjølv om dei stod ved sida av kvarandre og alle andre

gjorde det. José tulla litt med det, men mannen til Alicia heldt seg alvorleg. Det var akkurat som har gjorde eit poeng ut av det. Han heldt handa til dama ved sida av han.

Til og med i eit slikt rom som er prega av openheit og varme, kan ein seie at denne mannen ikkje klarer å trø ut av si rigide rolle som mann og det som er forventat av han. På den andre sida kan ein også seie at dette ikkje var eit «ope og trygt» rom for akkurat han og at han difor heldt på med eit inntrykkkontroll (Goffman, 1992). Fordi dette rom var ikkje eit rom som var skapt for han. Det var eit rom som var skapt for kvinner. Det er interessant å sjå når det først er menn som deltar i slike settingar hos SPK at dei ikkje kan gjere fullt ut det resten av gruppa gjer. Eg har spurt José om kvifor det ikkje er meir fokus på menn.

José: Eg forstå at det kan verke som om det er eit overfokus på kvinner, og at det på den andre sida er ein anna aktør med i bilete som vi også må endre som er mennene. Men først må vi transformere kvinnene, men sjølv sagt må vi og transformere mennene. Dette kan vi kanskje gjere med par, viss dei kjem saman hit. Dette er moglegheiter vi ikkje kan gå glipp av, så viss gutane eller mennene kjem, vil vi vise dei kva som skjer, kva som skjer med kvinnene, og det er vi som gjere desse endringane, det er vi som må lage plassar som er fylte av likskap, det er vi mennene som har ansvaret, og vi må ta på oss dette ansvaret. Det er kvinner som snakker no, for hundre år sidan var dei stille, og no er det vi menn som er stille. Vi må ha mot til å skape endring, til å bidra med å skape endring.

José er ein mann som er prega av det å arbeide i ein kvinneorganisasjon. Det er tydeleg at han har lært mykje frå den akademikartunge leiinga. Hans utsegn om at «kvinner før var stille i hundre år og no er det menn sin tur til å vere stille» er ein ganske radikal ting å seie. Sjølv om Bogota er ein storby, er ikkje dette noko som er vanlig å seie. Her er det eit overfokus på kvinna og ikkje på det relasjonelle forholdet mellom kjønn eigentleg skal gå gjere seg. Jose kan ikkje bli sett på som ein «vanleg» mann i denne bydelen, men det er interessant å sjå korleis han har blitt påverka. José kan og vere SPK sin veg inn til mannen på mange måter. Han vedkjenner at det er viktig å inkludere mannen, sjølv om det no er kvinna sin tur.

5.8 NGO sin påverknad

Det kan vere utfordrande å unngå eit maktforhold mellome lokale organisasjonar og dei som er økonomiske bidragsytarar. Dei som sit på pengane, sit og på ei form for makt når det gjeld styring. Difor ønskjer eg å sjå nærmare på forholdet NGO-ar kan ha med SPK. Dei kan på

mange måtar prøve å vere likestilte, men det kan lett bli eit forhold kor den eine krev noko av den andre. Dette kan ein sjølv sagt diskutere ved å seie at når det er økonomiske midlar involvert, må ein passe på at det vert brukt slik det er blitt bestemt mellom to parter. Nokre NGO-ar kan òg verta påverka av dei statlege aktørar som ein får finansieringa si igjennom. Som til dømes FOKUS får av Norad (direktoratet for utviklingssamarbeid). Når Norad sitt fokus skiftar, og pengar vert trekte vekk frå spesifikke prosjekt, går dette ut over dei som arbeider på bakken, som SPK. I perioden eg var hos SPK, fekk dei høyre om at Norad no krev 10 prosent eigenkapital frå FOKUS sine prosjekt (FOKUS u.å). Dei prosjekta som gjekk under kvinner og fred hadde tidlegare fått fritak for dette. Mykje av grunnen til dette var at den norske regjeringa meinte at kvinner si rolle i fredsprosessen var viktig. Etter denne endringa var leiinga i SPK nervøse for korleis dei skulle gå fram i denne prosessen. FOKUS har lenge vore ein viktig økonomisk bidragsytar for SPK, og SPK karakteriserte det som om FOKUS hadde «økonomiske problem». Scanteam sin rapport finn at fleire av FOKUS sine partnerorganisasjonar uttrykkjer at dei ville ha halde fram med arbeidet sitt. Dei vert skildra som sjølvdrivne og berekraftige.

This is not to say that some target groups wouldn't suffer if fund all of the sudden disappeared from their financing partners, but overall activities would continue, but with lower impact. It thus appears that FOKUS Colombia has succeeded in their goal of strengthening their partner organizations based on their own situation. These findings is rather extraordinary and very positive, as unfortunately most international development assistance has a tendency to create dependencies. In this sense, the programmed stands out as highly sustainable. (Scanteam, 2016, s. 59)

I samtalar med informantane mine, på møte med leiinga kom den økonomiske situasjonen ofte opp. Ein snakka om førre gong FOKUS hadde økonomiske problem, og SPK ikkje fekk den støtta dei hadde venta seg. Dette gjorde at fleire kurs ikkje kunne gjennomførast, og færre fekk betalt for arbeid. Det er få av dei som er fast tilsette, mens nokre får betalt per prosjekt dei er med på. Sist FOKUS hadde økonomiske problem tydde dette at fleire måtte gå tilbake til frivillig arbeid. Ei av dei uttrykte at ho ville vere med, og viss ho kunne fått betalt for det arbeid ho gjorde så hadde det vore fint, viss ikkje, så vart ho likevel med. Så når Scanteam skriv i sin rapport at «but overall activities would continue, but with a lower impact», så stemmer dette, men vil òg seie i praksis at nokre mister lønninga si. Rapporten tek ikkje opp kvar organisasjon og korleis det ville ha påverka kvar enkelt, men å seie at SPK ikkje er ein av dei som er økonomisk avhengig av FOKUS er ikkje direkte sant, fordi tap av inntekt frå

FOKUS vil seie at nokre nøkkelpersonar som José, Almas og Magdalena ville gått utan løn. SPK har på den andre sida kontakt med andre organisasjonar som dei kunne ha søkt støtte hos.

For å få støtte må SPK søke om dette og beskrive kursa sine. For SPK var det viktig å ha eit bibliotek, men dette var det kommentert at det ikkje fanst pengar til (Mila, personleg kommunikasjon, 23. mars 2019). Det var ingen av organisasjonane dei hadde tilknytning til, som ville prioritere dette. SPK meinte at dette var eit viktig tiltak for både barn og ungdom i bydelen å ha ein plass der ein kunne lese, ta i fysiske bøker, for å utvikle seg. Når ein ser på dette spesifikke tilfellet: Kven er det då eigentleg som får bestemme kva som er viktig i den lokale konteksten? Er det SPK eller dei økonomiske bidragsytarane? Vidare ser ein kva deltakarane sjølve seier om samarbeidet med FOKUS. «Strengthened our ability to systemize and publish our findings» 2016, s. 66). Det er òg tydeleg at FOKUS lærer opp organisasjonane for å kunne manøvrere i utviklingsfeltet. Dette ser ut som ein nødvendighet, for å finne fram i utviklingsdiskursen. I følgje Cornwall er ord og omgrep som passord, som opnar opp for finansiering og påverknad (2007). Innsikt i omgrepsapparatet, moglegheita til å skrive seg inn i organisasjonar sitt eige språk innhald ein verdi for organisasjonane. Det gjer og at organisasjonar som lærer seg dette språket sit på makt. Dette vil ikkje nødvendigvis seie at det er eit språk som deltakarane kjenne seg igjen i tidlegare diskusjon om «fredsbyggjar».

5.8.1 Bruk av sosiale medium

Under tida mi hos SPK og i ettertid mens denne masteroppgåva vart skriven, har eg observert større aktivitet på sosiale medium. Dette kan ha noko med at ein av studentane som arbeider der, har fått større ansvar for sosiale medium-kontoen deira på Facebook. Dei brukar no kontoen til å publisere informasjon om aktivitetane deira. Eg har òg sett bruk av emneknaggen #mujeresconstuyedopaz eller kvinner som lagar fred. Dette såg eg først hos kontoen til landskontoret til FOKUS. SPK har enten brukt det sjølve eller delt innhald som FOKUS Colombia har lagt ut. Bruk av ein emneknagg som omhandlar kvinnelege fredsarbeidarar kan vere effektiv og ikkje minst sjå flott ut. Problemet er, som vi har sett tidlegare, at lokale kvinnener ikkje brukar dette omgrepet om seg sjølve. Er det beskrivande nok for det arbeidet som vert gjort eller tilfører det stereotypiske bilete av kvinner og fred? Slike forenklingar kan vere med på å setje lys på denne gruppa sitt arbeid, men den er ikkje med på å beskrive kva som faktisk skjer.

5.8.2 Analyse av den sosiale situasjonen i bokform

I byrjinga då eg skulle gjere meg kjend med arbeidet SPK gjorde, gav dei meg ein god stabel med små bøker i hefteform. I byrjinga då eg las meg igjennom dei tenkte eg at dette var tekstar dei brukte i arbeidet sitt. I intervju med dei, spurte eg om kva tekstar dei brukte. Få av dei refererte til desse bøkene. Dette måtte eg finne ut av. Bøkene det gjaldt er meir som små forskingsprosjekt som dei har laga i bokform. I desse undersøkte dei forskjellige tema som kvinner og fred eller kvinner og vald. Dei gjennomførte spørjeundersøkingar og intervju med kvinner som var representative for deira område. Dei laga rett og slett på med si eiga form for forskning. Det er kanskje naturleg då styret består av fleire professorar. Ein av tinga eg lurte på etter at eg hadde lese dei åtte små bøkene, var kvifor dei brukte tid på dette når det ikkje kom tydelege fram korleis og om dei i det heile tok dei i bruk i arbeidet deira? Dette var ein av spørsmåla mine i intervjurunden med informantane mine. Der kom det fram at i det daglege arbeidet var ikkje desse i bruk. Bøkene kunne bli brukt i spesifikke kurs eller ved spesielle høve. Så kvifor produserte dei desse bøkene?

José: Vi kan seie at vår historie finst her viss du vil sjå den. Det har blitt ein måte for å seie til andre at så vi er ein organisasjon som ikkje har så mykje økonomiske ressursar, men vi har vore ansvarlege med dei ressursane vi har. Når dei ser kva vi har fått til, får dei sjå kor verdifullt arbeidet vårt er. Det er ein måte å vise dette, når de får bøkene, at då veit vi at det er nokon her i Bogota i Colombia, og i Kennedy, finst det er organisasjon som arbeider.

Meg: At de også forstår situasjonen? At de forstår kva som skjer i dykkar lokalitet?

José: Ja akkurat, eller du kan spørje kven som helst av oss og vi vil fortelje deg, sjå her i Kennedy skjer det dette eller dette. Vi forstår konteksten og kan argumentere overfor regjeringa som lurar på kva for utfordringar vi har her. Vi må heile tida tilpasse oss den konteksten som finst og dei utfordringar som oppstår.

Gjennom desse bøkene legitimerer SPK sitt arbeid. Det har òg ein funksjon i å fortelje utanforståande kven dei er og kva dei gjer. Dei viser at dei forstår sin eigen kontekst og lokalitet. Dette viser dei gjennom forskning som dei gjer sjølve. Difor er det som om ingen kan seie imot dei når dei seie dei snakkar på vegne av kvinner i lokaliteten. Dette var bøker mest meint til folk utanfor organisasjonen. Dette betyr òg folk som var nye i organisasjonen som skulle lære seg kva SPK fokuserte på. Det vart i tillegg brukt i rapportar enten når dei skulle

søkje om prosjektstøtte, ved evalueringar som vart sende til økonomiske partnerar eller når dei dreiv informasjonsarbeid i møte med andre samarbeidspartnarar.

6 Oppsummerande kommentarar

Eg avsluttar der eg byrja, nemleg med kvinner sine erfaringar i kvardagslivet. Fred startar i heimen, fortalte Linda meg. For ho og mange andre i SPK er fred noko personleg. Fredsarbeid kan ha mange forskjellige uttrykk. For SPK er fredsarbeid politisk arbeid. Det er ei personleg utvikling som skjer inne i dei sjølve, både for dei som arbeider i organisasjonen og dei som deltek på kursa. Ein ser òg at arbeidet deira har ringverknader i heimane.

I denne oppgåva har eg prøvd å setje lys på kva ein meiner med fredsbygging og korleis SPK legg vekt på kvinner i dette arbeidet. Gjennom forholdet til NGO-ar ser ein korleis dette kan verka styrande. Bruk av merkelappar som fredsbyggjar kan verke effektivt for å få ut budskapet sin, men gjennom forskning ser ein at biletet er meir mangfaldig enn som så. Kvinner er meir enn gode fellesskap. Dei kan vere ueinige òg. Ved å berre fokusere på kvinner, sjølv om dei har sine grunnar for dette, kan det gje eit unyansert bilete på korleis kvinner og menn opplever krigen. Menn lever òg i denne konteksten som er prega av frykt, og krig påverkar dei òg. Det kan tenkjast at viss ein hadde inkorporert kjønnsaspektet på ein måte der både kvinner og menn sine historiar hadde fått plass, kunne ein skapt at ein vedvarande og berekraftig fred.

Dei orda vi brukar skaper meining rundt oss. Det språket som vert brukt rundt kvinner, utvikling og fred påverkar arbeidet. Spørsmålet må vere om det språkapparatet vi som forskarar og dei som arbeider internasjonalt bruker, er til hjelp eller verkar hindrande for menneska som er mottakarar av denne utviklinga. Forenkla forståingar er nødvendige for å få fram informasjon raskt. Det ein ser er at desse forståingane ikkje alltid er representative for menneska og dei komplekse liva dei lever.

7 Kjelder

Alto comisionado para la paz (2016). Summary of Colombia's agreement to end conflict and build peace. Henta den 09.11.19 frå

<http://www.altocomisionadoparalapaz.gov.co/herramientas/Documents/summary-of-colombias-peace-agreement.pdf>

BBC (2016, 24. november). Who are the Farc? *BBC*. Henta frå

<https://www.bbc.com/news/world-latin-america-36605769>

BBC (2019, 28. oktober). Claudia López: Colombia's capital elects gay woman as mayor.

BBC. Henta frå <https://www.bbc.com/news/world-latin-america-50205591>

Brown, G., Langer, A. og Stewart, S. (2011). A typology of Post-Conflict environments.

Centre for Research on Peace and development working paper No.1. 1-21.

<https://soc.kuleuven.be/crpd/files/working-papers/wp01.pdf>

Bull, B. (2015). Latinamerikanske utfordringer (2.utg.) Latvia: Cappelen Damm Akademisk

Campbell, M. og Gregor, R. (2004). *Mapping Social relations. A primer in doing institutional Ethnography*. Lanham: AltaMira Press

CARE (u.å.). Gi enda flere kvinner mulighet til et bedre liv. Henta 16.11.2019 frå

<https://care.no/>

Casey, N. og Jakes, K. (2019, 29. August). Colombia's Former FARC Guerrilla Leader Calls for Return to War. *NY Times*. Henta frå

<https://www.nytimes.com/2019/08/29/world/americas/colombia-farc-rebel-war.html>

Chant, S. og Gutmann, M.C (2002). «Men-streaming» gender? Questions for gender and development policy in the twenty-first century. *Progress in Development studies*. 2(4.), 269-282.

Colombias historie (u.å.) I Store Norske Leksikon. Henta 11.11.2019 frå

https://snl.no/Colombias_historie

Cornwall, A. (2008). Myths to live by? Female solidarity and female autonomy reconsidered. I A. Cornwall, E. Harrison og A. Whitehead (Red.), *Gender myths and feminist fables: the struggle for interpretive power in gender and development*. (s. 145-163). Malden: Blackwell

Cornwall, A. (2007). Buzzwords and Fuzzwords: Deconstructing Development Discourse. *Development in Practice*. 17(4/5),471-484.

SPK (2014). Autocuidado: reflexiones y herramientas, Mujeres constructoras de Paz. Bogota: AFRO editores y Impresores Ltda

DANE (2019). Informal employment and social security. Henta frå <https://www.dane.gov.co/index.php/en/statistics-by-topic-1/labor-market/informal-employmentad-and-social-security>

DLA Piper (2019, 19. februar). Minimum employment rights. Henta frå <https://www.dlapiperintelligence.com/goingglobal/employment/index.html?t=08-minimum-employment-rights&c=CO>

FN (2009). United nations policy for post-konflikt employment creation, income generation and reintegration. Henta frå <https://www.refworld.org/pdfid/5227107a4.pdf>

FN-Sambandet (2019, 9. september). Colombia. Henta frå <https://www.fn.no/Land/Colombia>

Flyktninghjelpen (2016, 6. juni). Vårt arbeid i Colombia. Henta frå <https://www.flyktninghjelpen.no/herjobbervi/amerika/vart-landprogram-i-colombia/>

FOKUS (u.å.) Vårt arbeid. Henta 14.11.2019 frå <https://www.fokuskvinner.no/vart-arbeid/>

FOKUS (2017, 22. april). Kommunikasjonsstrategi for FOKUS 2017-2021. Henta frå <https://d3jkgv357tqm.cloudfront.net/1504297621/kommunikasjonsstrategi-2017-2021.pdf>

Goffman, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig, en studie i hverdagslivets dramatik*. Fagernes: Pax Forlag

Gonzalez, E, S. (2017, 30. mai). Los Andes y los Sabanas tienen los semestres mas costosos en el pais. *La Republica*. Henta frå <https://www.larepublica.co/alta-gerencia/los-andes-y-la-sabana-tienen-los-semestres-mas-costosos-en-el-pais-2515011>

Grattan, S. (2019a, 27 juli). Colombians march to protest against killings. *Aljazeera*. Henta frå <https://www.aljazeera.com/news/2019/07/silence-colombians-march-protest-activist-murders-190727051628633.html>

Grattan, S. (2019b, 2 September). Killings, threats and delays disenchant Colombia's ex-FARC. *Reuters*. Henta frå <https://www.reuters.com/article/us-colombia-farc/killings-threats-and-delays-disenchant-colombias-ex-farc-idUSKCN1VN16D>

Gutmann, M. S. (1996). *The Meanings of Macho, being a man in Mexico City*. California, University of California Press

Horst, C. (2018, 28. august). Peace is more than the absence of war: Inger Skjelsbæk interviewd by Cindy Horst. Henta frå <https://blogs.prio.org/2019/08/peace-is-more-than-the-absence-of-war-inger-skjelsbaek-interviewed-by-cindy-horst/>

Hylland Eriksen, T. (2010). *Små steder- store spørsmål, innføring i sosialantropologi*. (3.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Kabeer, N. (1999). Resources, Agency, Achievement: Reflectins on the measurement of Women's empowerment in discussing women's empowerment-theory and practice. *Development and change vol 30*. (435-464).
<https://onlinelibrary.wiley.com/doi/epdf/10.1111/1467-7660.00125>

Lindstad, G. (2018, 14. september) Kvinner i fredsprosessen i Colombia – en særinteressegruppe? *Bistandsaktuelt*. Henta frå <https://bistandsaktuelt.no/arkiv-kommentarer/2018/kvinner-i-fredsprosessen-i-colombia--en-sarinteressegruppe/>

Mcilwaine, C. og Moser, C. (2003). Poverty, violence and livelihood security in urban Colombia and Guatemala. *Progress in Development Studies*, 3(2), 113-130.

Mohanty, C.T. (1988). Under Western Eyes, feminist scholarship and colonial discourses. *Feminist review*. 30(1), 51-80.

Moi, T. (1998). *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori*. Trondheim: Gyldendal Norsk Forlag

Nilsen, A. C. E. (2015). Barneomsorg, På jakt etter syringsrelasjoner ved «tidlig innsats» i barnehagen. K. Widerberg (Red.), *I hjertet av velferdsstaten: en invitasjon til instritusjonell etnografi*. (s.1-250). Latvia, Cappelen Damm AS

O'Reilly, K. (2012). *Ethnographic methods*, (2.utg). New York: Routledge

Oxfam (2019, 7. mars). Women empowerment. Henta frå <https://www.oxfam.org/en/tags/women-empowerment>

Oxfam (u.å.). Why the majority of the world's poor are women. Henta 16.11.2019 frå <https://www.oxfam.org/en/why-majority-worlds-poor-are-women>

UN (2018, 27. september). No Woman Should Die Because of Her Gender, Deputy Secretary-General Says at Event to Launch Latin America Regional Anti-Femicide Programme. Henta frå <https://www.un.org/press/en/2018/dsgsm1224.doc.htm>

UN Women (u.å.) Womens Role in Peace and Conflict. Henta 09.11.19 frå <https://www.unwomen.org/en/news/in-focus/women-peace-security/2012>

UN News (2019, 10 oktober). Colombia's Peace process Developments a 'Precious Opportunity' to end Violence for good, says UN Mission head. Henta frå <https://news.un.org/en/story/2019/10/1048981>

Promocion y Solidaria Javeriana (u.å.) Centro promocion y cultura: Quien somos. Henta 02.11.19 <http://promosoljaveriana.blogspot.com/p/c-promocion-y-cultura.html>

Scanteam (2016). *External evaluation of FOKUS programme 1325: Colombia and Sri Lanka «Get women to the table»*. Henta frå <https://www.fokuskvinner.no/publikasjoner/colombia-and-sri-lanka-get-women-to-the-table/>

Semana (2016, 10. februar). Las Victimas Votaron por el Si. *Semana*. Henta frå <https://www.semana.com/nacion/articulo/plebiscito-por-la-paz-victimas-del-conflicto-votaron-por-el-si/496571>

Smith, D. (2005). *Institutional Ethnography, A sociology for people*. (1. utg.). Oxford: AltaMira Press

Språkrådet (u.å.) Empowerment. Henta 09.11. 2019 frå

<https://www.sprakradet.no/svardatabase/sporsmal-og-svar/empowerment/>

Jegerstvedt, K. (2011) Gayatri Chakravorty Spivak. I E. Mortensen, C. Egeland, R. Gressgård, C. Holst, K. Jegerstedt, S. Rosland og K. Sampson (Red). *Kjønnteori*. (s. 187-193).

Dimograf: Gyldendal Norsk forlag AS

West, C. og Zimmerman, D.H (1978). Doing Gender. *Gender and Society*,. 1(2), 125-151.

Henta frå

https://www.gla.ac.uk/0t4/crcees/files/summerschool/readings/WestZimmerman_1987_DoingGender.pdf

Widerberg, K. (Red.). (2015). *I hjertet av velferdsstaten: En invitasjon til institusjonell etnografi*. Latvia, Cappelen Damm AS

Widerberg, K. (2013). Hva Moi vil si. *Norsk litteraturvitenskaplig tidsskrift*, 16(2), 171-173.

Henta frå https://www.idunn.no/file/pdf/61823237/nlvt_2013_02_pdf.pdf

Wiig, H (2018, 5. september) Aktivisme undergravet den colombianske fredsprosessen.

Bistandsaktuelt. Henta frå <https://bistandsaktuelt.no/arkiv-kommentarer/2018/aktivisme-vs-politikk-i-colombia/>

Wiig, H. (2018, 19. september) Joda Fokus, kjønnspråk framprovoserte colombiansk nei til

fredsavtale. *Bistandsaktuelt*. Henta frå <https://bistandsaktuelt.no/arkiv-kommentarer/2018/kjonnsprak-framprovoserte-colombiansk-nei/>

8 Vedlegg

Intervjuguide

Hovudressursen i det etnografiske arbeidet vil vere informantane sine erfaringar. Det paradoksale her er at språket under intervjuet er både ein formidlar av erfaring og samtidig nok som kan stå i vegen for å fange opp denne erfaringa. Sosiologen Smith meine at omgrep kan verta erfaringstomme eller lite forklarande. Viss ein ikkje går inn i omgrep som blir brukt, kan ein bli «institutional captured». Det sosiale vert i denne samanheng forstått som menneske sine aktivitetar koordinert saman med andre. I intervju vert det difor eit fokus på menneske sin «gjøren». Informantane er ekspertane og vert annerkjend som «knowers».

Spørsmål:

1. Korleis kom du til dette senteret?
 - a. Budde du i nærleiken? Viss ikkje, kvifor måtte du flytte hit?
 - i. Kva hadde du med deg?
 - b. Kom du saman med nokon?
 - c. Kva møtte deg i Bogota?
 - d. Var det nokon som fortalte deg om senteret?
2. Korleis lev du eit godt liv? Kva vil du evt. endre på med eige liv?
3. Kan du beskrive din rolle her?
 - a. Kva gjer du her på senteret? Har du nokon oppgåver?
 - b. Kan du beskrive oppgåvene dine nærmare?
 - c. Korleis er ditt arbeid koblet til andre som arbeider på senteret eller utenfor?
4. Kva gjer ein her på senteret?
 - a. Kva aktivitetar deltar du på?
5. Kva går utdanningskursen her ut på?
 - a. Kan du forklare nærmere kva det betyr?
 - b. Korleis bruker du det du har lært?
6. Arbeider du/pleier du å vere saman med nokon når du er her? Kva gjer de saman?
7. Bruker du/de nokon tekster her? Dokumenter: Kven har skreve dei? Kvifor blir evt. slike tekster viktige?
 - a. Korleis brukar de dei?

Etter kvart kjem ein kanskje inn på ein historie dei fortel. Det vil då vere viktig å spørje svært spesifikke spørsmål om handlingar som ein kan ta for gitt. Som til dømes: «kva inneberer det at du deltar i undervisning»? Målet er ikkje å kome fram til informantane sine subjektive meiningar, men å finne ut korleis deira erfaringar kan seie noko om dei institusjonelle praksisane dei deltar i. Spørsmåla skal vere detaljerte og retta mot konkrete aktivitetar og hendingar for å forstå kva arbeidet faktiske inneberer og kva andre personar og posisjonar arbeidet står i relasjon til. Det er også viktig å få eit bilete av kva dei veit og kor dei får kunnskapen sin frå.

Samtykkeskjema

Vil du delta i forskningsprosjektet

Kvinner sine erfaringer med fredsarbeid i Bogota, Colombia

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å forstå kvinner sine erfaringer rundt fredsutdanning og fredsarbeid. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Gjennom dette masterprosjektet vil jeg se på kvinner sine erfaringer med fredsarbeid. Etter at fredsavtalen ble signert i 2016 er det nå flere organisasjoner som arbeider med denne typen utdanning. Formålet med prosjektet er å finne ut hvordan det påvirker deltakeren sitt liv og hvordan organisasjonen fungerer. En foreløpig problemstilling vil vere «hvilken påvirkning har Centro de Promocion y Cultura (CPC) på kvinnene og hvordan fungerer reisen fra offer til fredsbygger?

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Universitetet i Agder er ansvarlig for prosjektet.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Du får spørsmål om å delta fordi du har vist interesse for å delta i prosjektet. Det er rundt 10 personer som blir bedt om å delta.

Hva innebærer det for deg å delta?

Gjennom masterprosjektet vil jeg bruke deltakende observasjon og intervju. Jeg vil være i organisasjonen ved flere anledninger over to måneder. Jeg vil spørre spørsmål om hvor du kommer fra, hvordan du kom til CPC og hva slags arbeid du gjennomfører der i organisasjonen. Jeg vil bruke lydopptaker for å sikre riktig oversetting fra spansk. Intervjuet vil ta deg ca. 1 time.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrevet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Min veilede ved UiA vil ha tilgang til materialet. Navnet ditt vil bli erstattet med et annet navn og vil bli lagret og låst på en hard disk. Deltakerne vil ikke kunne bli gjenkjent i publikasjon.

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttes *1 juni*. *Alle personopplysninger vil da bli slettet.*

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra *Universitetet i Agder* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- *Universitetet i Agder ved Hanne Haaland ved hanne.haaland@uia.no eller Amalie Dalland Senneset ved amaliesen@hotmail.com.*
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personvernombudet@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Hanne Haaland

Amalie Dalland Senneset

Prosjektansvarlig
(Forsker/veileder)

Eventuelt student

Samtykkeerklæring

Samtykke kan innhentes skriftlig (herunder elektronisk) eller muntlig. NB! Du må kunne dokumentere at du har gitt informasjon og innhentet samtykke fra de du registrerer opplysninger om. Vi anbefaler skriftlig informasjon og skriftlig samtykke som en hovedregel.

- *Ved skriftlig samtykke på papir, kan du bruke malen her.*
- *Ved skriftlig samtykke som innhentes elektronisk, må du velge en fremgangsmåte som gjør at du kan dokumentere at du har fått samtykke fra rett person (se veiledning på NSDs nettsider).*
- *Hvis konteksten tilsier at du bør gi muntlig informasjon og innhente muntlig samtykke (f.eks. ved forskning i muntlige kulturer eller blant analfabeter), anbefaler vi at du tar lydopptak av informasjon og samtykke.*

Hvis foreldre/verge samtykker på vegne av barn eller andre uten samtykkekompetanse, må du tilpasse formuleringene. Husk at deltakerens navn må fremgå.

Tilpass avkryssingsboksene etter hva som er aktuelt i ditt prosjekt. Det er mulig å bruke punkter i stedet for avkryssingsbokser. Men hvis du skal behandle særskilte kategorier personopplysninger

og/eller de fire siste punktene er aktuelle, anbefaler vi avkryssingsbokser pga. krav om eksplisitt samtykke.

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet (*sett inn tittel*), og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

.. å delta i *intervju*

.. å delta i *observasjon*

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. (*oppgi tidspunkt*)

(Signert av prosjektdeltaker, dato)